

Masteroppgåve

Fanny Holmsen – Ei fri kvinne?

Ein analyse av Fanny som subjekt i Arne Garborgs roman *Hjå ho mor*, og romanen sett i lys av den historiske samtida.

Eline Alhaug

Master i skriftkultur

2024

Tal ord: 35115



HØGSKULEN
I VOLDA

Samandrag

Dette masterprosjektet tek føre seg ei analyse av korleis Fanny vert danna som subjekt i Arne Garborg sin roman *Hjå ho mor*. Ved å sjå på Fanny sin oppvekst, relasjonar, samfunnsmessige rollar og sosiale kontekst utforskar analysen tema som blant anna sosial urett, religion som verktøy for sosial kontroll og kvinna si rolle i eit tidsprega samfunn. Subjektet sin kamp og forsøk på å verte ei sjølvstendig kvinne i eit patriarkalsk samfunn er eit relevant tema i analysen, og opnar for refleksjonar i høve feministisk litteraturteori.

Romanen, som er utgitt i 1890, kastar lys over dei sosiale og økonomiske ulikskapane som prega Noreg på slutten av 1800-talet, og kan lesast som kritikk mot samtida sin samfunnsstruktur og verdiar. Ved bruk av relevant teori av Simone de Beauvoir og Marianne Hirsch vert Fanny si utvikling og kamp for fridom og sjølvstende drøfta i lys av kvinnerolla i litteratur og samfunn. I analysen av Fanny som subjekt nyttar eg teori knytt til subjekt og identitet presentert av Jonathan Culler i boka *A Literary Theory*. Her vert Fanny som subjekt tolka i høve fire ulike syn på subjektet, som er baserte på teoretiske og litterære tilnærmingar i litteraturteorien. I samband med narratologi som metode, fokuserer analysen på bruken av forteljarrøyst og fokalisering som nyttige verkemiddel for framstillinga av forteljinga.

Oppgåva tek også kort føre seg den historiske konteksten bak romanen i samband med samtida sin moraldebatt i 1880-åra. Dette er gjort for å danne eit heilskapleg bilete av romanen og Fanny sin skjebne, og vil fungere som eit supplement til hovudanalysen av Fanny som subjekt. I høve Fanny sin skjebne i forteljinga, er det interessant å sjå kor vidt denne kan lesast som eit innlegg i samtida sin debatt.

Abstract

This master's project delves into an analysis of how Fanny is shaped as a subject in Arne Garborg's novel *Hjå ho mor*. By delving into Fanny's upbringing, relationships, societal role, and social context, the analysis explores themes such as social injustice, religion as a tool for social control, and the evolving role of women in a contemporary society. Fanny's struggle and endeavors to assert herself as an independent woman in a patriarchal society are pivotal themes, prompting reflections within the realm of feminist literary theory.

Published in 1890, the novel sheds light on the social and economic disparities prevalent in Norway towards the end of the 19th century, serving as a critique of the era's social structure and values. Drawing on pertinent theories by Simone de Beauvoir and Marianne Hirsch, the analysis examines Fanny's growth and her quest for freedom and autonomy within the context of women's roles in literature and society. To understand Fanny as a subject, I employ Jonathan Culler's theories on subjectivity and identity as outlined in *A Literary Theory*. Through this lens, Fanny's subjectivity is explored in relation to four distinct perspectives, rooted in both theoretical and literary frameworks within literary theory. Employing narratology as a method, the analysis highlights the narrative techniques of voice and focalization as effective tools for storytelling.

Furthermore, the project briefly discusses the historical backdrop against which the novel unfolds, particularly the moral debates of the 1880s. This contextualization aims to provide a comprehensive understanding of the novel and Fanny's journey, complementing the primary analysis of Fanny as a subject. Exploring Fanny's fate within the narrative offers intriguing insights into its potential commentary on contemporary societal debates.

Forord

Det var med stor iver og motivasjon at eg tok til på det som skulle verte masteroppgåva mi. Arbeidet med masteroppgåva har vore ein krevjande, men også lærerik prosess. Å fordjupe meg i Fanny og Garborg si verd har til tider vore eit langsamt, men eit utruleg givande prosjekt.

Eg vil rette ei takk til alle som har støtta meg opp gjennom heile prosjektet. Ein ekstra takk til mamma, Kari-Ann, og mi kjære veninne, Alise, som har lese korrektur og som har måtta høyre meg prate om Fanny og kvinneproblematikk i tid og utide.

Det har vore ei lang reise frå start til slutt. Prosjektet har med litt utfordringar, teke mykje lenger tid enn eg hadde sett føre meg. Likevel når eg no sit og skriv føreordet til mi ferdige masteroppgåve, så har tida gått så altfor fort.

Til slutt vil eg takke min fantastiske rettleiar, Anemari Neple. Tusen takk for alle gode råd, tolmod, ei passeleg mengd press og fine samtalar når eg har trengt det. Eg hadde aldri kome i mål utan deg i ryggen!

Det er med stoltheit, men også med vemod at det heile no er over, og at eg leverer frå meg masterprosjektet mitt.

Eline Alhaug

Volda, mai 2024

Innholdsliste

Kapittel 1. Innleiing.....	7
1.1 Problemstilling og innhald	9
Kapittel 2. Mottaking og forskingshistorikk	11
2.1 Mottaking i samtida	11
2.2 Litteraturhistorisk bakgrunn	15
2.3 Forskingslitterær bakgrunn	18
Kapittel 3. Metode og teori.....	22
3.1 Narratologisk metode.....	22
3.1.1 Forteljarrøyst og fokalisering	24
3.2 Teori – Subjekt og identitet.....	27
3.3 Teori – Forholdet mellom mødrer og døtrer	28
3.4 Teori – Kvinna som Den andre	29
Kapittel 4. Samtid og moraldebatt.....	32
4.1 Kvinna tek ordet og debatt i anmarsj	32
4.2 Arne Garborg si stilling i debatten.....	34
4.3 Moraldebatten.....	35
4.4 Moraldebatten sine hovudtendensar i <i>Hjå ho mor</i>	38
Kapittel 5. Danninga av subjektet.....	40
5.1 Oppsedinga og forholdet mellom mor og dotter	40
5.2 Fanny i møte med det religiøse – Påverknad og kjensler	48
5.3 Teateret – Eit scenisk innslag og livet bak teppet	57
5.4 Fanny – Forsøk på frigjering	61
5.5 Fanny og kvinnesaka.....	67
5.6 Fanny sin skjebne	74
Kapittel 6. <i>Hjå ho mor</i> i lys av samtida.....	81

6.1 Refleksjonar over samtida sin påverknad av Fanny og verket.....	81
Kapittel 7. Avslutning.....	85
7.1 Avsluttande drøftingar	85
7.2 Litteraturliste og kjelder.....	91

Kapittel 1. Innleiing

Arne Garborg (1851-1924) var ein mann med eit allsidig talent. Han levde i ei tid der gamle ideal og livsformer etter kvart måtte skugge bana for nye tankar og idear. Han har vorte skildra som mellom alt frå radikal bondestudent, fritenkjar, intellektuell bohem, kranglete målmann, stridslysten skribent og til slutt jærbruar og europear, som Rolv Thesen summerer han opp i biografien sin.¹ Som skribent hadde han stor breidde i sin litterære produksjon, og hadde eit særleg talent for å vere nyskapande. Han gav ut ei mengde essays og artiklar, stilte som føredragshaldar og skreiv innlegg i avisene. Blant anna avisa Fedraheimen, som han sjølv stifta og styrde i fem år (1877-1882).

Den skjønnlitterære delen av forfattarskapet hans tok ei vending då han i 1883 gav ut romanen *Bondestudentar*. Etter romandebuten sin gav han ut ei rekke verk som tematisk stilte seg bak den nye og moderne tida som ein gjekk i møte. Her finn ein verk som *Mannfolk* (1886), *Hjå ho mor* (1890)², *Trætte Mænd* (1891), *Fred* (1892) og diktsamlinga *Haugtussa* (1892). Han skreiv også ei rekke biografisk baserte verk som *Kolbotnbrev* (1890), *Knudaheibrev* (1904) og ei dagbok på seks bind, som vart utgjeven kort tid etter hans død (1924-1927).³ Som Per Thomas Andersen skriv i *Norsk litteraturhistorie* er det knapt noko anna forfattarskap som tydelegare syner striden som føregjekk på slutten av 1880-talet, der «gammel tids religiøse og idealistiske orienteringsgrunnlag» møter «den nye tids moderne tankeform».⁴ Dette er gjerne grunna det store spennet mellom røtene hans i det tradisjonelle bygdenoreg, og den moderne og urbane kulturen som han møtte på reisene sine ute i Europa.

Hjå ho mor – forteljinga

Romanen *Hjå ho mor* vart gitt ut i 1890, og står som eit stødig verk i forfattarskapet til Garborg. Med denne romanen utforskar han komplekse tema som sosial urettferd, religiøse spenningar og individet sin kamp for sjølvrealisering.⁵ Forteljinga tek til då Fanny Holmsen er omlag fire år, og lesaren følgjer ho gjennom barndommen, ungdomstida og fram til ho er ung

¹ Thesen, *Ein diktar*, 101

² I tidlegare publikasjonar av romanen er tittelen skriven slik: *Hjaa ho mor*. Utgåva som eg har arbeida med er ei seinare utgåve frå 2001. I denne utgåva er tittelen skriven som *Hjå ho mor*, og eg vil difor nytte denne versjonen av romanen sin tittel i oppgåva mi.

³ Andersen, *Norsk litteraturhistorie*, 259

⁴ Andersen, *Norsk litteraturhistorie*, 260

⁵ Garborg, *Hjå ho mor*.

vaksen i tjueåra. Ho veks opp åleine med mor si, Margrethe Holmsen. Faren er fråverande etter eit mislukka ekteskap. Skilsmissa til foreldra fører til eit drastisk skifte hjå familien sin sosiale og økonomiske status. Fru Holmsen vert sett ned på, og motarbeidd av samfunnet sine normer og reglar. Dei eldste barna, Tom og Lea, vert sende vekk og må leve hjå faren si elskarinne. Herr Holmsen drikk vekk all rikdomen sin og vert arbeidsledig, før han seinare tek sitt eige liv.

Fanny er oppvaksen i fattigdom, men mora oppdreg ho som eit barn av velstand. Til tross for pengenaud nektar fru Holmsen i stor grad å innsjå kor dårleg stoda er. Ho tener lite som syerske, og lever på lånte midlar og pengebidrag frå kavalerane sine. Fanny går på skule i Kristiansborg, der ho vert veninne med dei rike jentene i klassen. Seinare går ho på allmugeskulen i Kristiania, i klassen for dei «fine» barna. Mora tviheld på tanken om at ho ein gong var av pent folkeslag, og ynskjer at Fanny skal gifte seg godt for atter ein gong heve statusen deira i samfunnet. Til tross for ei stadig lågare inntenkt vil ikkje mora la Fanny arbeide slik som «alle andre jomfruer». Fanny er av pen familiebakgrunn, men veks opp i pengenaud.

Fanny får ikkje noko opplæring i praktisk arbeid, og mora held seg for god til å lære ho opp sjølv. Ho får difor eit vanskeleg møte med vaksenlivet. Frå konfirmasjonsalder må ho sørgje for både seg sjølv og mora. Ho tek arbeid som butikkjomfru, men med lita løn. Fru Holmsen ynskjer å gifte vekk dottera, så dei kan leve eit liv utan pengenaud. Fanny er derimot sta, og sjølv om arbeidet tærer på helsa hennar, vil ho ikkje gifte seg vekk. Det er lite støtte å få for ei ung og ugift kvinne, og Fanny strevar med å halde seg gåande. Om forteljinga si ending er det blant anna skrive: «Ved utgangen av «Hjaa ho mor» er og ein ungdomsdraum brosten, ein tragedie spela til endes».⁶ Forteljinga endar idet Fanny sel seg i ekteskap med «dauden frå Lybekk» for å forsørgje seg og mora.

Forfattaren sitt mål med romanen var å levere ei truverdig framstilling av kvinna sitt liv. Historia er prega av det naturalistiske grunnprinsippet, og syner med det korleis utvikling og skjebne er bestemt på grunn av arv og miljø. Gjennom Fanny sine opplevingar og utfordringar skildrar Garborg ikkje berre ei individuell skjebne, men han kastar også lys over dei sosiale og økonomiske ulikskapane som prega Noreg på slutten av 1800-talet. I tillegg til å vere ei

⁶ Dale, *Arne Garborgs språk og stil*, 119

forteljing om individet sin kamp, er romanen også eit kritisk blikk på samtida sin samfunnsstruktur og verdiar.

1.1 Problemstilling og innhald

Kvinnesyn i litteratur har i mange år vore eit populært tema til fordjuping, og eg visste tidleg at eg ville arbeide med ei analyse av kvinneskikkelsen i romanen. Fanny sine utfordringar og indre kamp verka som eit interessant tema å fordjupe seg i. Ved fyrste augnekast kan ikkje Fanny skildrast som anna enn som eit produkt av si tid. Forståinga bak Fanny som subjekt er ikkje berre interessant, men også til ein viss grad nokså krevjande.

Hovudarbeidet mitt i masteroppgåva er konsentrert kring danninga av Fanny som subjekt. For å forståinga bak denne danninga, ynskjer eg å bringe samtida sin moraldebatt inn i biletet. Det er ikkje min hensikt at samtida si historie skal vere avgjerande for analysen, men heller at den kan fungere som eit supplement. Eg håpar at den kan bidra til å gje ei større forståing av subjektet, og kvifor skjebnen til Fanny endar slik den gjer. Problemstillinga mi er som følgjer: Korleis vert Fanny danna som subjekt?

Prosjektet mitt er fyrst og fremst ei analyse av Fanny som subjekt. Dette utgjer hovuddelen av masteroppgåva mi. For at analysen skal gje eit fruktbart resultat, har eg fyrst danna ei ramme av metode, teori og tidlegare forskning som vil vere nyttige i arbeidet mitt og forståinga av subjektet. I dette innleiande kapittelet gjer eg greie for problemstillinga og oppbygginga av masteroppgåva. Kapittel to tek føre seg romanen si mottaking i samtida, den litteraturhistoriske bakgrunnen og tidlegare forskinga som er utført av romanen. Her gjer eg også greie for kor masteroppgåva mi stiller seg i høve den tidlegare forskinga, og kva arbeidet mitt kan bidra med i forskinga av *Hjå ho mor*.

I kapittel tre tek eg føre meg prosjektet sitt teori- og metodegrunnlag. Her introduserer eg narratologi som analysemetode, og klargjer sentrale narratologiske omgrep som er fruktbare for analysen min. Når det gjeld val av teori til analysen, har eg valt å bruke teori knytta til subjekt og identitet. Her syner eg til Jonathan Culler si forståing av subjektet og hans klassifisering av det. I *The Mother/Daughter Plot* utforskar Marianne Hirsch forholdet mellom mødrer og døtrer i litteraturen, og korleis dette speglar samfunnsmessige og kulturelle normer. Dette kan vere relevant teori i høve forholdet mellom Fanny og fru Holmsen. Vidare

nyttar eg meg av Simone de Beauvoir sine teoriar kring kvinna som Den andre, og kvinna sin posisjon i samfunnet gjennom historia.

Det fjerde kapitlet er via til ein historisk gjennomgang av samtida i høve moraldebatten. Her presenterer eg kort Garborg sin ståstad i debatten og kvinnespørsmålet, kva debatten dreiar seg om og stoda kring den. Målet er at dette kapitlet vil fungere som bakgrunn for vidare refleksjonar av analysen min, og gje ein større forståing av heilskapen bak skapinga av romanen og subjektet. Kapittel fem består av den litterære analysen av Fanny som subjekt. Her vil eg gjere greie for ulike faktorar som er med på å danne subjektet, og hennar kamp og forsøk på å verte ei fri kvinne og sjølvstendig subjekt.

I kapittel seks vil eg i korte trekk dra inn tematikk frå kapittel fire, og sjå kva tendensar frå samtida sin moraldebatt og samfunnstruktur som kan koplast opp til romanen og Fanny. Her er det interessant å sjå på kor vidt Fanny sin skjebne kan lesast som eit innlegg i moraldebatten. I det avsluttande kapitlet vil eg summere opp hovudpunkta frå subjektanalysen av Fanny, og forsøkje å svare på problemstillinga mi.

Kapittel 2. Mottaking og forskingshistorikk

Arne Garborg og forfatterskapet hans har i lang tid vore eit populært emne å fordjupe seg i.⁷ Medan *Hjå ho mor* også er analysert og arbeida med, både i litteraturhistoriske framstillingar og forskingsarbeid, står den likevel fram som den minst kjende romanen frå Garborg sitt Kristiania-univers, og er i mange tilfelle heller kort omtala i forbindelse med anna analysearbeid.⁸ Eg vil gje eit oversyn over korleis *Hjå ho mor* vart motteke i samtida, korleis den har vorte framstilt i litteraturhistoria og kva relevant forskning som tidlegare har vore gjort.

2.1 Mottaking i samtida

Det var blanda kritikk av *Hjå ho mor* både i Noreg og i Danmark. Kritikken frå pressemeldingane var i byrjinga utelukkande positive, og Garborg fekk mykje ros for å skildre samtida si kvinne og menneskeskjebne. For å danne meg eit bilete av romanen si mottaking i samtida, har eg teke føre meg nokre utvalde bokmeldingar frå avis og tidsskrift, samt brevvekslingar frå 1890.

I Bergens tidende står det skrive: «Han har før skrevet om Mandfolk, skrevet bittert og skarpt, stillet deres Liv i det grelleste Lys for at vække sitt Folk – dennegang skriver han om Kvinder, skriver roligt, klart, udtømmende, fint og smukt».⁹ Avisa har mange lovord for den nye romanen til Garborg, og er særleg begeistra for skildringa av Fanny og kvinna: «Nydeligere skildring ejer vaar Litteratur ikke end dette Kvindæportrett. [...] Vi har hørt Kvinder ytre, at her ikke er en Tanke, ikke en Forestilling, ikke en Følelse, der er forkjært».¹⁰

Også Dagbladet rosar Garborg sitt nye verk, og han får positive tilbakemeldinger for si psykologiske evne. Bokmeldinga i Dagbladet er særst positiv til skildringa av menneskeskjebnar og framstillinga av kvinna i romanen:

⁷ Eit søk i Oria viser totalt 78 registrerte studentarbeid og doktoravhandlingar med Arne Garborg som hovudtema. Av desse er heile 28 skrivne berre på 1970-talet.

⁸ Søk i Oria viser åtte registrerte studentoppgåver om *Hjå ho mor*. Fem av desse er frå 1970-talet, to frå 1990-talet og berre ei er skriven etter tusenårsskiftet i 2015. Fem av desse oppgåvene dreiar seg eksklusivt om *Hjå ho mor*; medan resten er komparative studiar.

⁹ Bergens Tidende, 28.03.1890. <https://www.nb.no/items/03ff42d3d5a35ca97b2fe32e61f22810?page=1> Henta 28.05.2023.

¹⁰ Bergens Tidende, 28.03.1890. Henta 28.05.2023.

Denne Bog er skrevet om og for Kvinder, og den maa kunne læses af alle. Den gir en meget sand og fin Psykologi af en ung arbejdende Kvinde, eller rettere arbejdssøgende Kvinde, for egentlig finner hun aldrig noget Arbejde. [...] Af Naturen er hun et Menneske med en stærk Trang til Livsglæde og med et sundt stærkt Legeme, som ogsaa fordrer Liv for sig.¹¹

Denne bokmeldinga er signert av *En Kvinde*, og det kjem tydeleg fram vidare i teksten. Bokmeldaren rosar Garborg for å sette lys på dei problematiske områda i samfunnet og viser si medkjensle for alle kampar som Fanny må gjennom: «Denne Bog præker for mig det Ord, at Kjærlighed er Livets Fylde, men den siger ikke, at Giftermaal for Kvinden er alt, selvstændig og Udvikling intet. [...] Hun faar vor Medfølelse, for vi kjender alle dine Kampe mer eller mindre klart».¹²

Bokmeldingane frå Bergens Tidende og Dagbladet er representative døme på at dei tidlege reaksjonane på Garborg sitt nye verk var positive og han fekk generelt skryt for evna si til å skildre menneskja sine skjebnar. Desse tidlege karakteristikkane står i kontrast til Bjørnstjerne Bjørnson sine krasse meiningar om verket, som han formidlar i brev til Alexander Kielland. Han tykte romanen var keisam og fargelaus. I eit brev til Kielland, datert 01.april 1890, uttrykker Bjørnson si store misnøye over romanen sin «pilleovrenhed og miniaturægning»¹³ og mangel på fantasi. Bjørnson er opprørt over romanen, og skriv vidare:

Men som jeg har læst den, har den kedet mig gyselig, såret mig, gjort mig slet og ond. At sy saman en bok av vort skidne linned, og ænda sætte skidt til av sin egen, gud tilgive svinene deres arbejde i «sanhedens» teneste; jeg tænker, det blir om dette man kan sige at «ingen lyver mere æn dem, der går om og er samme».¹⁴

Nokre dagar seinare (04.april.1890) skriv han: «Om Garborgs bok lit til: Et hysterisk manfolk, som skildrer en hysterisk kvinne kan da ikke gi «kvinnen» d.v.s. gænnemsnittet! [...] Nej, han gir hvad han gir, en halvkauringssjænte, dotter av en doven mor, som ernærer sig tilfældigt, og som sjølv er abnorm hysterisk».¹⁵ Han skriv vidare at sjølve lesinga er ei pine:

¹¹ Dagbladet, 21.03.1890.

<https://www.nb.no/items/66ee7d49eb3867723f00e3285e18d4b4?page=1&searchText=garborg> Henta 28.05.2023.

¹² Dagbladet, 21.03.1890. Henta 18.05.2023.

¹³ Bjørnson, *Breve til Alexander Kielland*, 108

¹⁴ Bjørnson, *Breve til Alexander Kielland*, 108

¹⁵ Bjørnson, *Breve til Alexander Kielland*, 108, 109

- Ellers er der så meget i denne uro, hans sykelige naturs, som gør læsningen til en pine. Aldri en samlede scene, deri mennesket er engang for alle, aldrig rigtig medlevert, som *en digter* lever med; alltid bare kritik, bemærkninger, som med behændighed gives flere slags form, alltid «forfatteren», kritikeren, aldrig digteren.¹⁶

Bjørnson sine krasse og nesten «hysteriske» uttalar av Garborg og *Hjå ho mor* kan mogelegvis unnskyldast, og skuldast i, han og Garborg sitt allereie spente forhold på slutten av 1880-åra. Garborg var skuffa over Bjørnson si stilling i moraldebatten, medan Bjørnson på sin side ikkje var einig i Garborg sine tendensar som bohem.¹⁷

Den 13.april 1890 publiserte Dagbladet ei ny bokmelding av Garborg sitt nye verk, denne gongen med eit meir kritisk og negativt blikk. Denne nye bokmeldinga hevdar, i likskap med Bjørnson, at romanen er fargelaus og Garborg si djupn i detaljane gjer den til ei langsam lesing. Anmeldaren meiner at me aldri ser den kvinna som Garborg vil skildre, me berre høyrer om ho. Dette skuldast ifølgje bokmeldinga mangel på «kunstnerisk konsentrasjon»:

Denne Mangelen på Kunstnerisk Koncentration gjør da ogsaa, at vi aldrig *ser* den Kvinde, Garborg vil skildre. Vi hører kun fortælle *om* hende. Vi faar ikke det Indtryk at Garborg har levet hendes Liv. Han gaar som en aandfuld og dybt interesseret Iagtager ved Siden af, med kritiske Bemærkninger, skarpsindige, ætsende og tildels skjelmske.¹⁸

I avismeldinga vert det påpeika at det er unaturleg å la Fanny tale «klussemaal» langt opp i barneåra, [...] «saaledes lader har Fanny tale «Klussemaal» unaturlig langt op i Barneaarene».¹⁹ Det er kanskje ikkje tilfeldig at dette stod på trykk etter at Bjørnstjerne Bjørnson hadde uttrykt seg om den same saka, «[...] især da den så ofte er rispende gal, som når han lar et femårs barn ikke kunne sige «s»».²⁰ Slik det kjem fram er hovudmangelen ved romanen at Garborg ikkje får fram det livet som han vil skildre i sin heilskap. Til tross for dette var mesteparten av samtida si presse positive ovanfor Garborg sitt nye verk.²¹

¹⁶ Bjørnson, *Breve til Alexander Kielland*, 109

¹⁷ Garborg, *Mogning og manndom. Brev II*, 236, 237. Dette uttrykkjer Garborg i eit brev til Bolette C. Pavels Larsen i 1890.

¹⁸ Dagbladet, 13.04.1890. <https://www.nb.no/items/66ee7d49eb3867723f00e3285e18d4b4?page=1> Henta 15.06.2023.

¹⁹ Dagbladet, 13.04.1890. Henta 15.06.2023.

²⁰ Bjørnson, *Breve til Alexander Kielland*, 108

²¹ Av bokmeldingane som eg har oppdrive har desse tre ein utelukkande positiv respons på Garborg sitt verk: Tunsbergeren, 18.04.1890, Firda, 24.04.1890 og Nordmannen, 22.05.1890. I Nordmannen, 08.05.1890 vart det publisert ein mindre positiv kritikk, signert Kr. O. Norlid. Sjå litteraturliste for link til bokmeldingane.

Seinare det same året vart det publisert ei større behandling av romanen i tidsskriftet *Samtiden*, der Gerard Gran gjev ei utfyllande bokmelding. Han peikar på ein vesentleg forskjell mellom *Hjå ho mor* og *Mannfolk*, der han kallar sistnemnde ein kollektivroman der «det ene billede flygter for det andet i jagende fart, og hele bogen staar igjen i erindringen som en broget, bølgende vrimmel af mennesker [...]».²² I kontrast dreiar *Hjå ho mor* seg «[...] utelukkende om et eneste menneske: det er Fanny Holmsens legems og sjæls historie frå vuggen til graven eller egteskabet med tolderren («vadsækken»)».²³ Garborg hentar mykje ros og begeistring for romanen sin i denne omtalen. Gran er særleg begeistra for Garborg si evne til å vere objektiv i skildringa si og kastar nytt lys over verkelegheita for mange kvinner: «Det nye i Garborgs bog er paa den ene side den store plads, han innrømmer det fysiologiske liv i sin heltindes udviklingshistorie: dernæst er det, at han med Fanny fører os ind i en i vor litteratur hidtil ganske ukjendt verden».²⁴

Litteraturkritikaren Bolette C. Pavels Larsen skriv brev til Arne Garborg der ho nærast takkar han for ei «mesterlig utført bok».²⁵ Ho skriv mellom anna følgjande: «Der var ikke en Side uden at jeg forundrede mig og beundrede, at De kan kjende Kvinnene slig. Men – aldrig havde De kunnet skrive den viss De ikke havde været gift! Det tror jeg. [...] Nok ved jeg og skjønner jeg, at De er en mageløs Psykolog, men alligevel?»²⁶ Larsen treff gjerne spikaren på hovudet i formeiningane sine, då Garborg har sagt at boka aldri ville vorte fullført utan kona hans, Hulda.

Han får skryt for si psykologiske evne, og Larsen er særst begeistra for framstillinga av Fanny: «Gud, hvor man interesserer sig for Fanny! Det er slig, at man kan græde Blod. Hvad jeg allermest beundrer, er Barndommen og Opvæksten; de tre Jentungerne paa «Høytreve» - det er nu saa genialt i sin Sandhed og Naturlighed, at det aldrig glemmes».²⁷ I dei fleste bokmeldingar vert ikkje forholdet mellom mor og dotter minneverdig nemnt som eit kjærleg forhold, men Larsen har merka seg ved ei hending:

Og saa er der en bitte liden Stund, som aldrig gaar mig af Minde: Den Kvelden, Fanny og Moren lægger sig, efterat ho Mor har været bortreist og Solum har været der, da

²² Gran, *Arne Garborgs: «Hjaa ho mor»*, 276

²³ Gran, *Arne Garborgs: «Hjaa ho mor»*, 276

²⁴ Gran, *Arne Garborgs: «Hjaa ho mor»*, 276, 277

²⁵ Gjengjeve i Garborg 1954b: Garborg, *Mogning og manndom. Brev II*, 448

²⁶ Gjengjeve i Garborg 1954b: Garborg, *Mogning og manndom. Brev II*, 448,

²⁷ Garborg, *Mogning og manndom. Brev II*, 448

Fanny smyger seg ind til ho Mor og kjæler og snakker. Gud, det er saa genialt – det er Shakespearesk!²⁸

Det er særleg menneskeskildringane som Larsen er oppteken av, men ho rosar også den sosiale bakgrunnen som Garborg har skildra: «[...] de Samfundsbrøst, De har peget paa og vist frem, de er naturligvis alle fortræffeligt anskueliggjort. Men det ved vi jo, i Sproget er De Mesteren over alle Mestrer.»²⁹

Larsen sin respons og den fyrste bokmeldinga i Dagbladet, signert av *En Kvinde*, er kanskje ikkje representativ for den allmenne kvinnelege lesaren, likevel er det verdt og merke seg at fleire kvinnelege lesarar i samtida var begeistra for romanen. Ein kan merkje seg at all negativ omtale av romanen er skriven av mannlege kritikarar. Slik sett kan ein gjerne undrast om romanen i det heile teke var meint å fengje dei mannlege lesarane. Sannsynlegvis er romanen, med handteringa si av ulikskapar mellom kjønna og skildringa av kvinna sitt liv innanfrå, meir tiltalande for kvinner enn for menn.

2.2 Litteraturhistorisk bakgrunn

Samanlikna med kritikk og pressemeldingar av verket i 1890 har den etter dette fått mindre merksemd. Henrik Jæger skriv kort i sin litteraturhistorie frå 1896 at han finn forteljinga langsam:

Jeg for min part kan imidlertid ikke frigjøre mig fra det indtryk, at fortællingen lider en smule af en feil, som ikke saa sjeldan forekommer i slige naturalistiske romaner: den er en smule langtrukken; man bliver i længden lidt træt af disse livsbilleder fra hvidevareforretninger, bagerbutikker o.s.v. -³⁰

I sin korte omtale avsluttar han med denne uttalen om Fanny: «[...] verken heltinden eller hendes skjebne formaar helt ud at fængsle interessen».³¹ I *Illustrert norsk litteraturhistorie* frå 1924 er Kristian Elster om mogeleg enda mindre nådig enn sin forgjengar. Han hevdar at både *Mannfolk* og *Hjå ho mor* er Garborg sine svakaste arbeid, og omtalar dei som «[...] grå, trettende og kjedelige».³² Han meiner at begge bøkene er tidsbestemte, og «[...] det i den grad

²⁸ Garborg, *Mogning og manndom. Brev II*, 449

²⁹ Garborg, *Mogning og manndom. Brev II*, 449

³⁰ Jæger, *Illustrert norsk litteraturhistorie*, 890

³¹ Jæger, *Illustrert norsk litteraturhistorie*, 890

³² Elster, *Illustrert norsk litteraturhistorie*, 2.utgåve, 9

at de er gått under med sin tid».³³ Avslutningsvis konkluderer Elster med at som bidrag i samtida sin moraldebatt har romanane stor verknad, men som «[...] kunst er de ødelagt av alt for megen teori».³⁴ Han legg til at dette særleg går utover *Hjå ho mor* som er «trættende ensformig, graa og likegyldig, nøiagtig og uinteressant i menneskeskildringen».³⁵

I 1991 gjev Edvard Beyer i si *Norges litteraturhistorie* eit handlingsreferat om Fanny og mor hennar. Der skildrar han romanen som «Garborgs mest naturalistiske roman, den mest deterministiske og den mest objektive – for så vidt som forfattaren har gjort seg mest «usynlig»». ³⁶ Beyer peikar på skildringane og synspunktet som er prega av Fanny sine reaksjonar. I motsetnad til Bjørnstjerne Bjørnson sin kritikk av Fanny sitt «klussemål», meiner Beyer at «[o]rd og bilder uttrykker barnets eller ung pikens måte å sanse og reagere på; setningsbygningen, ja tegnsetningen – som ofte strir mot grammatikken – speiler de fineste nyanser i opplevelse, følelse og tanke».³⁷

Denne omtalen er med andre ord av ein annan sort enn dei tidlegaste og fyrste omtalane av *Hjå ho mor* i litteraturhistoria. Det har passert nesten eit hundreår mellom Jæger sin negative kritikk, og Beyer sin ros over Garborg sine skildringar. Dette viser korleis den litteraturhistoriske tilnærminga til romanen har endra seg over tid. Beyer avsluttar omtalen sin med å kalle verket for eit pionerarbeid: «Og denne medlevende, dypt lojale fremstilling av kvinnelig sjeleliv frå barn til voksen gjør romanen til et pionerarbeid og et hovedverk i «kvinnelitteraturen», enda den – utrolig nok – er skrevet av en mann».³⁸

I meir nyare litteraturhistorie frå 2011 skriv Per Thomas Andersen eit kort innlegg om *Hjå ho mor* i omtalen sin av *Mannfolk* og *Trætte Mænd*. Der Andersen sine forgjengarar har vore anten tydeleg negative eller positive i omtalen sin, går han meir objektivt til verks. Han skriv kort og konsist at det fyrst og fremst er valet av synsvinkel som gjer at romanen skil seg ut. Romanen er omtala meir eller mindre som eit eksperiment for Garborg, der han får «forsøke» seg på kvinneskildringar: «Forsøket går ut på at Garborg som mann skildrer et kvinnesinn innenfra og belyser mange av de samme problemstillingene som han tok opp i *Mannfolk* (og

³³ Elster, *Illustrert norsk litteraturhistorie*, 2.utgåve, 26

³⁴ Elster, *Illustrert norsk litteraturhistorie*, 558

³⁵ Elster, *Illustrert norsk litteraturhistorie*, 558

³⁶ Beyer, *Norges litteraturhistorie*, 525

³⁷ Beyer, *Norges litteraturhistorie*, 525

³⁸ Beyer, *Norges litteraturhistorie*, 525

Trætte Mænd senere), men nå frå et kvinnesynspunkt». ³⁹ Vidare skriv han kort om sjanger og tematikk i romanen:

Genremessig er *Hjaa ho mor* en dannelsesroman. Tematisk er den et motstykke til *Mannfolk*. [...] Konkret dreier det seg blant annet om fattigdom, sult og bolignød. Men romanen belyser også kjærlighetens vilkår konflikten mello en avseskualisert riddermytologi og et sexistisk handelsmarked. ⁴⁰

Tidlegare tekstar i litteraturhistoria er prega av forfattarane sine personlege synspunkt og opplevingar av romanen, medan Andersen i kontrast verkar nesten klinisk i arbeidet sitt. I den seinaste litteraturhistoriske framstillinga finn ein Jan Inge Sørbo si *Nynorsk litteraturhistorie* frå 2018. Sørbo har i boka si dette å seie:

Bondestudentar, Mannfolk og Hjaa ho mor (1890) er Garborgs realistiske eller naturalistiske bøker, som gjev nærgåande sosiale skildringar av livet i samtida, med ein utopisk undertone: Livet kunne vore så mykje betre. Med *Hjaa ho mor* viser Garborg også stor innsikt i korleis kvinner blir sosialiserte inn i destruktive roller. ⁴¹

Ein kan peike på eit skilje mellom dei ulike omtalane av verket gjennom litteraturhistoria. Til tross for mykje positiv omtale i samtida, var ikkje litteraturkritikarane på byrjinga av nittenhundretallet like milde i sin dom. Dette kan også ha ein samanheng med at romanen kom litt i skuggen ved utgivinga av *Kolbotnbrev* i bokform seinare i 1890. *Hjå ho mor* vart Garborg sin siste naturalistiske roman av denne tyngda. Då *Kolbotnbrev* vart gitt ut hadde han allereie meir eller mindre gått vekk frå dei grå naturskildringane. Ein kan gjerne seie at tida var gått ut av naturalismen, og Garborg hadde med denne ny-utgivinga vore med på å endre den litterære utsjånaden for 1890-åra. Eg vil tru at dette spelar ei rolle i korleis *Hjå ho mor* har tålt tidens tann, at den rett og slett har vorte gløymt vekk mellom andre store verk og historiske hendingar. Til tross for dette har romanen likevel vorte nemnd, om gjerne kort, gjennom heile litteraturhistoria. Det er kanskje ikkje Garborg sitt mest kjende verk, men det kan sjå ut til at *Hjå ho mor* har gjort stort nok inntrykk til å fortene plassen sin blant den klassiske litteraturen.

³⁹ Andersen, *Norsk litteraturhistorie*, 264

⁴⁰ Andersen, *Norsk litteraturhistorie*, 264

⁴¹ Sørbo, *Nynorsk litteraturhistorie*, 62

2.3 Forskingslitterær bakgrunn

I føreordet til hovudoppgåva si frå 1971 skriv Pål Glad: «Det har undret meg at denne romanen har vært viet så påfallende liten interesse, og denne undring slo i forbauselse da jeg begynte å studere «Hjaa ho mor» nærmere.»⁴² Analysearbeidet og resepsjonsstudien til Glad hadde som mål å «[...] kaste nytt lys over en så stor roman av Arne Garborg, som er såpass interessant at den fortjener en langt bedre skjebne enn å forbli ulest i vår tid».⁴³

Arbeidet hans er i fyrste omgang bygd opp i tre delar, naturalismen som eit litterært omgrep, mottaking i samtida og Garborg sitt arbeid med boka. Glad gjev forfattaren eit eige kapittel om arbeidet hans med boka, i tru om at framstillinga av diktaren sin kamp med verket sitt kan kaste lys over sentrale sider ved romanen. Saman dannar dette utgangspunktet for framstillinga hans av verket. Vidare fell behandlinga av verket i to sentrale delar, *Hjå ho mor* som ein naturalistisk mønsterroman og som ein roman med romantiske innslag. Glad meiner at «med disse nye synspunkter på romanen, blir lesingen av den både langt rikere og mer spennende».⁴⁴ Han seier seg ueinig med Kristian Elster sin påstand i *Illustrert norsk litteraturhistorie* om at *Hjå ho mor* er einsformig, grå og langt meir uinteressant i menneskeskildringa enn kva *Mannfolk* er.⁴⁵ Han påpeiker at det er «[...] først og fremst på grunn av menneskeskildringen romanen fortjener en bedre skjebne enn å bli slått vrak på som et tidbundet uttrykk for en litterær moteretning».⁴⁶ Eg vil her seie meg einig med Glad. Slik eg ser det er menneskeskildringa i romanen meir djuptgåande, nettopp fordi Garborg her konsentrerer seg om skildringa av eit enkelt menneske.

I *En drøfting av kvinneproblemer i Arne Garborgs: Hjaa ho mor (1973)* skriv Berit Oppegaard om romanen i lys av det 19. hundreåret si haldning til kvinnespørsmålet, og Garborg sine meiningar om dette. Studiane hennar syner dei ulike sidene som kvinner er bunde til på grunn av kjønnet deira sin låge stilling i samfunnssystemet. Arbeidet omhandlar Fanny frå barn til vaksen, og hennar ytre og indre utvikling. Oppegaard stiller spørsmål ved kva er egentleg ei kvinne? Ho legg vekt på kvinna som den undertrykte i samfunnet, og hennar manglande grunnleggande rettar. Oppegaard konkluderer med at hovudproblemet i

⁴² Glad, *Arne Garborg: «Hjaa ho mor»*, 4

⁴³ Glad, *Arne Garborg: «Hjaa ho mor»*, 6

⁴⁴ Glad, *Arne Garborg: «Hjaa ho mor»*, 6

⁴⁵ Elster, *Illustrert norsk litteraturhistorie*, 558

⁴⁶ Glad, *Arne Garborg: «Hjaa ho mor»*, 68

romanen er «det velsignede Kjærlighedsspørsmål».⁴⁷ Samstundes som den er ein sosial og psykologisk roman med ein sosial tendens i individet sin kamp for å verte eit sjølvstendig menneskje, med rett til å velje sin eigen veg på tvers av makthavarane sin kapitaldominans. Det vert peika på likskapar mellom arbeidarklassen sin kamp mot sosial nedvurdering og økonomisk undertrykkelse, og kvinnene sin kamp mot avhengigheita av det motsette kjønn. «I «Hjaa ho mor» finner vi en idealistisk holdning i kjærligheten til det gode, det positive, men pessimismen viser at denne kjærligheten er håpløs. Likevel aner vi som verkets syntese en tro på mennesket sett i framtidsperspektiv; framtiden vil muliggjøre det moralske, frie handlingsmennesket», konkluderer Oppegaard.⁴⁸

Hjaa ho mor vert dratt inn i nyare tider der Reidun Seljeskog gjer ei kort samanlikning av romanen sin tematikk, med Dag Solstad sin roman, *25. september-plassen*. I følgje Seljeskog gjer både Solstad og Garborg seg sjølve til talsmenn for ekteskapet som ei foreining av to likeverdige partnarar. Begge ser det slik at økonomisk fridom er ein føresetnad for åndeleg fridom, ettersom kvinna ikkje føler seg likestilt med mannen når ho er økonomisk avhengig av han og underlegen.

Seljeskog skriv at «[d]enne oppgaven er således et forsøk på å besvare spørsmålet: hvorfor kan det ikke «ende anderledes end med Fortvilelse og- Konveriensægteskab» for Fannys vedkommende?».⁴⁹ For å svare på dette har Seljeskog fokusert analysen sin mot Fanny si oppseding. Innleiingsvis spør ho kor vidt ein kan samanlikne Fanny med ei jente i dag (1970-talet)? Eg seier meg einig med Seljeskog at Fanny til ein viss grad kan tolkast som ei moderne jente. Dersom ein legg vekk samfunnsnormer og ideal, og legg hovudvekta på det psykologiske aspektet, kan Fanny lesast som ei ung jente frå det 19. hundreåret.

Egil Solheim skriv dette i hovudfagsoppgåva si frå 1972:

Same kva ein legg mest vekt på, på møter ein meir eller mindre tydeleg gjennom heile diktarverda ein ide, eit tema. Gjennom det konkrete handlingsstoffet har Garborg gjort levande dette temaet: mennesket med sine behov og lyster i konflikt med dei band og restriksjoner samfunnet set.⁵⁰

⁴⁷ Oppegaard, *En drøfting av kvinneproblemer i Arne Garborgs: «Hjaa ho mor»*, 50

⁴⁸ Oppegaard, *En drøfting av kvinneproblemer i Arne Garborgs: «Hjaa ho mor»*, 51

⁴⁹ Seljeskog, *Arne Garborgs Hjaa ho mor*, 11

⁵⁰ Solheim, *Arne Garborg: Hjaa ho mor*, 4-5

Solheim fokuserer i større grad på det narratologiske i arbeidet sitt med *Hjå ho mor*. Han undersøker korleis forteljaren formidlar den fiktive verda, hans plass i romanen og kva synsvinkel han fortel frå. Han ser på korleis romanen er bygd opp, og i kor stor grad den kan karakteriserast som eit naturalistisk verk.

Hjå ho mor, som i forskingslitteraturen hadde vore i dvale sidan publiseringa i 1890, vart no eit emne av interesse på 1970-talet. Det er kanskje ikkje heilt tilfeldig med tanke på *Hjå ho mor* sin tematikk og bakgrunn. 1960- og 70- talet var tiåra for kvinnerørsla og likestillingsforkjemperane. Frå tidleg i 1960-åra auka talet på kvinner i lønna arbeid og i utdanning, og tanken om likestilling hadde eit godt fotfeste i samfunnet. Mot byrjinga av 70-talet var det ikkje lenger eit kontroversielt tema, og likestillingssamfunnet hadde opne dører. Unge kvinner vaks opp i trua om arbeidsmogelegheiter og likestilling, men det var nesten som ein illusjon. Dei som ynskte å kombinere barn og familie med ein jobb som kunne gje økonomisk sjølvstende, møtte på nesten uoverkommelege problem. Mange skaffa seg ei god utdanning, berre for å oppdage at dei gjekk til ein jobb med låg løn og status, samstundes som dei måtte hanskast med husarbeidet heime. Realiteten var hard, men desse åra danna grunnlaget for den likestillinga som me no har om lag 60 år seinare. Her kan ein finne utvikling og samfunnstendensar som ein kan spore tilbake til 1880-åra sin moraldebatt og kvinnekamp. Garborg og *Hjå ho mor* vart dermed aktuell atter ein gong.

I forskingslitteraturen kan det sjå ut til at *Hjå ho mor* hadde si stordomstid på 1970-talet. Ein tendens som går igjen er naturalismen som verkemiddel, og kor vidt romanen er eit naturalistisk verk. Det er ein generell einigheit i all forskinga at naturalismen spelar ei viktig rolle i romanen, men kor vidt Fanny er eit direkte produkt av den er mindre diskutert. Der Glad og Solheim har ei meir generell historisk og narratologisk tilnærming til romanen, dreg Oppegaard og Seljeskog romanen inn i nyare tider. Sistnemnde legg fokus på kvinna og kvinnelivet i romanen, og er kanskje dei som hittil har skrive dei mest utfyllande studiane på *Hjå ho mor* reint tematisk.⁵¹

Målet med masteroppgåva mi er at den ikkje skal overlappe med den tidlegare forskingslitteraturen, men at den skal kunne lesast som ei forlenging av den. Då det tidlegare er utført grundige studiar av *Hjå ho mor* i ein narratologisk- og naturalistisk tilnærming har eg

⁵¹ I 2015 publiserte Åslaug Timenes Bell masteroppgåva si, «Er Mama og Mor den same?». Dette er ei rein språkleg avhandling, som tek føre seg ei språkleg samanlikning av *Hjå ho mor* på dansk, nynorsk og bokmål. Som det nyaste tilskotet i forskinga på romanen fortener den å verte nemnt, men ettersom arbeidet mitt dreiar seg om ei litterær og tematisk analyse av subjektet har eg valt å ikkje gjere vidare greie for denne forskinga.

valt å ikkje gjere dette til ein prioritet i mi oppgåve. Romanen er eit naturalistisk verk, og det vil vere naturleg å trekke linjer til dette somme stadar. Samstundes har eg valt meg ut nokre få narratologiske grep som eg ser på som fruktbare for arbeidet mitt, mot å utføre ei rein narratologisk analyse. Tematisk vil innhalda alltid ha nokre felles trekk, men der det tidlegare er utført meir vidstrakte tematiske drøftingar kring kvinnelivet i romanen, vil fokuset mitt vere på subjektet. Eg vil kaste lys over Fanny som subjekt og skapinga av ho. Utan å vektlegge den historiske konteksten for mykje i arbeidet mitt, vil eg kort gjere greie for romanen sine tendensar i lys av den historiske samtida. Dette vil eg gjere for å skape ei breiare forståing for danninga av romanen og Fanny som subjekt.

Kapittel 3. Metode og teori

Før eg tek til på analysen av Fanny som subjekt er det viktig å gjere greie for terminologien og metoden som eg vil nytte meg av. I oppgåva mi vil eg utføre ei nærlesing av romanen, med hovudfokus på ei subjektanalyse av romanen sin hovudperson. I høve dette vil eg nytte meg av Gerard Genette sin *Narrative Discourse*, samt Petter Aaslestad si bok, *Narratologi*, for å gjere greie for relevante narratologiske grep for arbeidet mitt. Etter å ha etablert den narratologiske tilnærminga, vil eg ta føre meg teori av Jonathan Culler som undersøker korleis subjektet vert forma og framstilt i litteraturen. Dette er lønsamt for å forstå kva type subjekt Fanny representerer i lys av ulike teoretiske perspektiv.

Deretter vil eg syne til Marianne Hirsch sin teori om det komplekse forholdet mellom mor og dotter i litteratære og kulturelle samanhengar. Rammeverket hennar kan vere med å gje innsikt i dynamikken mellom Fanny og fru Holmsen, og korleis dette forholdet er med på å påverke danninga av Fanny sin identitet. Til slutt vil eg sjå på Simone de Beauvoir sitt konsept om kvinna som *Den andre*, som ho presenterer i verket sitt *Det annet kjønn*. Det kan vere interessant å sjå korleis dette kan reflekterast i romanen og hjå Fanny. Dette er fruktbar teori i høve Fanny si utvikling som kvinne i eit patriarkalsk samfunn, og kvinna sin status som *Den andre*.

3.1 Narratologisk metode

Narratologisk skil *Hjå ho mor* seg ut frå dei andre Kristiania-romanane på grunn av sin kvinnelege synsvinkel, noko som ikkje berre var uvanleg for Garborg, men for menn generelt på 1800-talet.⁵² Samstundes kan ein peike på skiftet som forteljaren gjer i synsvinkel mellom Fru Holmsen og Fanny, til tross for at Fanny er romanen sin gitte hovudperson. Skiftet i synsvinkel mellom dei to karakterane gjev oss eit større innblikk i romanen sin tematikk, sett gjennom auga til to generasjonar.

Å utføre ei narratologisk analyse vil seie at det er sjølve teksten som er det fremste analyseobjektet. Petter Aaslestad definerer narratologi som «[...] læren om fortellende

⁵² Romanane *Bondestudentar* (1883), *Mannfolk* (1886), *Hjå ho mor* (1890) og *Trøtte mænd* (1891) er omtala som Kristiania-romanane. Delar av romanane sin handling føregår i same tidsrom og i same miljø. Fleire fiktive personar går igjen i dei ulike romanane.

teksters struktur».⁵³ For at ein skal kunne seie noko om forholdet mellom det litterære språket og tematikken, er det difor naudsynt å forstå korleis det litterære språket er strukturert. Opphavet til narratologien finn ein i den franske strukturalismen på slutten av 1960-talet, og dreiar seg om korleis forteljande tekstar er strukturerte.⁵⁴

I oppgåva vil eg nytte meg av Gérard Genette sin *Narrative Discourse. An Essay in Method* frå 1980. I introduksjonen sin gjer Genette greie for omgrepa narrativ/forteljing (narrative), historie (story) og narrasjon (narrating). Han skildrar desse omgrepa som tre viktige nivå i forteljande tekstar. I boka si skriv han at han nyttar:

[...] the word story for the signified or narrative content [...] the word narrative for the signifier, statement, discourse or narrative text itself, and to use the word narrating for the producing narrative action and, by extension, the whole of the real or fictional situation in which that action takes place.⁵⁵

Skiljet mellom dei tre omgrepa, og nivåa deira, dannar grunnlaget for all narrativ tekstanalyse. Ifølgje Genette er den narrative diskursen det fremste analyseobjektet, «of the tree levels we have just sorted out, the level of narrative discourse is the only one directly available to textual analysis, which is itself the only instrument of examination at our disposal in the field of literary narrative, and particularly fictional narrative».⁵⁶

På grunn av temaet og problemstillinga mi har eg i den narratologiske delen valt å vektlegge fokaliseringa og forteljarrøysta. Narratologisk vil desse to områda vere mest fruktbare i analysen min ettersom eg ynskjer å sjå nærare på korleis subjektet vert danna og framstilt i romanen. Det vil seie at eg med dette vil sjå på forholdet mellom kven som talar og kven som ser, og korleis narratologiske verkemiddel kan bidra til å fremje romanen sin tematikk og subjektet sjølv.

Genette var oppteken av at det er eit visst skilje mellom forteljar og person, og meinte at det var for krevjande å skilje mellom spørsmåla «who is the character whose point of view orients the narrative perspective and [...] who is the narrator?»⁵⁷ Det gamle *point of view* vart erstatta med Genette sitt omgrep *fokalisering*, og har med synsvinkel å gjere. Dersom ein

⁵³ Aaslestad, *Narratologi*, 7

⁵⁴ Aaslestad, *Narratologi*, 10-11

⁵⁵ Genette, *Narrative discourse*, 27

⁵⁶ Genette, *Narrative discourse*, 27

⁵⁷ Genette, *Narrative discourse*, 10

historie vert fortald frå ein spesiell person sin synsvinkel, vil ein kanskje også anta at dette er forteljaren i historia. Spørsmålet er då kven si stemme det er som talar i teksten?

Genette sitt fokaliseringsomgrep skal bidra til å danne eit prinsipielt skilje mellom *kven som talar* og *kven som ser*. Vidare skil ein mellom intern og ekstern fokalisering, «*internal focalization* the narrative is focused through the consciousness of a character, whereas *external focalization* is something altogether different: the narrative is focused *on* a character, not through him.»⁵⁸ I *Hjå ho mor* er fokaliseringen intern og skiftar mellom to personar, Fru Holmsen og Fanny. Dette skiftet i fokalisering gjer at lesaren får eit enda større innblikk i romanen sin tematikk, og innsikt i ulikskapane mellom mor og dotter. Samstundes er forteljarøysta ekstradiegetisk, som vil seie at forteljaren står utanfor historia. I moderne fortelle teori reknar ein forteljaren og forfattaren som to separate relasjonar.

Ved forteljarøysta, historia sin talar, skil Genette mellom tre grunnformer som han kallar *fortald*, *gjengitt* og *overført* diskurs.⁵⁹ Ved fortald diskurs talar forteljaren om personen sitt indre, gjengitt diskurs vil seie at personen sjølv tek ordet og ved overført diskurs vert dei fiktive personane sitt språk gjenteke ved hjelp av forteljarøysta.⁶⁰

3.1.1 Forteljarøyst og fokalisering

I denne analysen ser eg på forteljarøyst og fokaliseringa som dei mest fruktbare narratologiske verkemiddela for romanen. Som Petter Aaslestad skriv kan det vere vanskeleg å skilje mellom kven som ser og kven som talar.⁶¹ Det som vert *sett*, vert også formidla gjennom språket. Slik sett vil fokaliseringsinstansen vere underlagt forteljarøysta. Det eg vil sjå på i dette delkapittelet er kven som *ser* og kven som *tal*ar i romanen, og korleis dette er med på å påverke tematikken og vår lesing av subjektet i romanen.

Romanen har ekstradiegetisk forteljar, og både intern og variabel fokalisering. Historia vert formidla gjennom eit anonym tredje-personsperspektiv som står utanfor historia.

Forteljarøysta fell ikkje saman med personstemmene, slik det kan gjere i eit fyrstepersonsperspektiv. «[F]remstillingen av de fiktive personene finner sted enten ved at (1) fortelleren forteller *om* personene, eller ved at (2) personene selv direkte formidler sine ord og

⁵⁸ Genette, *Narrative discourse*, 10-11

⁵⁹ Aaslestad, *Narratologi*, 103

⁶⁰ Aaslestad, *Narratologi*, 103

⁶¹ Aaslestad, *Narratologi*, 83

tanker», skriv Aaslestad.⁶² I *Hjå ho mor* er det den autorale forteljaren som driv historia, men med innslag av dei fiktive personane si eiga formidling av ord og tankar.

Ved å nytte ekstradiegetisk forteljar og variabel fokalisering får Garborg fram ein forteljar som ikkje alltid har dei same verdisyna som dei fiktive personane. Forteljaren observerer og attfortel handlinga, men han er ikkje samansmelta med den fiktive personen sine tankar og verdiar. Han har ein kritisk distanse til det som vert fortalt, og på denne måten er ekstradiegetisk forteljar eit velvalt grep for å få fram sjølv handlinga. Den vekslende fokaliseringa er også ein måte å få fram at forteljaren ikkje alltid er einig i korleis handlinga utspelar seg. Korleis bidreg då desse verkemiddela til å framstille romanen sin hovudperson? Problemstillinga mi stiller spørsmål ved korleis Fanny vert danna som subjekt, og eg meiner at desse narratologiske verkemiddela vil bidra til å gje eit større innblikk i romanen sin tematikk.

Sjølv om Fanny er romanen sin gjevne hovudperson tek historia til med mora som sansingssenter: «Fru Holmsen visste at sjølv fekk ho ikkje sova kor som det var. Ho var uppe ender og då lagde ein vedpinne i omnen; elles låg ho og småfraus og tenkte. Ho kom til det, at born skulde inging hava: inging som ikkje var rik... og ingin som var rik heller».⁶³ Omtrent ein tredjedel inn i romanen får ein innslag av variabel fokalisering, der fokaliseringssinnstansen skiftar frå fru Holmsen til Fanny. Eit relevant spørsmål er kva effekt dette skiftet i synsvinkel har? I romanen vert lesaren for fyrste gong introdusert for Fanny gjennom mora sitt blikk, og ein får mykje informasjon om korleis ho oppfattar dottera. Dette er interessant i høve fokaliseringa, då ein kan observere korleis Fanny vert omtala av fru Holmsen når synsvinkelen ligg hjå ho.

Dette gjev ein klar effekt i lesaren si oppfatning av Fanny, samt framstillinga av ho. Ein vert merksam på at Fanny vert omtala og framstilt som eit vanskeleg barn. Mora slit med å få endane til å møtast og skriv til broren sin i Kristiania, og ber om at ho og Fanny må få bu hjå han og kona slik at ho kan gå i lære til å verte sydame. Allereie her får ein inntrykk av korleis mora og andre karakterar oppfattar Fanny. Mora får avslag då broren meiner at det er for mykje jobb å ha Fanny buande hjå dei: «Og Fanny var vel ikkje nett so stillfarande av seg no

⁶² Aaslestad, *Narratologi*, 102

⁶³ Garborg, *Narrative discourse*, 30

for tidi, kunde han tenkje. Men det måtte vera råd med å få Fanny inn einkvar annan stad for den korti tidi, meinte Nils; og um so var, so kunde fru Holmsen koma når ho vilde».⁶⁴

Fru Holmsen hadde klamra seg fast i håp om å få seg utdanning som sydame, då hadde dei vore redda økonomisk. Men med ei lita jente på slep er det ikkje mogeleg: «-Ja, sjølvsagt måtte det vera noko i vegen! Dette svaret var i røyndi jamgodt med nei. Kor skulde ein gjera av Fanny, so brysam og leid som ho no var?»⁶⁵ Ein får eit sterkt inntrykk av at Fanny held mora tilbake, og at ho er til bryderi for folk flest og er skuld i at mora ikkje kan reise til hovudstaden. Med dette er stemninga sett, og Fanny blir frå denne stund svært ofte sett på som eit bryderi som mora må sørge for. Reisa til Kristiania vert utsett eit år fram til fru Holmsen kan få plassert Fanny vekk ei stund. I løpet av dette året vert mora både fysisk og psykisk dårleg. Ho lir av hovudverk og angst. Å sitte fast i eit bondestrøk utan mogelegheiter gjer at ho utviklar depresjon, og i sin fortvilelse rettar ho skulda mot Fanny. Då ho året etter får plassert Fanny hjå ei jomfru Henriksen, saman med syskena sine, kan ho endeleg ta turen til Kristiania. Margrethe Holmsen vert som ei ny dame idet ho kjem til byen. Ho føler seg frisk, og nyt tilværelsen som «ung» dame i storbyen:

Fru Holmsen sjølv fekk det godt nok: og so hadde ho lykka med seg og kom inn hjå systrane Mehlum i Prinsens gate. Systreane Mehlums sy-etablissement gjaldt for eit av dei beste i byen. [...] Og slik som byen vaks! Ho gjekk og gledde seg som upp-i eit eventyr. Best som ho var heime i sin eigin by, der ho kjende var gatestein og kvart søyledy, stod ho framand og fortryllt i nye gatur som ho aldri hadde set fyrr. Sjølve grunnen var umsnudd; høgdir var burtkomne og dokkir fyllte.⁶⁶

Både den fysiske og mentale helsa til fru Holmsen kom seg når ho fekk vere aleine i storbyen, utan å måtte bekymre seg for borna sine. Dette gjev eit innblikk av kor belastande rolla hennar som mor er, og er vidare med på å stadfeste Fanny som ei årsak for mora sin ulukkelege tilværelse.

Vekslinga i fokaliseringsinstansen har blant anna som effekt at ein vert kjend med verda gjennom fru Holmsen sitt ståstad i samfunnet, og hennar syn på korleis ting skal gå føre seg. Ved å byrje historia med mora som sansingssenter legg synspunktet og meiningane hennar

⁶⁴ Garborg, *Hjå ho mor*, 16

⁶⁵ Garborg, *Hjå ho mor*, 16

⁶⁶ Garborg, *Hjå ho mor*, 24, 25

grunnlaget som lesaren møter i den fiktive verda. Samstundes gjev dette volum og tyngde til det realistiske ved at ein får sjå samfunnet frå fleire vinklar.

Ved å nytte verkemiddel for veksling i fokaliseringa, og ved å introdusere Fru Holmsen som sansingssenter før Fanny, får ein mogelegvis eit meir «dystert», men samstundes realistisk syn på dåtida sitt samfunn. Som den eldre generasjonen av dei to hovudpersonane i historia, er det Fru Holmsen som har størst livserfaring og som kanskje fremjar det mest realistiske synet på verda. Vile ein ha fått det same fyrsteintrykket av samfunnet og realiteten som den vetle familien står ovanfor dersom fokaliseringa hadde vore hjå Fanny frå start til slutt? Det faktum at Fanny er eit barn i byrjinga av historia tilseier at det er urealistisk. Sjølv i vaksen alder har Fanny eit anna syn på samfunnet og livet enn kva mora og mange andre har.

Fru Holmsen gjev eit syn på verda som kan vere naudsynt for å forstå og oppnå eit vist nivå av romanen sitt budskap, der det dystre naturalistiske grunnprinsippet dannar basen for kvart individ. Samstundes vert lesaren sett inn i ein historisk kontekst, som kanskje ikkje er mogeleg å oppnå utan dette narratologiske verkemiddelet.

3.2 Teori – Subjekt og identitet

Hovudfokuset mitt i oppgåva vil vere ei analyse av subjektet Fanny. Ovanfor har eg gjort greie for den narratologiske metoden som eg vil ta i bruk for å utføre analysen min. Sidan det er romanen sitt subjektet som er hovudfokuset mitt, vil det vere lønsamt å nytte teori knytt til subjekt og identitet.

I *Literary theory. A very short introduction* gjev Jonathan Culler ein oversikt over sentrale omgrep og tilnærmingar innan litteraturteori. Innleiingsvis spør Culler kva dette `eg-et` er hjå ein person, og kva er det som dannar dette `eg-et`?⁶⁷ For å svare på dette skil han mellom to underliggande spørsmål, er `sjølv`et` noko som oppstår naturleg eller noko som vert forma, og bør det oppfattast på individuelt eller sosialt grunnlag?⁶⁸

Spørsmåla som er stilte innleiingsvis hjå Culler svarar han på ved å presentere fire ulike syn på subjektet i litteraturen gjennom ulike teoretiske synspunkt. Desse synspunkta har

⁶⁷ Culler, *Literary theory*, 109. «[w]hat is this `I` that i am – person, agent or actor, self – and what makes it what it is?»

⁶⁸ Culler, *Literary theory*, 109. «[...] first, is the self something given or something made and, second, should it be conceived in individual or in social terms?»

forankring i blant anna strukturalisme, psykoanalyse, poststrukturalisme og feministisk teori.⁶⁹ Det fyrste synet på subjektet er gitt og individuelt, der eg-et er unikt og difor uforanderleg. Det andre synet er i likskap med det fyrstnemnde fast og uforanderleg. Skilnaden mellom dei to er at det fyrste synet er uforanderleg på bakgrunn av kven subjektet indre «eg» er, medan det andre synet er danna på grunnlag av sosiale forhold. I det tredje subjektssynet er subjektet skapt og individuelt, men subjektet kan endrast og vert forma av individet sjølv. Det siste synet seier at subjektet er skapa av sosiale forhold, ein er kven ein er på grunn av dei sosiale stillingane som ein finn seg i.⁷⁰

Desse fire syna av subjektet som Culler presenterer vil vere hjelpsam i å finne ut kva type subjektssyn det er som kjem til uttrykk i teksten, gjennom Fanny.⁷¹ Ved fyrste augnekast kan det verke som at Fanny høyrer til det andre subjektssynet, der subjektet er gitt og sosialt. Dette synet undersøker motiva og drifta som ligg til grunn for subjektet sine handlingar.⁷² Ho er den ho er på grunnlag av dei sosiale forholda og miljøet som ho er vakse opp med, og dette er uforanderleg. Ein kan likevel sjå tendensar til det tredje subjektssynet i Fanny. Dette subjektssynet stiller spørsmål og utfordrar ideen om eit einskapleg og fullstendig stabilt subjekt. Det let subjektet utfordre seg sjølv, og opnar for utvikling. Fanny gjev til tider uttrykk for å vere eit sjølvstendig individ med framtidsdraumar, der vala som ho tek er med på å forme framtida hennar. Culler stiller spørsmålet, «[d]o characters *make* their fate, or *suffer* it?»⁷³ Dette er eit interessant spørsmål i høve Fanny si utvikling. Arbeider ho hardt for å danne si eiga sjølvstendige framtid, eller vert ho offer som samtida sine sosiale forventingar? Eg vil kome meir inn på kva type subjekt ein kan definere Fanny som i kapittel fem.

3.3 Teori – Forholdet mellom mødrer og døtrer

I *The Mother/Daughter Plot* utforskar Marianne Hirsch det komplekse forholdet mellom mødrer og døtrer i litteratur og kultur. Innleiingsvis skriv ho: «This book foregrounds the «other women», the mother, in relation to the «other child», the daughter. The myths we read

⁶⁹ Culler, *Literary theory*, 138, 139, 140, 142

⁷⁰ Culler, *Literary theory*, 109

⁷¹ Vidare i oppgåva mi vil eg for ordens skuld referere til desse fire synspunkta som Culler sine syn på subjektet.

⁷² Culler, *Literary theory*,

⁷³ Culler, *Literary theory*, 11

and take to be basic determine our vision of how individual subjects are formed in relation to familial structures». ⁷⁴

Mødrer og døtrer vert presenterte og tolka gjennom litteratur, kultur og samfunnshistorie. I boka si presenterer Hirsch ideen om at dette forholdet ikkje nødvendigvis berre er ein privat og individuell affære, men at det er ein sosial og kulturell konstruert dynamikk, som har stor betydning for den kvinnelege identitet og erfaringa. ⁷⁵

Ho argumenterer for at mødrer og døtrer har vorte eit symbol på ulike aspekt ved det kvinnelege subjektet, og at relasjonen deira er eit kulturelt og litterært emne som set fokus på det komplekse i å erfare som kvinne. I boka si ser ho nærare på korleis dette forholdet har vorte framstilt i litteraturen, i tillegg til korleis det kan bidra til refleksjonar kring samfunnet sine normer og forventingar til kvinner. Vidare ser ho på korleis mødrer og døtrer er nytta som symbol ved ulike sider av kvinna si rolle og identiteten hennar. Forholdet mellom mor og dotter kan såleis spegle av samfunnet sine verdier og tankar om morskap og feminitet.

I høve danninga av Fanny kan det vere å lønsamt sjå på korleis forholdet hennar med mora kan vere med å påverke danninga hennar, både i positiv og negativ forstand. Rammeverket som Hirsch presenterer i *The Mother/Daughter Plot* kan vere nyttig for å utforske tematikken og dynamikken mellom Fanny og fru Holmsen.

3.4 Teori – Kvinna som Den andre

Den franske filosofen og forfattaren Simone de Beauvoir (1908-1986) gav i 1949 ut sitt livsverk *Det annet kjønn*. Analysen av kvinnene sin situasjon i *Det annet kjønn* vert sett på som den viktigaste av sitt slag i det tjuetyvende hundreåret. Beauvoir nyttar eksistensialistisk filosofi til å drøfte og analysere kvinna si stilling i samfunnet, og i det private livet hennar. Beauvoir greier ut om kva det vil seie å vere ei kvinne i ei verd der mannen er det universelle subjektet, medan kvinna vert forstått som Den andre. *Det annet kjønn* rettar seg meir mot ei filosofisk undersøking av kvinna sin eksistens, enn enda ei skildring av kvinna frå eit sosialhistorisk utgangspunkt.

⁷⁴ Hirsch, *The Mother/Daughter Plot*, 2

⁷⁵ Hirsch, *The Mother/Daughter Plot*, 2,3

Kvinna som Den andre må verte sett i forhold til mannen, som tek rolla som det universelle subjektet. I eit patriarkalsk samfunn vert mannen nytta som normen for kva eit menneske er, medan kvinna er redusert til Den andre. Kvinna vert framstilt som eit objekt for den mannlege bevisstheita.⁷⁶ Som kvinne vert ein altså definert i forhold til mannen, medan han derimot vert ikkje definert i forhold til ho. Beauvoir peiker på at dette synet på kvinna som Den andre er eit produsert produkt. Denne førestillinga om eit mannleg subjekt, det absolutte, og ei kvinneleg Anna er vorte internalisert både av menn og kvinner.⁷⁷ Begge kjønna er dermed med på å oppretthalde og føre vidare desse patriarkalske haldningane. Kvinna som Den andre er dermed ikkje naturgitt, men heller eit produsert objekt, og noko som ein har vorte sosialisert inn i frå tidleg av.

Beauvoir erkjenner at det eksisterer ulikskapar mellom kjønna, og ytrar ikkje noko ynskje om at kvinner skal verte like menn.⁷⁸ Ho stiller seg heller kritisk til at ulikskapane mellom kjønna vert nytta til å rettferdiggjere undertrykkinga og diskrimineringa av kvinner gjennom historia. I eit patriarkalsk samfunn vert førestillinga om kvinna som Den andre brukt for å legitimere kvinna sin status som annanrangs borgar. Beauvoir ynskjer eit «fellesskap der både menn og kvinner regnes som like representative for menneskeheten, der det ikke kan komme på tale å ekskludere kvinner fra samfunnets idealer».⁷⁹

Ho legg vekt på ei forståing av kroppen som ein situasjon, der denne forståinga heng saman med synet hennar på levd erfaring. Ho skriv «[...] hvis kroppen ikke er en *ting*, er den en situasjon: vårt grep om verden og utkastet til våre prosjekter».⁸⁰ Dersom ein ser vekk frå dei fysiske ulikskapane mellom kjønna, meiner Beauvoir at menn og kvinner skal kunne stille med det same utgangspunktet. Ved å godta eit menneskeleg perspektiv og ved å definere kroppen ut ifrå eksistensen, vil dei biologiske ulikskapane verte redusert til ein abstrakt vitskap. Hjø Beauvoir er kroppen som situasjon formulert i høve kvinnekroppen og kjønnsforskjellane.⁸¹ Ho meiner at kroppen verken er ein ting, eller noko som bestemmer skjebnen vår verken som mann eller kvinne.

Det er likevel forskjell på å erfare som mann og kvinne, og levd erfaring er noko som Beauvoir legg vekt på i si utgreiing i *Det annet kjønn*. Levd erfaring vil her seie dei

⁷⁶ Sampson, *Kjønnsteori*, 9

⁷⁷ Sampson, *Kjønnsteori*, 9

⁷⁸ Sampson, *Kjønnsteori*, 9

⁷⁹ Moi, «Innledende essay» i *Det annet kjønn*, 16

⁸⁰ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 77

⁸¹ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 77-78

erfaringane som eit menneske gjer seg i løpet av livet, altså dreiar det seg om dei konkrete omstende som kvart enkelt individ lev gjennom.⁸² Når ein peiker på ulikskapane ved å erfare som mann og kvinne kan ein trekke linjer til det patriarkalske samfunnet, og objektivering av kvinnekroppen. Beauvoir syner til kvinner sin kroppslegheit som kulturelt bestemt. I eit patriarkalsk samfunn er kvinnekroppen meir tingleggjort. Ifølgje Beauvoir *er* både menn og kvinner sine kroppar.⁸³ Kvinnekroppen representerer derimot noko anna enn ho sjølv. Som mann opnar kroppen opp for erfaringar, mogelegheiter, handling og fridom. Medan som kvinne er kroppen fysiologisk svakare og framstår dermed som meir kontrollerbar.

Kvinnekroppen er i større grad bunde av biologi, og bestemt av samfunn og miljø. Slik sett er det større sannsyn for at kvinna erfarer seg sjølv som meir tingleggjort, og oppfattar seg sjølv som eit kroppsleg objekt under styre av det overlegne, og einaste, subjektet.

Til tross for både biologiske, psykoanalytiske og historisk-materialistiske faktum er Beauvoir bastant i sine utgreiingar om kvinna sine mogelegheiter. Set ein all denne informasjonen i kontekst med oppgåva mi sin tidsperiode, er det ikkje til å sjå vekk ifrå at majoriteten av verda sine kvinner fann seg i slike omstende. Frå midten og mot slutten av 1800-talet byrja det derimot så smått å skje nokre endringar. Fleire kvinner tok ordet offentleg og stilte spørsmål kring samfunnet sine sosiale levesett. I 1880-åra byrja den norske kvinnerørsla arbeidet med å skaffe kvinna fleire rettigheitar, som mannen tok som ei sjølvfølge.

Kvinnelege forfattarar skreiv om kvinna sitt liv bak fasaden, og sette lys på samtida sitt misvisande kvinneideal. Ei endring var i ferd med å skje. Då *Hjå ho mor* vart gjeven ut i 1890, var det som eit bidrag i den pågåande moraldebatten. Som mange andre forfattarar og offentlege personar arbeidde også Garborg med å skildre og fremje kvinna i sine arbeid, og vise korleis det faktisk var. Også i Garborg sin roman ser ein klare trekk til det patriarkalske samfunnet som Beauvoir viser til i si utgreiing. Samstundes kan ein sjå visse teikn på ei utvikling både hjå hovudpersonen, Fanny som person, men også i det fiktive samfunnet, som gjev eit innblikk av ei stadig veksande rolle for den offentlege kvinna.

⁸² Sampson, *Kjønnteori*, 44

⁸³ Sampson, *Kjønnteori*, 44

Kapittel 4. Samtid og moraldebatt

I dette kapitlet vil eg gje eit kort oversyn over moraldebatten som føregjekk i Noreg på slutten av 1800-talet. Ved å sjå på litterære bidrag og historiske kontekstar, kan ein avdekke dei ulike retningane som forma denne debatten. Dette kapitlet vil i korte drag ta opp tema som kvinnerørsla sin kamp for rettar, til diskusjonar om seksualmoral og ekteskap. Med utgangspunkt i kjende forfattarar som Arne Garborg og Bjørnstjerne Bjørnson, samt andre røyster frå litteraturen og samfunnet, vil eg sjå på dei ulike standpunkta og perspektiva som prega samtida sin moraldebatt. Til slutt vil eg gje eit oversyn over tematikk og tendensar frå moraldebatten som ein kan sjå teikn til i *Hjå ho mor*. Målet er at dette kapitlet skal kunne gje ei breiare forståing kring skapinga av verket og Fanny som subjekt.

4.1 Kvinna tek ordet og debatt i anmarsj

I Noreg var samfunnet på 1800-talet bygd på ulike kjønnsroller, der kvinner og menn hadde ulike roller i samfunnet som utfylte kvarandre. Mannen skulle arbeide og sørgje for husstanden sin, medan kvinna skulle passe barn og hus. Dette bidrog til at kvinna vart ekskludert frå fleire rettar. Då den norske kvinnerørsla byrja sitt arbeid i 1880-åra, handla det om å betre kvinna si stilling i samfunnet. Kvinna skulle ha stemmerett, fri tale i det offentlege rom og rett til å delta politisk.

Det var ei sjølvfølge at ei kvinne skulle vere tilbakehalden og beskjeden, samstundes skulle ho ikkje verke for utfordrande i sitt vesen. Frå om lag midten av 1800-talet kan ein likevel sjå at fleire kvinner tok ordet og utfordra samfunnet si sosiale norm. Camilla Collett (1813-1895) vert i fleire samanhengar peika på som ein inspirasjon. Med utgivinga av *Amtmandens døttre* (1855) gav ho ei skildring av kvinnene sine vilkår. Romanen var ifølgje ho sjølv, «et Skrig – mit Livs Længe tilbageholdte.»⁸⁴ Ho nytta litteraturen til å rette eit kritisk syn på dåtida sitt kvinneideal, og var med på å bringe dette opp under debatt. I 1874 stifta ho *Læseforening for Kvinder* i Kristiania, der blant anna kvinner sine rettar og mogelegheiter var hyppige tema. Når ein talar om Collett som ein inspirasjon er det dog ikkje sin eigen generasjon ho vart beundra av. Gro Hagemann peiker på at ho hadde få følgjarar frå sin eigen generasjon som

⁸⁴ Hagemann, *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*, 230

var positive til skrivinga hennar, og den utbroderte kvinneskikkelsen som ho skildra.⁸⁵ Derimot hadde ho fleire følgjarar i dei komande generasjonane, og mange av forkjemparane innanfor kvinnesaka var mellom 25 og 30 år då Collett gav ut sine fyrste tekstar. Med betra utsikter for skulegang for jenter etter 1850-åra, og med Collett sitt engasjement som eit medverkande grunnlag, kunne difor mellomklassekvinnar stå i front for ei etablert kvinnerørslé.

Hagemann skildrar den siste delen av 1800-talet som ei opprørshistorie, der kvinna sette krav om å få delta med eiga stemme.⁸⁶ Merethe Roos skriv at i Noreg tok kvinnekampen blant anna til med ein avisdebatt om Georg Brandes si utgåve av John Stuart Mills sitt essay, *Kvindernes Underskuelse*, frå 1869. I avisene stod det innslag både for og imot boka. I motsetnad til tidlegare, kunne ein no under forfattarnamnet i innlegga finne, «en Kvinde».⁸⁷ Forfattaren var framleis anonym, men understrekinga av at det var ein kvinneleg forfattar bak innlegga kunne sjåast som eit teikn på at ei endring var i ferd med å skje. I 1884 vart *Norsk Kvinnesaksforening* skipa under leiing av Gina Krog og Hagbart Berner. Foreininga hadde i fyrste omgang fire saker dei ynskte å arbeide for. Dei ynskte betre utdanning for kvinner, innføring av kvinneleg stemmerett, fleire rettigheter i arbeidslivet og trygge kvinna si stilling i ekteskapet.⁸⁸

Med ei aktiv kvinnerørslé vart 1800-talet sine kvinner etter kvart meir synlege i det offentlege ordskiftet. Kvinnerørsla sine medlemmer la ned viktig arbeid for å fremje sine fanesaker, og deltok ofte i offentlege møter og skreiv innlegg i dagspressa. Då moraldebatten gjorde sitt innrykk mot slutten av hundreåret gjekk kvinnerørsla inn i denne. Læraren Ragna Nielsen var særleg oppteken av temaet kring offentleg prostitusjon.⁸⁹ Også kvinna si stilling i ekteskapet var eit stort tema under debatten. Nielsen, som mange andre, ynskja ikkje eit samfunn der kvinna var underdanig mannen, og ville difor styrke hennar stilling i ekteskapet. Under debatten tala ho for og imot fleire store kulturpersonlegdomar, blant anna forfattaren Arne Garborg.

⁸⁵ Hagemann, *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*, 230

⁸⁶ Hagemann, *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*, 230

⁸⁷ Roos, *Norge på 1800-tallet*, 112

⁸⁸ Roos, *Norge på 1800-tallet*, 113

⁸⁹ Roos, *Norge på 1800-tallet*, 114

4.2 Arne Garborg si stilling i debatten

Arne Garborg melde tidleg interesse for det kulturelle og deltok aktivt. Han var særst oppteken av fattigdomsproblemet og det økonomiske systemet. Han var ein forkjempar for fri kjærleik og ynskte at menneskja stod fritt til å utvikle seg utan samfunnet sine innsnevringar. Han synt kraftige reaksjonar mot dyrkinga av dei tradisjonelle autoritetane. Han var særleg aktiv i 1880-åra under moraldebatten og bohembevegelsen.⁹⁰ Allereie i 1878 tok Garborg opp spørsmålet om tvangsekteskap i forteljinga «Hemn».⁹¹ Her fekk ein kjennskap til uheldige skjebnar som kunne ramme menneskjer som vert tvinga inn i eit ekteskap, basert på sosiale og økonomiske årsaker. Garborg meinte at ein skulle følgje sine eigne kjensler når det kom til ekteskap, han ville at kjærleiken skulle råde. Om uttrykket «fri kjærleik» vert det presisert at det ikkje er foreinleg med prostitusjon, som det var trudd av fleire.

Då Bjørnstjerne Bjørnson tala om krav om reinleik og «hanskemoralen» sin i 1883, svarte Garborg med novella «Ungdom». Dette er ei forteljing som er å rekne som eit bidrag i den pågåande debatten, men også som eit stikk til Bjørnson. Dei to mennene har sjeldan vore samde om mykje og argumenterte ofte mot kvarandre. Ein kan tru at då Bjørnson byrja å preike om seksuell reinleik og avhald, må det ha påverka Garborg si lyst til å kome med sitt eige bidrag. Garborg har til og med referert til seg sjølv og Bjørnson som Espen Askeladd og trollet. «Bjørnson var som eit troll [...], ein får alltid lyst til å bli Oskeladd og utsetja han for små fantestykke», skriv han.⁹² Novella lyser av Garborg sitt gode og ertande humør og er eit pent stykke gjøn mot Bjørnson sin hanskemoral.

Han ville syne at kjærleik verken er sedeleg eller usedeleg, og fri kjærleik var ikkje eit åtak på det sedelege, men heller eit forsvar av det. Han skriv fleire artiklar der han ytrar meininga si om reinleikskravet, og moraldebatten som føregår. Innlegga sine samlar han i ei bokform med tittelen *Fri Skilsmisse* i 1888. Eit av Garborg sine store tema er spørsmålet kring vilkåra for kjærleik og samliv. Han skriv:

Ved vor norske kjærlighedsdiskussion er at bemærke, at man ikke er nået så langt som til kjærlighed. Det er usædeligheden, man holder på med. Denne kjærlighedens udartning, som samfundes gennem sin ægteskabsordning, sin økonomiske ordning og sit opdragelsessystem stadig påny fremkalder og gir næring, opfattes som et fænomen

⁹⁰ Bohembevegelsen var ein litterær retning i Noreg i 1880-åra.

⁹¹ Garborg, *Hemn*

⁹² Sørbo, *Arne Garborg*, 122

for sig, og vore doctores, barberer og signekjællinger lægger råd op om, hvordan man skal kunne fjerne denne sygdom uden først at fjerne dens årsager.⁹³

Garborg tolka kjærleiken som sjølvgrunnmakta i livet, og var i strid med alt som øydela den. Dermed kom han også i strid med kvinnerørsla for å ikkje vere radikal nok, og for å ikkje sette spørsmålet om det seksuelle ordentleg på dagsordenen. Kvinnerørsla støtta opp under Bjørnson sitt reinleikskrav, og prinsippet deira var å stille same krav om reinleik hjå både mann og kvinne. Garborg på si side legg vekt på at moral, samlivsformer og oppseding må sjåast i ein økonomisk og sosial samanheng. I 1885 skreiv han *Mannfolk* som eit litterært bidrag i debatten. Her drøftar han mannen sin ståstad i samfunnet. Då han i 1890 gjev ut *Hjå ho mor* set han kvinna i samfunnet i fokuset, og drøftar «kvinneproblemer». Han syner kvinna sin kamp mot reglar og fordommar i samtida sitt samfunn.

4.3 Moraldebatten

I 1880-åra rasa det som vert omtala som den store sedeleg- og moraldebatten, som i utgangspunktet dreia seg om prostitusjon og ekteskapsmoral.⁹⁴ Moraldebatten var aktuell i heile vesten, men var særleg intens i dei nordiske landa. Debatten som i stor grad handla om kvinner, vart likevel ført an av menn. Bodil Erichsen skriv i *Norske kvinners liv og kamp*, at det var den svenske forfattaren Gustaf af Geijerstam som leia debatten. Han reiste rundt i dei nordiske landa, og heldt foredrag der han forsøkte å påverke folk sine syn på fri seksualitet og prostitusjonsforbod.⁹⁵ Foredraga skulle eigentleg dreie seg om Bjørnstjerne Bjørnson sitt skodespel, *En hanske*, men vart i realiteten det som Erichsen skildrar som eit felttog mot kvinnesaksrørsla.⁹⁶

Bjørnstjerne Bjørnson engasjerte seg tidleg i kvinnesaka, og tala for seksuell fridom og «den frie kjærlighed».⁹⁷ Han endra seinare meining og retta fokuset sitt mot ein strengare sedelegheitsmoral. I skodespelet, *En hanske*, frå 1883 møter ein Svava som får kjennskap til at sin komande ektemann, Alf, har hatt fleire tidlegare forhold med kvinner. Ho bryt forlovinga, og kastar ein hanske i andletet til Alf i protest mot hans tidlegare seksuelle

⁹³ Garborg, *Fri Skilsmisse*, 69

⁹⁴ Det er vorte nytta fleire omgrep når ein talar om sedeleg- og moraldebatten i 1880-åra. I oppgåva mi vil eg bruke *moraldebatten* når eg talar om denne hendinga.

⁹⁵ Erichsen, *Norske kvinners liv og kamp 1850-2000*, 110

⁹⁶ Erichsen, *Norske kvinners liv og kamp 1850-2000*, 110

⁹⁷ Danielsen, m.fleire, *Norsk likestillingshistorie*, 144

forhold. Derav uttrykket, hanskemoral, som seinare vart eit kjend uttrykk for å skildre Bjørnson sine krav om seksuelt avhald før ekteskap. Dette skulle gjelde både menn og kvinner.

Teaterstykket kan sjåast som den utløyssande faktoren for det som skulle verte kjend som hanskedebatten. Hanskedebatten vart på sett og vis eit eige omgrep i moraldebatten, når ein tala om Bjørnson si stilling til denne. 1880-åra sin dobbelmoral vart dermed teken opp til debatt og problematisert. Dobbelmoralen gjekk ut på at det var ein moral for korleis kvinnene skulle oppføre seg, og ein anna moral for mennene. Bjørnson meinte derimot at det burde verte stilt same krav til både menn og kvinner, begge burde vere avhaldne fram til ekteskap. Kravet om å vere «rein» når ein inngår ekteskap skulle ikkje lenger berre vere forventa av kvinna, men også av mannen. Offisielt heldt kyrkja seg nøytral i debatten og ville fremje bibelen sine ord om reinleik. Ein kan likevel nemne kyrkja som ein støtte i dei konservative sitt ynskje om reinleik. Dobbelmoralen vart praktisert av både samfunnet og kyrkja.

Bjørnson sitt åtak på fri kjærleik, så vel som den borgarlege dobbelmoralen, fekk sterke reaksjonar frå både kunstnarar, bohemar og embetsstanden. Trass i at han heile vegen hadde likestilling mellom menn og kvinner i fokus.⁹⁸ Han fekk mykje motstand, men han fekk også støtte frå kvinnesakskvinner og folk frå det konservative miljøet. Fleire kvinnesakskvinner støtta Bjørnson og hanskemoralen hans. Dette fekk blant anna Garborg til å kome i opposisjon med dei emansiperte kvinnene i rørsle.

Den 17.november 1887 vart det arrangert eit diskusjonsmøte om sedeleg og moral i Studentersamfundet sitt lokale.⁹⁹ Bohemen hadde her i leiding med forfattaren Arne Garborg invitert den svenske forfattaren Gustaf af Geijerstam, som reiste rundt i Norden med sine foredrag. Geijerstam var kritisk til kvinnesakskvinnene og meinte at dei stilte for store krav til mennene. Han påstod vidare at avhald var skadeleg for sjel og kropp, særleg for menn. Nokre legar hevda at berre eit fåtal av norske kvinner i det heile teke hadde seksualdrift. Slik sett hadde kvinner få eller ingen freistingar. Krava deira om eit sedeleg liv for både menn og kvinner, vart difor omtala som «tøv og mannfolkfiendsk».¹⁰⁰ Ragna Nielsen som var ein aktiv deltakar i debatten, var sær provosert av desse påstandane. Nielsen ynskte at foreininga for

⁹⁸ Danielsen, m.fleire, *Norsk likestillingshistorie*, 144

⁹⁹ Danielsen, m.fleire, *Norsk likestillingshistorie*, 144

¹⁰⁰ Danielsen, m.fleire, *Norsk likestillingshistorie*, 144

kvinnesaka skulle arrangere eit protestmøte, der dei ville stå imot desse påstandane, men dei vart nedstemte.

Som eit resultat av moraldebatten, skriv Hilde Danielsen i boka, *Norsk likestillingshistorie*, at ordet «kvinnesaks kvinne» vart eit negativt lada ord i samfunnet. Når ein no tala om kvinnesaks kvinne, var det ofte i nedlatande samanhengar, og dei var omtala som snerpete og skinheilage kvinner.¹⁰¹ Dei vart vidare latterleggjort av bohemen for å vere puritanske og turre peparmøyer, samstundes som kyrkja skulda dei for å skjemma ut det gode ekteskapet mellom mann og kvinne. Temaet kring seksualitet og kjærleik var difor eit splitta tema hjå kvinnerørsla. Kvinnerørsla fokuserte difor mest på sosial-, økonomisk- og politisk likestilling. Debatten engasjerte stort blant bohemen, deriblant fleire forfattarar, og ikkje alle delte same syn på seksualmoralen som kva Bjørnson gjorde. Litteraturhistorikaren, Georg Brandes, og naturalistiske forfattarar som Christian Krohg, Hans Jæger og Arne Garborg stod blant anna på den andre sida av debatten. Dei ynskte det motsette av kva hanskemoralen stod for, og gjekk inn for fri kjærleik for både menn og kvinner. Dei meinte at seksualmoralen burde vore meir liberal i utføringa si, og løysinga på dobbelmoralen var at alle skulle få lov til å utfolde seg sjølv og seksualiteten sin før eit eventuelt ekteskap. Ein meinte at det var både skadeleg og undertrykkande for mennesket å motseie sine egne drifter.

Moraldebatten førte naturleg nok til stor usemje i dette tiåret, og mange forfattarar valde å trekke samfunnet sine sosiale problem inn i sine litterære verk. Bjørnstjerne Bjørnson sitt skodespel, *En hanske*, vekte som nemnt tidlegare stor oppsikt, men også forfattarar som Amalie Skram stilte med litterære bidrag. Romanane hennar gjev ei kritisk framstilling av samtida sine sosiale forhold, og tematiserer ekteskap og kvinne si sosiale rolle i samfunnet. Ein kan nemne blant anna debutromanen hennar, *Constance Ring* (1885). Her møter ein Constance som vert skild to gongar på grunn av utruskap.¹⁰² Fleire av hennar seinare romanar skildrar også ulike forhold og realiteten av det ekteskapelege liv. Garborg var sjølv begeistra for Skram sin debut, og spurte ho om kvinnepsykologi då han sjølv skulle skildre kvinne.¹⁰³ Han beundra evna hennar til å gje ei kritisk skildring av samtida og samfunnet sine sosiale forhold.

¹⁰¹ Danielsen m.fleire, *Norsk kvinnelitteraturhistorie*, 145

¹⁰² Skram, *Constance Ring*

¹⁰³ Thesen, *Ein diktar og hans strid*, 142

Ein kan også trekke fram novella, «Karen», av Alexander Kielland frå 1882.¹⁰⁴ Novella gjev ei djuptgåande skildring av Karen, ei kvinne som opplever ein tragisk skjebne på grunn av urettferdigheita og dobbelmoren i samfunnet. Verket bidreg til å kaste lys over dei sosiale problema og realiteten i samtida, og utforskar tema som hykleri, seksualmoral og den undertrykte naturen av samfunnet sine normer.

4.4 Moraldebatten sine hovudtendensar i *Hjå ho mor*

Tidlegare i kapittelet er det gjort greie for historia bak debatten, og nokre av dei litterære bidraga. Det er fleire standpunkt i denne debatten som er relevante for analysen min. På den eine sida finn ein kyrkja og dei konservative. Kyrkja krev reinleik før ekteskap, i prinsippet for begge kjønn. I realiteten fører kyrkja eit strengare krav til kvinnene, og dette kan tolkast som dobbelmoralsk. Kyrkja ser gjerne gjennom fingrane på menn sine sidesprang, medan den slår hardt ned på kvinna dersom ho ikkje er jomfru når ho inngår ekteskap. Her bidreg Bjørnson med hanskemorale som ville skjerpe morale for mennene. Særleg kyrkja sin posisjon i dette kjem tydeleg til syne i *Hjå ho mor*, og kyrkja sin preike om reinleik set stor frykt i Fanny.

Enkelte si forståing av seksualitet som ikkje eksisterande for norske kvinner er både fysiologisk ukorrekt og eit tema som ein kan sjå antydningar til i *Hjå ho mor*. Synet på seksualitet og kvinnekroppen går hand i hand med kyrkja sine formeiningar om dette, og er ein stor belastning for romanen sitt subjekt. Det er i romanen tydeleg at det ikkje er Garborg sin frie kjærleik som driv subjektet, men konservative tankar kring dette.

Kvinnekampen er eit svært relevant tema. Kvinnekampen syner i fyrste omgang at kvinnene sjølve ikkje er nøgde med stoda si i samfunnet. I kvinnerørsla var ikkje alle medlemmer like nøgde med kva saker som vart prioriterte, dette resulterte til ei splitting hjå rørsle. Særleg dei velstående kvinnene som dreiv fram kvinnekampen, var raske med å prioritere sakene som dei var interesserte i. Dei arbeidande kvinnene kom ikkje like lett til orde. Kvinnerørsla sine overklassedamer støtta opp under Bjørnson sin hanskemoral, og kom i opposisjon med Garborg sine meiningar. I *Hjå ho mor* ser ein at Fanny deltek i kvinnekampen, noko som er med på å gje ein positiv effekt i utviklinga av subjektet.

¹⁰⁴ Kielland, *To noveletter*, 73

Tilhengarane av fri kjærleik var dei som meinte at ein skulle velje ektefelle etter kjærleik, og ikkje etter økonomisk interesse. Her stod bohemen og Garborg i spissen. Mange under bohembevegelsen var naturalistar som skildra tragiske skjebnar hjå menneskja, urett og sosial naud. I litteraturen kjem naturalismen til syne gjennom samfunnsproblem og skildringa av den reelle verkelegheita gjennom detaljerte skildringar. Bohemen tok avstand frå samfunnet sine sosiale normer og ideal, som var fremja av embetsstanden og borgarskapet. I romanen kjem dette blant anna til syne gjennom Fanny sine forsøk på å oppnå kjærleik. I ein omtale av *Hjå ho mor* seier Garborg:

Bogens «Tankeinnhold», Tendens -? Den har Tendens til forskjellige Kanter, støder paa den sociale Idiot snart her og der; men jeg tror nok, at den, som læser den med Opmærksomhed, efter at ha læst den vil føle sin Tanke fortrinsvis dragen hen til det Spørgsmaal: om det ikke snart er paa Tide at begynde at beskytte alle disse værgeløse Børn mod deres Forældres «Opdragelse».¹⁰⁵

Garborg kjem med direkte stikk til samfunnet sine normer, og tydeleggjer kva effekt han ynskjer å oppnå med romanen. Ein kan seie at han nyttar Fanny, ei ung kvinne som mange av samtida sine kvinner kan kjenne seg igjen i, som eit middel for å nå fram i debatten og i samfunnet. Korleis vil dette kome til syne i forteljinga, og er det mogeleg å lese skjebnen til Fanny som eit innlegg i moraldebatten?

¹⁰⁵ Garborg, *Mogning og manndom*, 224

Kapittel 5. Danninga av subjektet

I grove trekk kan ein seie at handlinga i *Hjå ho mor* dreiar seg om hovudpersonen sin utvikling og skjebne frå barn til ung vaksen. Romanen sine fyrste kapittel er via til Fanny si mor, den fråskilde kvinna og stillinga hennar. Her får ein historia sett frå fru Holmsen sitt synspunkt, før fokaliseringa endrar fokuser til Fanny. Det er hennar historie som ber handlinga i romanen.

Problemstillinga mi er: Korleis vert Fanny danna som subjekt? I dette kapittelet vil eg forsøkje å svare på dette ved å gå djupare inn på personen Fanny. Eg vil gå nærare inn på periodar og hendingar i livet hennar som eg meiner er essensielle for utviklinga og danninga hennar. Eg vil nytte meg av teori frå Jonathan Culler, Simone de Beauvoir og Marianne Hirsch for å gje ei breiare forståing av subjektet, og korleis ein kan tolke danninga av henne.

5.1 Oppsedinga og forholdet mellom mor og dotter

Fanny Holmsen møter me fyrste gongen som ein nysgjerrig og frisk fireåring. Gjennom mora sitt synspunkt vert me fortalde om barndommen til den unge jenta, som kan verte sett på som både utfordrande og innhaldsrik. Ei av årsakene til Fanny sin utfordrande barndom er reaksjonane og synet hennar på stoda kring seg. Forholdet mellom mor og dotter er eit viktig aspekt i dette høve. Fru Holmsen har eit ynskje om å passe på barna sine, men kva ho enn gjer så maktar ho ikkje stort. Ho klarar reint lite utover det å sørgje for det mest naudsynte som husly og mat. Den stadig veksande pengenauda, skamma over sitt sosiale fall og mas frå barnet bidreg til å gjere ho nervøs og utolmodig. Uansett kor glad fru Holmsen er i barna sine, finn ho alltid eit irritasjonsmoment i Fanny:

Ho gnåla og gnog frå morgon til kveld; fred var det aldri. Og det verste var at ho skjjepla svevnen for mor si. [...] So gjekk fru Holmsen all dagen rangsvævd og leid, hovudtung og mødd av altslag. Ho tolde inginting; var reintsom hudlaus; det minste som bar imot arga henne upp. Fanny kunde med sitt gnag mest taka vitet frå henne.¹⁰⁶

¹⁰⁶ Garborg, *Hjå ho mor*, 33

I *The Mother/Daughter Plot* knyt Marianne Hirsch mor- og dotter- tematikken til bestemte litterære retningslinjer:

By concentrating on the relationship between mothers and daughters, I interrogate and reframe these plot patterns in particular ways, discovering not only certain ideologies of maternity embedded within them, but also narrative patterns which call the more conventional constructions of the love plot into questions. [...] By using the notion of family romance, I treat both motherhood and daughterhood as *story* – as narrative representation of social and subjektive reality and of literary convention. I would argue that in conventional nineteenth-century plots of the European and American tradition the fantasy that controls the female family in romance is the desire for the heroine`s singularity based on a disidentification from the fate of other women, especially mothers.¹⁰⁷

For at historia skal utfolde seg som ei spennande forteljing meiner Hirsch at hovudkarakteren bør møte på motstand i forsøka på å verte sjølvstendig. Dersom hovudkarakteren er ei kvinne, er mora godt egna til å utøve motstand mot heltinna for at historia skal kunne utarte seg. Samstundes er mora ein faktor som kan belyse hovudkarakteren sin skjebne, dersom ho ikkje lukkast og let seg forme av omstenda.¹⁰⁸ Slik Hirsch let det kome fram eksisterer mora i slike forteljingar for å fungere som eit motstykke av dottera, samstundes som ho er ei konstant påminning om at hovudkarakteren kan ende forteljinga med nederlag.

I *Hjå ho mor* kan ein finne fleire døme på dynamikken som er skildra i *The Mother/Daughter Plot*, ettersom Fanny si mor er både vanskeleg og hard. Romanen er skildra som ein dannelsingsroman, men også som ei forteljing om frigjering. Me følgjer Fanny då navigerer seg gjennom barndom, ungdomstid og som ung kvinne i ei verd der ho ikkje har det beste utgangspunktet, men ynskjer å oppnå noko for seg sjølv. Kor vidt Fanny i nokon grad vert frigjort kan diskuteras. Ein kan med atterhald seie at fru Holmsen har frå tidleg barndom av tilrettelagt for at Fanny ikkje skal lukkast i å frigjere seg sjølv.

Det er livsgleda og aktiviteten som mora ikkje toler, og ho ser på alle utsegna til Fanny som eigensindig trass. Denne trassen har ho arva frå faren meiner mora, og skal fordrivast: «Ho mor beit tennene i hop og tok henne oppå fanget; slik fæl trass fekk ein døyve».¹⁰⁹ Mora

¹⁰⁷ Hirsch, *The Mother/Daughter Plot*, 9, 10

¹⁰⁸ Hirsch, *The Mother/Daughter Plot*, 10

¹⁰⁹ Garborg, *Hjå ho mor*, 35

tykkjer at Fanny «[...] åt som ein arbeidsmann»¹¹⁰, og samanliknar ho med faren: «Stakkars Krulltoppen, sukka fru Holmsen; kva skal det bli av deg, tru. Gud hjelpe oss; ho er nok altfor lik den eg tenkjer på no!»¹¹¹ Det er eit labert utgangspunkt for Fanny at mora allereie i tidleg alder samanliknar ho med eit menneskje som ho i større grad avskyr og ser ned på. Fanny vert i fleire tilfelle sett på som ein byrde for mora. Stundom let ho frustrasjonen sin gå fysisk utover Fanny, som ikkje forstår kvifor mora straffar ho:

Venta, so skal du få noko å skrike for! kom ho mor farande, bleik av harm. Med eit forsinna rykk vart Fanny lyft opp frå golvet og slengd ned på fanget til mor si; so vart jump`en nækt, og riset tok til å gå so tett og so fast, at ein kunde høyre Fanny heilt ned-yvi til apoteket. [...] Fanny hadde komi so i gråt at ho ikkje kunde få eit ord fram; nå, so fær du få til å lite til då, kvæste ho mor; ho piska på att. [...] ho spratla og spratt som ein fisk; skjelvande brårykk gjekk gjennom kroppen hennar kvar gong ho trudde mor vilde slå til att. No, sa ho mor og slepte henne; lat oss sjå du hugsar det då. For annars veit du kva som vankar!¹¹²

Dømet ovanfor syner resultatet av at Fanny på sin måte forsøker å hjelpe mor si med å vaske golvet. For mykje vatn og søl er eit stort frustrasjonsmoment hjå fru Holmsen. Fanny forstår ikkje dei harde straffene som mora gjev, og ho blir opplært i dei rammene at dersom ho er snill og lydig, vil ho ikkje verte straffa: «Teg deg no og ver snild. So ska`ke mama slå Krulltoppen meir. – Ja! ja! eg skal vera snild! forsikra Fanny».¹¹³

I skildringa av Fanny sin oppvekst er det særleg religionen som utgjer hovudtemaet. Fanny får ikkje noko positivt inntrykk av kristendomen, og kunnskapen kjem nesten utelukkande frå mor hennar. Mora bruker religionen som eit verkemiddel for å halde kontroll på Fanny, og tone ned den viltre barnenaturen hennar. Som skremselstaktikk er hovudprinsippet at Fanny må frykte Gud, som «var ein stor Herre som kunde gjera med oss kva han vilde, ja taka livet vårt og etterpå stengje oss inne i ein bakaromn; so Fanny laut agte seg for å erte upp den mannen».¹¹⁴ Er Fanny derimot snill og steller seg vil Gud vere god mot ho, men dette vil berre skje dersom ho er snill og lydig: «Men var ho snild, og glup til å lesa Fadervår, so vilde Gud au vera snild mot henne; for snilde born lika han».¹¹⁵

¹¹⁰ Garborg, *Hjå ho mor*, 29

¹¹¹ Garborg, *Hjå ho mor*, 35

¹¹² Garborg, *Hjå ho mor*, 34

¹¹³ Garborg, *Hjå ho mor*, 35

¹¹⁴ Garborg, *Hjå ho mor*, 18

¹¹⁵ Garborg, *Hjå ho mor*, 18

Trusselen om straff og den glovarme bakaromnen gjer Fanny engsteleg og uroleg, og ho søker tilflukt hjå ho mor for å sleppe unna Gud sin vrede dersom ho tråkkar feil: «Fanny vart so ottesam at ho gjekk og heldt i stakken til mor si heile dagen sidan. Ho tottest vera tryggare då. Mor laut smile - ». ¹¹⁶ Eit slikt prinsipp gjer at Fanny vert avhengig av mor si for å sikre seg at ikkje Gud sin straff heng like over hovudet på ho. Å ikkje verte straffa vert synonymt med å vere på godfot med Gud, men det er berre fru Holmsen som kan trygge Fanny om dette. Som mor og familieoverhovud er det fru Holmsen som i dette tilfelle definerer kva det vil seie å vere lydige, og kor vidt Fanny faktisk retter seg etter dette. Etter enda ein runde med pryl forsikrar mora Fanny om at berre ho ber til Gud og er lydige, vil ingen vere vonde på ho.

I *Det annet kjønn* skriv Simone de Beauvoir at barn samanliknar faren med Gud. Faren representerer ofte den autoritære skikkelsen i hushaldet, og hans ord er lov. Som forsørgjar er han mykje utanfor heimen og fungerer som talerøyr og informasjonshaldar for familien som er heime. For eit barn med fantasi kan dette gje assosiasjon til den allmechtige Herren: «[...] det er gjennom ham at familien kommuniserer med resten av verden; han er legemliggjøringa av denne eventyrlige, uendelige, vanskelige og vidunderlige verden; han er transcendenten, han er Gud». ¹¹⁷¹¹⁸ For Fanny som ikkje har nokon direkte farsfigur å forholde seg til, kan det sjå ut til at mora til ein viss grad har teke denne rolla. På ei anna side kan ein også argumentere for at fru Holmsen nyttar Gud som trugsel, den største makta, fordi ho sjølv som kvinne i utgangspunktet ikkje har den autoriteten som trengst for å vere familieoverhovud og halde hus og heim. Her er fru Holmsen sterkt påverka av samfunnet sitt kvinnesyn og sosiale posisjonar. Ho etablerer meir eller mindre Gud som ein farsfigur for Fanny i fråværet av den faktiske faren.

«[D]en lunefengde magti der uppe» ¹¹⁹, var ein Gud som arbeidde etter fru Holmsen sin vilje. Han kunne vere vrang, men også god. Då julekvelden er komen er Fru Holmsen ovgild då jula vert redda etter at ho bad til Gud om ei redning:

Snart sat den vesle huslyden ved jolebordet og hadde det godt, med alle koppar fulle, ljøs i stakane og varme i omnen. Og då forstod fru Holmsen, at denne store hjelp i

¹¹⁶ Garborg, *Hjå ho mor*, 40

¹¹⁷ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 346

¹¹⁸ Undset, *Kransen*. Dette kan ein finne døme på i mykje anna litteratur. Blant anna i Sigrid Undset sin trilogi, Kristin Lavransdatter, der faren er den mest autoritære figuren i Kristin sitt liv, og i hennar auge er han større enn Gud

¹¹⁹ Garborg, *Hjå ho mor*, 31

rette stundi, den måtte vera frå Gud. Bønne hennar i natt! – det var dei som var høyrde. Det burde me då tru». ¹²⁰

I realiteten er det kjenningar som sikrar den vesle familien mat på bordet i julehelga, men fru Holmsen er glad nok til å late barna tru at det var Gud og bønnene hennar som står bak: «Og særlig vilde borni hava godt av å tru det. Ja, ja, sa ho; no hev me det godt; men lat oss ikkje gløyme han som hev sendt oss alt dette gode». ¹²¹ Her kan det late til at fru Holmsen hintar til mangelen på hjelp og stønad frå faren til barna, og med det erstattar han med Gud. Dei to eldste barna let seg ikkje lure av mora, men Fanny får auga opp for ein gåvmild og partisk Gud. Ho ynskjer seg ei ny dokke, og får vete at dersom ho oppfører seg pent og ber til Fader vår, kan ho oppnå materielle gode:

Du mor? sagde ho um ei rid; eg vil be` Gud om ei ny Rosalie. – Jaso då. Krulltoppen, vil du det? smilte fru Holmsen. Ja; ei ny, fin Rosalie vil eg ha, mykje finare enn den gamle. – ja, ja, sagde fru Holmsen, bed du, barnet mitt; er du snild gjente, so fær du nok. – Ja; snild gjente skulde Fanny vera. ¹²²

Mora gjer Fanny bevisst avhengig av seg ved å lære ho dette prinsippet, også når det kjem til Gud sine velsigningar. Fru Holmsen nyttar Gud og religionen som ei forlenging av seg sjølv og viljen sin i forholdet sitt med Fanny. Alt ettersom mora sine meiningar om dottera sin oppførsel kan ho nytte Gud si velsigning både som positiv og negativ forsterkning. Julekvelden og dokka er døme på den positive effekten dette gjev mora, der ho kan halde dottera si i sjakk. Eit døme på negativ bruk av Gud si velsigning kan ein sjå då Fanny får nokre skillingar av kjensfolk og bruker dei til å kjøpe seg noko godt hjå bakaren, i staden for å gje pengane til mora:

Det vart forhøyr; og alt kom upp. Enden på visa vart juling. Og samstundes fekk Fanny høyre ein ting som sette ein hard kvekk i ho. Gud var all stad.

Kor ein var eller kom, kor ein gjekk eller stod, - Gud var der. Um ho vilde røme aldri so langt, ja um ho vilde grava seg ned i jordi, ho slapp ikkje ifrå honom. Og endå han sjølv var usynleg, såg han alt. [...] Hi måtte då vera snild gjente, anten ho hadde mor si yvi seg eller ei; for vart Gud vond, so var det ingi råd lenger. ¹²³

¹²⁰ Garborg, *Hjå ho mor*, 31

¹²¹ Garborg, *Hjå ho mor*, 31

¹²² Garborg, *Hjå ho mor*, 32

¹²³ Garborg, *Hjå ho mor*, 40

Dersom mora er nøgd, er Gud god, men viss mora er misnøgd er Gud vond. Den gudfiguren som fru Holmsen lærer Fanny om, stiller seg bak alle sidene av personlegdomen hennar som Fanny fryktar. Ved å innprente dette i barnet sitt kan ho oppnå full kontroll. Kunnskapen om at Gud er alle stadar får Fanny lærdom av som eit resultat av at ho ikkje er lydig nok og vert difor straffa. Frykta for ein «usynleg Gud» gjev fru Holmsen ytterlegare makt over Fanny. På denne måten kan ho utøve viljen sin på Fanny sjølv når ho ikkje er til stades. Ho er særns nøgd med resultatet av skremselstaktikken sin. Ein kan argumentere for at Fanny si store redsle for Gud også er prega av den unge alderen hennar, men fleire år seinare sit frykta framleis i ho: «Når ho var for seg sjølv, ottast ho so ille for Vårherre. Ho kjende dei njosande augo hans i ryggen; ho hadde han etter seg stødt, lurande og lydande».¹²⁴

Denne religionslæra som Fanny er oppdratt i, går hand i hand med dei dårlege erfaringane og den manglande kunnskapen hennar om det erotiske liv. Med kjennskapen om at Gud straffar både syndige tankar og handlingar, kjem ho i ein konfliktsituasjon. Tilhøvet mellom mann og kvinne er ikkje noko som Fanny får kunnskap om heime. Den fyrste informasjonen Fanny får om dette mystiske forholdet får ho i drengestova på Vik:

Ein kveld råka Fanny budeigje ute på tunet, og halvløynd attum stakken hennar smette ho seg med inn i drengjestogo trass i forbodet. [...] Kveldane etterpå var Fanny i drengjestogo. Ho tenkte så smått på han som er allstad-verande; ho var rædd han låg på lur i den myrke kroken attum loftstroppi; [...].¹²⁵

Fanny forstår ikkje så mykje av kva ho høyrer, men utan større redsle gjentek ho historiene og informasjonen som ho plukka opp. Likevel er ho redd for kva som vil skje dersom nokon får vete om kor ho har vore. Veninna Gina, som er litt eldre, er den som fortel Fanny at desse historiene er stygge.

Då mora får greie på at Fanny fortel «stygge» historier, får ho den største prylen ho nokon gong har fått. I etterkant er Fanny ifrå seg av redsle for kva Gud vil gjere, og løysinga er å be til Gud om tilgjeving. Enda ein gong kjem det til syne kor stor makt mora har over Fanny ved å halde religionen over ho. Ved å straffe ho for å vere nysgjerrig på det motsette kjønn, etablerer mora med dette byrjinga av eit konfliktfullt forhold mellom Fanny og hennar eigen kropp idet ho veks opp og kjem i pubertet. Fru Holmsen set seg sjølv inn som den største

¹²⁴ Garborg, *Hjå ho mor*; 68

¹²⁵ Garborg, *Hjå ho mor*; 41, 42

autoriteten i livet til Fanny. Ho utøver kontroll både over tankane, handlingane og framtida hennar.

I høve Hirsch sin teori om mor- og dotter- tematikken kan ein med rette seie at fru Holmsen ikkje legg til rette for at dottera skal kunne frigjere seg sjølv. Frå barn av stikk ho kjeppar i hjula på Fanny si utvikling, og ynskjer å ha full kontroll over dottera. I motsetnad til Hirsch som tek utgangspunkt i litterære konvensjonar når det gjeld mor- og dotter- tematikken, kan Simone de Beauvoir syne til eit anna utgangspunkt. Beauvoir går ut ifrå at litteraturen speglar av ei verkelegheit der mor og dotter faktisk kjem dårleg overeins.¹²⁶ Eg skal ikkje synse om kor vidt forholdet mellom dei to Holmsen-kvinnene i romanen tek utgangspunkt i verkelegheita, men med tanke på omstenda kring skapinga av romanen kan ein ut ifrå den historiske konteksten og det naturalistiske aspektet seie at forfattaren har gått inn for å skildre eit så reelt bilete som mogeleg. Tematisk kan ein trekke linjer mellom samtida sin moraldebatt og romanen sin tematikk. Blant anna er tema som kvinner sin seksualitet eit stort emne for diskusjon. Seksualitet og kvinneliv er i både romanen og samtida sterkt prega av kyrkja sine formeiningar, og forfattaren klarar å trekke fram motstridande meiningar inn i den fiksjonelle litteraturen. Dette kjem tydelegare fram ettersom Fanny veks opp, men det vanskelege forholdet mellom mor og dotter har danna eit uroleg grunnlag for denne utviklinga av subjektet.¹²⁷ Slik sett kan ein med atterhald seie at romanen lener meir mot Beauvoir sitt utgangspunkt for den litterære formidlinga, der særleg tematikken mellom mor og dotter tek utgangspunkt i ei reell verkelegheit.

Ein annan sentral tematikk i romanen er klasseskiljet. Fanny får tidleg kunnskap om kva samfunnsklasse ho høyrer til. Mora tykkjer det er vanskeleg å halde Fanny vekke frå dei fattige barna i nabolaget: «Ho vilde ut og leike seg. Men fru Holmsen vilde ikkje vita av det; dotter hennar skulde ikkje vekse upp i lag med alle dei fatig-ungane».¹²⁸ Fru Holmsen held seg sjølv og dottera si høgare enn andre, sjølv om dei alle er i liknande økonomiske situasjonar. Simone de Beauvoir skriv i *Det annet kjønn*:

Barnet beveger seg på lekens og drømmens plan: det leker at det er, det leker at det gjør: å gjøre og å være skiller seg ikke klart frå hverandre når det dreier seg om

¹²⁶ I kapittel 6, «Moren» i *Det annet kjønn* gjev Beauvoir dømer på at forholdet mellom mor og dotter er konfliktfylt av natur. Døma er utdrag frå både sakprosa og skjønnlitteratur, som er gjevne same status.

¹²⁷ Utan at ein skal legge for stor vekt på sjølv bakgrunnsinformasjonen til romanen, kan det i høve Beauvoir sin teori ovanfor vere verdt å nemne at delar av oppveksten til Fanny og forholdet hennar med mora skal vere basert på Garborg sin kone, Hulda, sine erfaringar. Sørbo, *Arne Garborg*, 164

¹²⁸ Garborg, *Hjå ho mor*, 18

innbilte prestasjoner. [...] Dukken er ikke bare hennes dobbeltgjenger, den er også barnet hennes [...] hun betror seg til dukken, hun oppdrar den, bekrefter sin suverene autoritet over den, det kan til og med hende at hun drar av den armene, slår den og piner den; det vil si at hun gjennom den fullbyrder sin erfaring med bekreftelsen av subjektet og med fremmedgjøringen.¹²⁹

Det ligg i eit barn sin natur at ein gjennom lek og fantasi spelar ut kva ein erfarer og opplever i verkelegheita. Fanny ynskjer seg ei ny dokke, som ho ber til Gud om. Denne får ho i gåve av bokbindar Lundstrøm i bursdagsgåve: «Dokka var så fin at det var utifrå; men Krulltoppen var endå ikkje fornøgd».¹³⁰ Seinare får ho enda ei ny dokke frå Solum: «Denne dokka fekk namnet Amanda. Rosalie, som bokbindar Lundstrøm hadde gjevi henne året fyrr, var nettupp god nok til å vera kammerpike hjå frøken Amanda».¹³¹ Det kan vere tilfeldig at den gamle dokka får rolla som kammerpike, men Fanny er ei gløgg jente som tek til seg mykje informasjon. Beauvoir sine tankar kring barnet og eins lek kan ein sjå tendensar til hjå Fanny. Kunnskapen om klasseskiljet hennar kjem her til syne gjennom leiken med dokkene. Solum er klart meir velstående og rikare enn Lundstrøm, noko Fanny er klar over. Ho har fått lærdom om klasseskilje og fattigfolk av mora si frå tidleg av. Her spelar ho ut verkelegheita, og erfaringane sine i heimen, gjennom dokkene sine.

Då Fanny byrjar på skulen er ho fullt klar over ulikskapen på klasseskiljet i samfunnet, og ho vert ven med dei velstående jentene i klassen, Gina og Ebba. Ein kan seie at mora sin sosiale opplæring er like effektiv som den religiøse. Fanny vert også teke inn i folden til dei velstående jentene dels på grunn av kven ho er ven med, men også fordi foreldra hennar tross alt ein gong hadde vore rike. Skiljet i klassen er ikkje til å unngå:

Storfolket skilde seg ut ifrå den andre hopen, og heldt i hop likt og ulikt, so nær som når dei var uvenir. I skulen sat dei tett i hop på fremste benken og kvisa og kviskra berre seg imillom; i fristundom leika dei ikkje med dei andre. Men gjekk «spaserturar» [...] Den andre hopen lika deim ikkje, og dei vart hødde og åtfunne. Eit utnamn fekk dei au; dei vart kalla for «dei fine».¹³²

Dømet syner korleis dei ytre påverknadane får følgjer for dagleglivet til dei unge jentene. Dei «leikar spaserturar», slik som dei vaksne damene av godt slag gjer. Dei kommuniserer i liten

¹²⁹ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 341

¹³⁰ Garborg, *Hjå ho mor*, 35

¹³¹ Garborg, *Hjå ho mor*, 50

¹³² Garborg, *Hjå ho mor*, 49

grad med dei andre barna som er av dårlegare stand. Veninnene hennar får sannsynlegvis den same læra om klassesamfunnet som Fanny, men ho kjenner seg ofte meir og meir bunde av rammene ho er utsett for. Ulikskapen mellom Fanny og veninnene hennar viser seg i det at sjølv om dei får den same læra, er livssituasjonen deira annleis. Gina og Ebba føler seg alltid som barn av overklassen, nettopp fordi noko anna er utenkjeleg for dei. Fanny derimot går ikkje heim til eit stort velstelt hus når skuledagen er omme. Ho og mora lever ikkje slik overklassefolk skal leve. Denne levemåten er ein ytre faktor som såleis ikkje samsvarar med kva menneskesyn og klassestand mora lærer Fanny. Av den grunn vert det ofte understreka av fru Holmsen at dei ein gong levde i stor velstand. Dette skiljet mellom fintfolk og fattigfolk er noko som følgjer Fanny inn det vaksne livet, då ho ofte er redd for at nokon skal ta ho for å vere fattig og simpel.

I høve Jonathan Culler sin teori om subjektssyn har eg tidlegare nemnt at det ved fyrste augnekast kan sjå ut til at Fanny høyrer til det andre subjektssynet, der subjektet er gitt og sosialt. Hittil har eg teke føre meg Fanny som barn og oppveksten hennar. Det kan vere interessant å plassere barnet Fanny i eit av Culler sine subjektssyn, og sjå kor vidt dette endrar seg når Fanny veks opp. Som barn vil eg seie at Fanny høyrer til det fjerde subjektssynet, ho er skapt og sosialt. Ho er skapa ut ifrå sosiale forhold, og er den ho er på grunn av dei sosiale stillingane ho er i. Fanny er ei ungjente i fattige kår som vert forma og danna ut ifrå kven ho er omgitt av og miljøet kring seg. Mora speler den største rolla i korleis Fanny vert forma, og kva miljø ho høyrer til. Som subjekt har Fanny framleis mogelegheita til å endre subjektssyn, ho er ikkje fast og uforanderleg. Situasjonen som ho er i no som barn kan ho kome ut av, og ho kan verte forma av framtidige sosiale forhold.

5.2 Fanny i møte med det religiøse – Påverknad og kjensler

Fanny sitt inntog i forholdet mellom mann og kvinne er tidleg etablert. Då ei jente nokre år eldre enn ho sjølv vert forlova, vaknar merksemda frå Fanny og veninnene hennar. Gøymt vekk i ein mørk krok på høyloftet heime hjå Ebba diskuterer dei tre jentene kva som skjer etter at ein vert gift, og kva dette kjærleikspørsmålet kan vere. Dei har ikkje noko konkret forklaring eller fakta å gå etter, og all informasjonen deira kjem frå historier på bygda og skrøner frå drengestova. Fanny fortel om det ho har høyrte på drengestova, og jentene vert

meir og meir nysgjerrige. Samstundes er dei skamfulle og får dårleg samvit over temaet dei diskuterer. Særleg tykkjer dei det er vanskeleg å forstå korleis eit barn vert laga:

Det var så umåteleg mykje som dei ikkje forstod. Og det var alt i hop so fælände ufjelgt. Kor kunde det no t. d. lata seg gjera å føde born? Tenk, desse store borni, som var mykje større enn dokkune våre; korleis kunde det går til? Og kvifor var det berre gifte folk, som fekk born? Det var Gud som skapte borni; det visste me; men at det då skulde turvast å gifte seg fyrst? [...] Jomfrua hjå Andreassen hadde fengi barn, endå ho ikkje var gift. Men so hadde Andreassen vorti lagd ut til far åt barnet; og kva vilde det segja, tru, å vera barnefar? Og korleis kunde han vera far til barnet åt jomfrua, når han samstundes var gift med kona si?¹³³

Dømet gjev oss ei forståing av den manglande kunnskapen til jentene. Slik Fanny og veninnene forstår situasjonen følgjer det med reglar og rammer kring det å lage barn. Ein skal vere gift, ein skal vere passeleg ung, men ikkje for ung, men heller ikkje for gamal. Samstundes kjem det religiøse og det vitskaplege i klem med kvarandre, for er det ikkje Gud som skapar barna slik som Fanny er fortald? Ein får sjå korleis Fanny og hennar jamgamle, systematisk og bevist vert heldt uvitande om viktige saker som barnefødsler og ekteskap. Sannsynlegvis for å sikre seg at døtrene sin dyd ikkje vert sett i fare.

Dette er ikkje overraskande for årstalet handlinga spelar seg ut i, men det syner oss korleis slike handlingar er med på å gje ein psykologisk effekt og stiller særleg jenter i eit dårleg utgangspunkt for seinare i livet. Då Lea får barn, er Fanny kry over nevøen sin, samstundes som ho kjenner på usikkerheit over det som er ein naturleg del av livet: «Ja for uff! det var ufysi. Ish; uff; at Lea kunde vera til; tenkje seg: verkeleg ha født eit barn! Og alle folk visste, at det var ho som hadde født det! kor kunde nokon greide slikt? Ho kjende seg brydd berre av å vera barnegjente».¹³⁴

I Fanny sitt tilfelle fører mangelen på korrekt informasjon til ein livlegare fantasi og skamkjensle. Då tankar om seksualitet og kropp er betrakta som syndige, og skamfulle, er dette med på å skape vanskar for kvinna når ho etter kvart inngår forhold og vert gift. Som dømet ovanfor viser, har desse sosiale rammene frå oppveksten påverka Fanny på den måten at barnefødsel er noko ein skal gøyme vekk og ikkje tale om.

¹³³ Garborg, *Hjå ho mor*; 67, 68

¹³⁴ Garborg, *Hjå ho mor*; 129

Beauvoir skriv at «[e]n streng oppdragelse, frykten for å synde og skyldfølelsen overfor moren, danner mektige stengsler».¹³⁵ Dette er noko ein kan sjå teikn til i Fanny sin subjektivitet. Me kan stadfeste at fru Holmsen sitt formål med Fanny si sosiale og religiøse lære er å utøve kontroll over ho. Som framtidig erotisk kapital, er Fanny sin seksualitet enda ein ting som fru Holmsen vil ha kontroll over.

Fanny si framtid kan sikre mora husvære og profitt. Ein kan gå så langt som å seie at mora invaderer Fanny sitt eige sinn og dannar sine eigne restriktive rammer og mekanismar. På den måten oppnår fru Holmsen fullstendig herredømme over si siste spelebrikke. Fru Holmsen si religiøse undervisning gjev Fanny så mykje skam, skuld kjensle og frykt at Fanny vert hindra i å utvikle eit sunt og normalt forhold til sin eigen kropp og seksuelle kjensler.

Det hindrar likevel ikkje Fanny i å oppleve si fyrste forelsking då ho treff ein gut ved namn William. Forelskinga er ein god erfaring for Fanny som med dette får utvikle kjensler ovanfor andre enn mora, og får sjå verda frå ei litt anna side. Samstundes som Fanny opplever si fyrste forelsking, er det ei anna hending som tek opp plass i livet hennar; konfirmasjonen.

Barndommen sin «allestedsværende» Gud er igjen ei byrde for Fanny. Ho går i Vestre Aker kyrkje hjå kapellan Holck, som ikkje kan skildrast som anna enn prinsipiell pietist med lite menneskelegdom til overs. Då presten legg ut om dei ti bod, kjenner Fanny seg svært brydd. Ikkje berre har ho bede til ulike gudar, men ho har misbrukt Gud sitt namn og jamvel har ho banna også. Det fjerde bodet får Fanny til å stilne og granske seg sjølv.

Fanny ser på presten som ein reiskap frå Gud, eit middel som Gud kan bruke for å yte vreiden sin over ho: «[...] og gjennom den sjuklege sorg i mælet hans kjende ho Guds vreide yvi seg på ein særskild måte».¹³⁶ Særleg det utfordrande forholdet hennar til mora er eit syndefullt tema, då alle som gjer foreldra sine vondt skal verte bannlyst av Gud: «Å, ho hadde vori eit leidt, stygt barn; Gud hjelpe henne, so ofte som ho hadde gjort mor si vondt. [...] det kunde ikkje gange henne vel, og ho kunde ikkje liva lengi på jordi; den som banna far eller mor skulde visseleg døy; den som gjorde mor si vond var bannstøytt av Herren».¹³⁷ Om Gud gjev ho ein ny sjanse, vil ho verte eit anna menneske, ho vil verte enda snillare mot mor si.

¹³⁵ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 439

¹³⁶ Garborg, *Hjå ho mor*, 102

¹³⁷ Garborg, *Hjå ho mor*, 102

På grunn av den rollen religionen spiller i kvinners liv, er den lille piken, som vanligvis er mer dominert av moren enn det broren er, også mer påvirket av religionen. [...] For en from liten pike er forholdet til den evige far lik det forholdet hun har til sin jordiske far [...].¹³⁸

Slik skildrar Beauvoir religionen sitt inntog i den unge kvinna sitt liv. Eg har tidlegare nemnt forholdet mellom fru Holmsen og bruken av Gud som farsfigur for Fanny i oppveksten. Ein kan med atterhald seie at denne bruken av Gud vert ubevisst vidareført i konfirmasjonspresten si lære. Gjennom konfirmasjonslæra får mora ufortent mykje sympati og medkjensle frå Fanny. Fanny, som hittil har vore eit barn i vokster, og ikkje har oppført seg som anna enn eit naturleg barn, er livredd for Gud sin vreide over korleis ho har behandla mora si i oppveksten. Frå no av skal Fanny gjere alt for at mora skal ha det bra:

Berre snild vilde ho vera mot mor si. Ho gjekk heim brennande av gode tankar. Stakkars mor; ho hadde havt det vondt. Berre vondt hadde ho havt det. Berre slit og stræv; berre vesalldom og møde. Og so fekk ho ikkje glede av sine eigne born dessmeir. [...] Låkt var det; mor hadde grunn til å vera misnøgd. [...] Nei, det måtte bli annarleis. Det skulde bli annarleis.¹³⁹

Mora, som gjennom fleire år misbrukar religionen som eit verkemiddel for å utøve kontroll over dottera, er tydeleg den som tener mest på Fanny si konfirmasjonsundervisning. Enda verre er det sjette bodet som kapellan Holck presenterer. Då tala han «[...] um reinleik i tankar so Fanny skalv».¹⁴⁰ Den «onde» og forbode lysta som ungdomen Fanny kjenner på, vert sett på spissen av presten. Av alle dei ti boda er det dette han vektlegg mest og nyttar mest tid på å snakke om. Han fortel at kroppen skal vere eit tempel for Guds ande: «[...] me kunde då vita kva det var for eit heilagbrot å sulke til og skjemme ut dette tempel og gjera det til bustad for den ureine ånd. Usælt det menneskjet som Guds reinleiks ånd veik burt frå».¹⁴¹

Litteraturkritikaren Rolv Thesen skildrar hendinga slik: «Og då konfirmasjonstida kjem, skræmer presten mest vitet av det skuldlause, men skuldyngde barnet [...]».¹⁴² Thesen gjev ei passande skildring av Fanny i dette høvet, ho er ifrå seg av skuld for sine tidlegare «syndige» handlingar. Samtalane hennar om kropp og seksualitet med veninnene veg tungt for Fanny.

¹³⁸ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 349

¹³⁹ Garborg, *Hjå ho mor*, 103

¹⁴⁰ Garborg, *Hjå ho mor*, 104

¹⁴¹ Garborg, *Hjå ho mor*, 104

¹⁴² Thesen, *Ein diktar og hans strid*, 159

Igjen er ho redd for den «allvitande» Guden som er overalt: «Og dette ånde-mælet tala henne beint inn i sjæli; for det visste alt. Alt visste det. Det var Guds augo som las hjarta hennar no; aldri vilde ho våge å sjå upp meir».¹⁴³ Med dette er Fanny si forståing av seksualitet som noko skittent og syndig ytterlegare stadfesta.

Ein vert blant anna merksam på kor undertrykt den vitskaplege utviklinga til Fanny og dei andre jentene er. Fanny får konfirmasjonsundervisninga si i ein rein jenteklasse, dette kan få ein til å lure om gutane får den same talen om reinleik som jentene får? Ein får ikkje vidare informasjon om dette i teksten, men når presten talar om mennesket generelt, brukar han mannleg pronomen: «Slikt eit menneskje miste si mannshøgd; vart som ein av dei forgjorde i Evangeliet. Den ureine ånd fekk vald yvi ein arming; den ureine ånd elte han yvi lag. [...] Han kunde ikkje rive seg laus; knapt nok Gud hjelpte han og dreiv den uriene åt ut».¹⁴⁴ I dette høvet er det berre nytta kvinneleg pronomen når han snakkar direkte om den ureine ande: «Det er sant den ureine ånd er sterk. Men ho er ikkje sterk når me ikkje gjev oss. Me kjenner fyrriåt liksom vengtaki hennar; då skal me samle oss i bøn til Gud, og so må ho vike».¹⁴⁵

Dersom ein skal sette saka på spissen, kan ein her peike på at kyrkja ikkje erkjenner kvinna som eit menneske, i alle fall ikkje i same klassen som mannen. I dette tilfellet er kvinna betrakta som syndaren, som den onde ande som driv mannen vekk frå Herren. Med tanke på kyrkja sin posisjon, og kvinna sin plass i samfunnet er det ikkje umogleg. Dette stemmer såleis overeins med Beauvoir sine tankar kring kvinna sin posisjon som Den andre: «Hun bestemmes og skilles ut i forhold til mannen, ikke han i forhold til henne: hun er det uvesentlige overfor det vesentlige. Han er Subjektet, han er Det absolutte: hun er Den andre».¹⁴⁶

I konfirmasjonstida til Fanny er det lagt store planar for konfirmasjonskjolen. Jentene skal vere pynta når dei konfirmerer seg, og når dei går i kyrkja elles. For den som ikkje har stor rikdom eller familie, er konfirmasjonen tilnærma ei utstilling der unge jenter er stilte ut for potensielle friarar. Utsjånad er her enda viktigare å fremje. Det syner også at når mødrene er opptekne av det ytre, smittar det over på døtrene. Det gjev ei oppfatning av at det ytre tel meir enn det indre. Kyrkja gjev støtte til denne framsyninga av dei unge konfirmasjonsjentene og

¹⁴³ Garborg, *Hjå ho mor*, 105

¹⁴⁴ Garborg, *Hjå ho mor*, 104

¹⁴⁵ Garborg, *Hjå ho mor*, 105

¹⁴⁶ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 36

forklurar det med at dei pyntar seg for den himmelske brudgommen deira, Jesus.¹⁴⁷ For Fanny er mannen nesten glorifisert og stiller på same rekkje som Jesus. Det kan samsvare med Beauvoir sine meiningar om stoda mellom ei ung kvinne sitt inntog i det religiøse liv, og teorien hennar om mannen som det absolutte subjekt. I alle posisjonar er det mannen som er størst og allmektig:

Og i de vestlige religionene er Gud Fader en mann [...]. For de kristne er Kristus fremdeles enda mer konkret en mann av kjøtt og blod med langt, blondt skjegg. [...] englene har ikke noe kjønn, men de har mannsnavn og viser seg i vakre, unge menns skikkelse. Guds utsendinger på jorden, paven og biskopene, [...] presten som fremsier messen, den som preker, den man kneler for i skriftestolens mørke, er alle menn.¹⁴⁸

Dersom ein tolkar Fanny si konfirmasjonsundervisning i praktisk betyding, er det avklart at kvinnene skal halde seg uskuldige, reine og halde seg vekke frå freistingar som den vonde ande, som kan lesast som seksuell omgang for kvinner. Vidare vert mannen gjeve ei rolle som subjekt og menneske, medan kvinna er ei freisting son ein må halde seg vekke frå. Bruken av Jesus som brudgom er på fleire måtar uheldig. Her vil eg syne til fru Holmsen si svigerinne, Fanny si inngifte tante. Det er tidleg klart i forteljinga at ho er sjukeleg og ikkje er i stand til å arbeide. Seinare kjem ho i kjennskap med ein «halvtryllt teolog» som får ho til å tru at ho skal reise til himmels når som helst:

Det var en halvtryllt teolog ho var komi i hendane på; og han hadde sett det i henne, at ho og han sjølv og nokre til skulde fara livande til himils no snart. So gjekk då Marie Pedersen og venta på dette, og heldt seg reidug stødt, so Brudgommen, når han kom, ikkje skulde finne henne sovande.¹⁴⁹

Svigerinna går rundt i huset og held seg reiseklar heile tida. Ho er sjukeleg oppteken av denne himmelske reisa og brudgommen sin, og er ikkje lenger i stand til å passe sitt eige hus. Lengslene og draumane hennar er så fokuserte på det guddommelege og det evige livet, at dei tek fullstendig over det kvardagslege livet hennar i den verdslege verda. Sitatet ovanfor gjev

¹⁴⁷ I bibelen finn ein mykje biletspråk som talar om at dei kristne er Jesus sin brud. Ei vanleg tolking av dette er Jesus som brudgom og menigheiten som hans brud. I den forståing at alle kristne ein gong vil møte sin endelege brudgom/livsføljar. I vestleg kultur var det tidlegare vanleg å tenkje at ei avdød jomfru vert Kristu brud. Dette temaet vert brakt på bane i *Hjå ho mor*:

¹⁴⁸ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 349

¹⁴⁹ Garborg, *Hjå ho mor*, 24

også eit døme på forteljaren sin bruk av variabel fokalisering. Forteljaren står utanfor historia og er i stand til å objektivt skildre handlinga og personane som dukkar opp.

Ideen om ein himmelsk brudgom er med på å gje religionstematikken i romanen ein undertone av seksualitet. Dette gjeld implisitt kvinnene. I kristne salmar og forteljingar kan ein finne antydingar og spor av erotikk.¹⁵⁰ Kyrkja vil gjerne forsvare og bortforklare salmar med erotisk undertone ved å gje dei ei større meining og profetisk tolking. I Fanny sitt høve, som ei ung kvinne utan teologisk utdanning og som lett vert påverka av autoritetsfigurar, vil ho kunne tolke ei slik forteljing bokstaveleg. Spor av dette ser ein også tydeleg i svigerinna til fru Holmsen. Det syner kor stor påverknad og rolle kyrkja har over Fanny og andre personar i romanen.

Det er ikkje nemnt at Fanny sine seksuelle kjensler og lengsler er direkte knytt til den himmelske brudgommen. Eg vil derimot trekke linjer mellom det som eg vil omtale som Fanny sin «draumeprins» og kyrkja sin versjon av denne. Om lag eit år før Fanny skal konfirmere seg går ho tur, og spaserer forbi dei pene «Herreborgine». Her fantaserer ho og drøymmer seg vekk:

Kannahende råka ho ein ung, fin herre som såg at ho var ven; so tok han henne med seg til lystgarden sin; let henne lauge seg i rosevatn og klæde seg i kniplingar og raud silke; då synt det seg at ho var den venaste i verdi; [...] Og dei åt og hadde det godt; sidan førte han henne burt-til sofaen; der sette dei seg; og so vart ljuset sløkt; so tok han henne um halsen og kysste henne.¹⁵¹

Fantasien og kjensla som Fanny kjenner på i dagdraumen sin, kan samanliknast med kjenslene ho opplever då ho pyntar seg til konfirmasjonen sin:

Det var ein særskild ven svart kjole av heilt ullan, med ei breid silkesløyfe i sida og dubbelfrynsur um kuftelivet; han sat retteleg fint. Ho var mest kløkt, Fanny. Raudnande steig ho att og fram på golvet framfyri spegilen og tamde seg upp til å gå med slæp; *kunde* det vera råd: var det ho som var so fager? Dei kvite kniplingsbandi um hendar og hals gav henne ei høgtidslag; ho minte mest um ei ung brur.¹⁵²

¹⁵⁰ Det er ikkje nemnt noko spesifikk salme i romanen, men det kan vere verdt å nemne for å skape eit bakgrunnsbilete og større forståing kring stoda i forteljinga. Eit døme er Salomos Høysong som kan gje eit bokstavleg bilete av kjærleiken mellom bruda og den himmelske makta.

¹⁵¹ Garborg, *Hjå ho mor*; 97

¹⁵² Garborg, *Hjå ho mor*; 111

I dette sitatet kan ein også peike på dei narratologiske verkemidla hjå forteljarrøysta. Dette syner bruken av ekstradiegetisk forteljar og variabel fokalisering, der forteljaren observerer og attfortel handlinga. Forteljaren sin distanse til det som vert fortald kan vere med på å fremje handlinga ytterlegare. Forteljaren let hovudpersonen leie lesaren gjennom handlinga og kjenslene sine. Samstundes kan ein legge merke til kor forteljaren steppar inn og tek ordet før han igjen let Fanny fortelje: «Ho var mest kløkt, Fanny».¹⁵³

Fanny trur at fantasien om draumeprinsen hennar skal verte sann så snart ho er konfirmert, «det sagde seg sjølv; so snart ein var konfirmert so kom alle desse friarane...».¹⁵⁴ Ho er overraska då ho ikkje får andre friarar enn tollaren Ryen. Fanny vil ikkje ekte han, og mora vert svært arg og straffar Fanny ved å svelte ho:

Augo gneistra; mælet vart kvast og rått. [...] Trudde Fanny at ho var ei prinsesse kanskje? Huga ho, at ho ikkje åtte dei klædi ho gjekk med? [...] Frøkni vilde kanskje ikkje gifte seg, fyrr ho fekk ein prins? Ho trudde vel heile verdi stod og venta på henne? Jøss! Slikt eit gildt gifte som ho var? [...] Næste morgon fekk ho ikkje kaffi. Du fær ta` det som du vil ha det, meinte mor.¹⁵⁵

Tematisk bidreg mora sine kvasse ord om Fanny som prinsesse, som ventar på prinsen sin, til tolking av Fanny sin dagdraum. Fanny sin førestilling om ein draumeprins kan koplast til riddareventyr. Som ei kvar ung møy, er også Fanny i stand til å fantasere om å verte redda av ein riddar på kvit hest. Men Fanny sin draumeprins er heller meir realistisk og tidsretta. Ho drøymmer ikkje om rustning og galopperande hestar, men om ein ung mann som gjev ho pene klede og eit godt måltid. Fanny sine fantasiar er realistiske av natur, og sjølv i draumeverda held dei seg til relativt realistiske element.

Fanny arbeider på Vollmanns basar, men det harde arbeidet og det vetle ho får å ete, gjer at ho vert overarbeida og sjuk. På eit tidspunkt er ho nær å bede ho mor om å skrive til Ryen: «I kveld, når ho kom heim, vilde ho beda mor si skrive til tollaren; det kunde ikkje bli verre enn det var. Ish; han var nok ulidande. Men ho fekk det vel alltid betre hjå honom enn ho hadde det hjå ho mor?»¹⁵⁶ Sitatet syner kor dårleg stoda faktisk er for Fanny, og kor stor makt mora har over Fanny. Ein kan også merke seg det ironiske stikken til romanen sin tittel. Det ymtar fram at sjølv den verst tenkelege friaren, Dauden i Lybekk, er eit betre val enn å verte verande

¹⁵³ Garborg, *Hjå ho mor*, 111

¹⁵⁴ Garborg, *Hjå ho mor*, 101

¹⁵⁵ Garborg, *Hjå ho mor*, 120, 121

¹⁵⁶ Garborg, *Hjå ho mor*, 121

hjá ho mor. Mora utøver omsorgssvikt og gjer seg sjølv direkte utriveleg å bu med. For å få resultatet som fru Holmsen ynskjer, brukar ho atter ein gong religionen som verkemiddel for å få viljen sin:

Ho mor tvinga seg. Ho tok til med fyriteljingar for Fanny, og ho slutta med bønir. Hugsar du kor mange gongir du hev lova å vera snild mot mor di du, Krulltoppen min? sagde ho. [...] Og veit kva du lova presten... at du skulde vera lydige mot Gud; og Gud, veit du, vil at du skal vera lydige mot mor di....¹⁵⁷

Med frykta for Gud sin harme i ryggen, mora sin utrivelege atmosfære og mangelen på mat, gjer at Fanny er nær ved å ta sjansen på den aldrande friaren sin. Fanny pådreg seg lungebetennelse, og trur på eit tidspunkt at ho er døden nær. Ho har feber og i sin forvirra sinnstilstand fantaserer ho om det som kan kallast eit himmelsk draumbryllaup: «Men då var det for seint. Ja gjev ho fekk døy. Å Herre Jesus, kom og tak meg... [...] Jesus skulde vera brudgomen hennar. Åh, ho var so trøyt. Englane skulde gå i festferd med lange palmegreinir... upp gjennom heile Vor Frelsers kyrkje. Fagre brurpikur».¹⁵⁸

Fanny ynskjer berre at Jesus skal kome å hente ho. Han skal vere brudgommen hennar. Bryllaupet skal ha englar med palmegreiner og vakre brudepiker. Fanny kan ikkje finne draumeprinsen sin i det verkelege livet, men i kyrkja kan ho finne ein himmelsk erstattar. Fanny sine fantasier om bryllaupet med Jesus er kanskje det næraste ein kjem til ein urealistisk dagdraum i forteljinga. Historia er sterkt prega av eit naturalistisk prinsipp, men her i feberfantasia med religiøs påverknadskraft kan Fanny endeleg fantasere seg vekk. Her får ho alt ho ynskjer seg, ein pen kjole, vakker utsjånad og ein staseleg mann. Det er i stor grad berre tanken på det evige livet som gjer at Fanny kan halde ut med den verkelege verda. Religion og erotikk er gjerne diskutert som to åtskilte tema i romanen. Eg vil seie forholdet mellom det religiøse og det erotiske i menneskelivet er å rekne som eit tredje hovudtema, sjølv om det kanskje berre kjem implisitt fram i teksten.

I det førre delkapittelet konkluderer eg med at barnet Fanny høyrer til Jonathan Culler sitt fjerde subjektssyn, skapt og sosialt. Det er interessant å sjå om den litt eldre ungdommen og konfirmanten stiller sterkare i eit anna subjektssyn. Har det skjedd ei endring i Fanny sitt indre subjekt sidan barndommen, eller er ho framleis knytt til dei same føresetnadane som prega barnet Fanny? I barndommen er Fanny si utvikling i stor grad prega av mora og hennar

¹⁵⁷ Garborg, *Hjá ho mor*; 119, 120

¹⁵⁸ Garborg, *Hjá ho mor*; 122

religiøse lære. Religionen følgjer Fanny vidare inn i konfirmasjonstida, men denne gongen får Fanny lære direkte frå ein mann av Gud og ikkje mora. Likevel har religionsundervisninga vist seg å gjeve meir utbytte for mora enn for Fanny sjølv. Når ein kastar inn store element som religion er det naturleg at subjektet si sjølvforståing vert endra og kan flytte fokus. I høve dei fire subjektssyna vil eg seie at Fanny som ungdom kan passe inn i det andre subjektssynet. Subjektet er då fast og uforanderleg, men gitt av sosiale forhold. Eg-et er unikt, men eg-et er skapa på grunnlag av sosiale forhold. Subjektet er den ho er på grunn av dei sosiale forholda og miljøet kring ho. Fanny som subjekt er sterkt påverka av blant anna oppveksten og oppdragelsen ho har motteke, samstundes som ho no i enda større grad enn tidlegare vert påverka av religionen. Bymiljøet, som ho no held til i, er også med på å påverke utviklinga av subjektet. Slike store element er noko som er med på å forme eit menneskje.

5.3 Teateret – Eit scenisk innslag og livet bak teppet

I tidlegare år fungerte skulen ofte som eit reiskap for kyrkja, og i *Hjå ho mor* er det ikkje noko unntak. Skulen skal fremje kyrkja sitt ord, og gje borna eit kristeleg grunnlag. I motsetnad til skulen, vil eg freiste å seie at kyrkja heller vert framstilt som eit verkemiddel og reiskap for dei velstående i samfunnet, for dei som ynskjer å halde klasseskiljet ved like. Det er ikkje skrive noko direkte kritikk mot kyrkja i romanen, men det er ikkje vanskeleg for lesaren å gjere opp si eiga mening.

Når ein talar om kyrkja som påverknadskraft i Fanny sitt liv, kjem ein ikkje utanom teateret. Fanny er i ung alder svært betatt av teateret, og som liten drøymmer ho om å verte skodespelar. Som ungdom går Fanny på teateret med venene sine, og får nokre roller som statist. Det ein kan leggje merke til når det er snakk om teateret i romanen, er korleis temaet implisitt vert kopla til kyrkja og religionen. Teateret og kyrkja vert ikkje direkte knytte til kvarandre før fru Kahrs samanliknar dei. Ho og Fanny pratar om ynsket hennar om å verte skodespelar, og fru Kahrs forklarar skodespelaren slik:

Me skal forklåre oss for kvarandre; berre folk rett lærer å kjenne og skyna kvarandre, so vert dei gode mot kvarandre, og so vert livet ljost; men det er det, ein kunstnar betre enn nokon annan kann gjera: lære oss å forstå kvarandre. Skodespelaren kanskje mest. Han skal stille fram menneskjet for oss, so me ser det og forstend det; han skal lære

oss å vera forsonlege mot kvarandre. Då gjer han likso mykje godt frå tilet som presten frå preikestolen.¹⁵⁹

Fanny vil hugse på desse orda, det er «so fagert».¹⁶⁰ Orda til fru Kahrs kan få ein til å sjå presten på same linje som ein skodespelar. Då Fanny er ti år gamal, kjem det eit omreisande teater til bygda hennar, Kristiansborg. I stykket møter eit ungt og forelska par på fleire hindringar før dei i siste del av stykket endeleg får kvarandre.¹⁶¹ Heltinna har ein nydeleg lyseraud kjole av silke på seg. Dei kyssar tre gongar og teppet går ned. Dei tre kyssa er eit teikn på at paret no er forlova, slik at avslutninga kan verte rekna som sosialt akseptabel. Frå no av er Fanny og veninnene hennar sine største ynskje å eige ein slik praktfull kjole og stå i same rolle som den unge heltinna på teateret. Dei tre veninnene kler seg ut og leikar teater. Dei lagar ein fortsetjing av teaterstykket, der dei held bryllaup og lagar barn ved hjelp av dokkene sine. Her kjem spørsmålet kring seksualitet og samliv opp hjå dei tre jentene, og dei undrast over kva hemmelegheiter dei vaksne skjuler for dei. Sidan det må haldast skjult er det sikkert «fælende ufjelgt».¹⁶² Resultatet er at det som er skjult må vere noko stygt og gale, medan det som synest fram er det riktige, som pene kjolar og eit vakkert andlet. Fanny får forståinga av at det som er skjult bak fasaden bør ein helst ikkje tale om. Dette ser ein til dømes då Lea får barn, og Fanny sin reaksjon på dette. Ein kan seie at dette er byrjinga av Fanny sin «draumeverd» der pene kjolar og ein kjekk herremann tek ho med storm. Oppfatninga om at viss ein sjølv har pen utsjånad og ein fin kjole, kan ein også få ein mann av same kaliber. Ideen om draumeprinsen har då slått rot.

Då ungdomsjenta Fanny får spele på teateret om kveldane, gløymer ho vekk den vanskelege kvardagen, og «[h]o livde på teatret som i eit æventyr».¹⁶³ Teateret er som eit eventyr der ho vert pynta i fine kostymer og strålende utsmykkingar. Ho kjenner dei fleste og er nokså populær. Realiteten er at ho kjenner på lukke når ho er i teateret, i motsetnad til heime og i kyrkja: «Å gudskjelov, at ho hadde teatret. Her var heimen for henne; her hadde ho si von og si trøyst».¹⁶⁴ Ho håpar at ho kan tene nok peng til å ta utdanning som skodespelar. For ein gong skuld kjenner Fanny på rein lukke, samstundes som ho drøymmer om å gjere denne lukka til ein realitet. Då Fanny er konfirmant og står klar i konfirmasjonskjolen sin tykkjer ho fyrst

¹⁵⁹ Garborg, *Hjå ho mor*, 128

¹⁶⁰ Garborg, *Hjå ho mor*, 128

¹⁶¹ Garborg, *Hjå ho mor*, 65

¹⁶² Garborg, *Hjå ho mor*, 67

¹⁶³ Garborg, *Hjå ho mor*, 100

¹⁶⁴ Garborg, *Hjå ho mor*, 100

at ho ser ut som ei ung brud, men tankane hennar går fort over til teateret: «Du slette tid; tenk om ho kom inn på teatertilet ein gong i ei slik ein bunad...». ¹⁶⁵ Den flotte kjolen og hatten minner ho om skodespelarane som gjer seg klare bak scena for å gå framfor kveldens publikum. Kjensla som ho kjenner på denne dagen gjev assosiasjonar til kjensla ho kjenner på når ho er på teateret: «Det var så umåteleg, umåteleg gildt! Det dirra og spratt i heile hennar kropp». ¹⁶⁶

Fanny er særleg begeistra for miljøet bak scena. Heime og i kyrkja er ho underlagt autoritetar, som straffar ho dersom ho ikkje er lydig og ordentleg. Redsla for både mora og Gud er framleis til stades, og ho føler at ho aldri kan tilfredsstille dei ordentleg. På teateret derimot, bak scena, er det ingen som er ute etter å straffe Fanny dersom ho trår feil. Det er ingen høgare autoritetar å frykte. Når sceneteppet går ned er alle like:

[...] der kongar og dronningar og draugar og skjelmar gjekk i full bunad og rødde um, kva dei skulde eta til kvelds... Der kom Hammer, som nett var drepin, i samtale med mordaren sin, Klausen; Gundersen og Reimers og fru Juell sat og var venlege, endå dei på tilet var åbruike på kvarandre; dei skulde baa tvo vera hugtekne i Gundersen. ¹⁶⁷

Når teppet går opp er kameratskapen og likskapen mellom skodespelarane erstatta med autoritære figurar og rangordning: «[...] so tok musikken til; so ringde det på ei klokke; kongar, dronningar, draugar og skjelmar for kvar til sin kant; no gjaldt det; no gjekk duken opp; stakkars deim som hadde lampefeber». ¹⁶⁸ Skilnaden på bak og framfor scena kan syne til ordninga i det verkelege liv. Det er kanskje ikkje tilfeldig at det er nettopp denne rollelista det vert fortalt om. Ei rolleliste beståande av figurar med ulik rang og bakgrunn. Det kan få lesaren til å reflektere over ordninga i det eksisterande samfunnet utanfor teateret. Her kan ein hugse orda til fru Kahrs, som samanlikna skodespelaren med presten.

Teksten syner fram eit oppsett teaterstykke, på same linje som det syner det sceniske ved kyrkja. Teateret og kyrkja er dei to faktorane som sterkast formidlar og stimulerer menneskja til verkelegheitsflukt, og som kan fremje falske håp og draumar om lukke. Det er forskjell på å vere djupt religiøs og ta alle orda til presten bokstavleg, mot å vere den som tek eit kritisk skritt til side. Då kan ein kanskje sjå likskapen mellom skodespelaren og presten, som fru Kahrs seier. Teksten gjev ei diskret samanlikning mellom teateret og kyrkja. Eit teater er til

¹⁶⁵ Garborg, *Hjå ho mor*, 111

¹⁶⁶ Garborg, *Hjå ho mor*, 110, 111

¹⁶⁷ Garborg, *Hjå ho mor*, 100

¹⁶⁸ Garborg, *Hjå ho mor*, 100

for å underhalde, fremje glede og latter, eller djupe kjensler frå publikum. Som lesar ser ein teksten utanfrå og forhåpentlegvis i eit objektivt lys. Då vil ein vere i stand til å sjå samanhengen mellom det sceniske og det iscenesette. At det som skjer ved ei preike kan minne om det iscenesette ved teaterscena. Når det vert trekt linjer mellom kyrkja og teateret, får lesaren eit innsyn i kva rolle samfunnet sin religiøse ordning spelar.

Fanny er lukkeleg på teateret, og kanskje er det difor ho ubevisst samanliknar andre situasjonar, som konfirmasjonstida, med teateret. Samfunnet og rangordninga som Fanny lever i, godtek ho utan vidare. Dersom samfunnet var som bak scena, kor mykje lukkelegare ville Fanny ha vore? Kor betre hadde ikkje verda vore for dei med lågare status i samfunnet dersom alle var som teaterfolket til Fanny? Bak teppet og fasaden finn ein naturleg kameratskap og likestilling, medan når teppet går opp fell alle inn i dei kunstige rollene sine og konvensjonane. For Fanny er det som å ha tilgang til ein del av samfunnet som ikkje eksisterer, ein draum eller ei fjern framtid. Ho får innblikk i korleis ting faktisk kan vere og korleis menneskja faktisk kan vere mot kvarandre, hadde ein berre ikkje vorte sett i bos i form av klasseskilje og sosiale konvensjonar. Teateret gjev subjektet ein form for fridom. Fridom til å vere seg sjølv og uttrykkje seg. Som notidig lesar har ein vakse opp med den slags fridom, ein er ikkje bunden av klasseskilje og normer slik Fanny er. Subjektet er sett i ein posisjon der ho er freista med smaken av fridom og ideen om eit fritt samfunn. Ideen om fridom vert slått ned når ho fjernar seg frå teateret, og vert fanga av samfunnet sine konvensjonar og forventingar.

Eg har gjort greie for kva subjektssyn Fanny høyrer til som barn, og i konfirmasjonsalder. Av nysgjerrigheit er det interessant å sjå kva syn subjektet lenar mot når ho er på teateret, samanlikna med i kyrkja. Er subjektetsforståinga den same når ho går inn i eit anna miljø som ikkje er regjert av autoritetsfigurar? I høve konfirmasjonstida, plasserte eg Fanny i det andre subjektssynet på grunn av den religiøse påverkinga og samfunnet sine normer. Engasjementet for teateret finn stad om lag i det same tidsrommet som konfirmasjonen. Det er difor interessant å sjå korleis subjektet endrar seg ettersom kva miljø ho er omgitt av. Eg vil framleis seie at Fanny høyrer til det andre subjektssynet, slik som under konfirmasjonstida. Samstundes vil eg påstå at ein her kan sjå ei draging mot det tredje subjektssynet. Subjektet er då skapt og individuelt.¹⁶⁹ Subjektet er forma av sjølve individet og val som ein sjølv tek i livet. Teateret har ein positiv påverknad på Fanny, og ho gjev teikn til at ho framleis kan

¹⁶⁹ Culler, *Literary theory*, 11

formast som eit sjølvstendig individ. På teateret står ho friare til å vere seg sjølv, samanlikna med i kyrkja der fridomen hennar er forankra i reglar og konvensjonar. Det er interessant å sjå om subjektet er i stand til å bryte med det andre subjektssynet og miljøet kring det då ho vert ung vaksen og må finne sin eigen plass i samfunnet.

5.4 Fanny – Forsøk på frigjering

Ein kan stadfeste at Fanny er påverka av mange faktorar. Til ein viss grad kan ein seie at det ikkje berre er mora som bidreg med å oppdra Fanny. Både kyrkja, veninnene, skulen og teateret er faktorar som spelar ei rolle, og som er med på å oppdra individet Fanny. Til slutt har me Fanny sjølv. I Kristiania er ho møtt av ein fattigdom og elendigheit som ho er reint skremt av. Sjølv om Fanny og mora har innteke ein plass i mellomklassen med lågare inntekt, er angsten og skamma for fattigdommen til stades. Fanny sin streben etter fridom kan tolkast på to nivå, *eksistensiell* fridom og *konkret* fridom.¹⁷⁰

Fanny er på besøk på Universitetet for å sjå på dyresamlinga, noko som ho tykkjer er svært lærerikt og morosamt: «So mykje rart hadde Fanny aldri set; og det gildaste var når ho råka på gamle kjenningar frå naturhistoria».¹⁷¹ Ho lærer om ulike dyreartar, ser på utstoppa dyr og anatomien deira. Fanny er så interessert i dette at professoren bestemmer seg for å lære ho om menneskekroppen, og syner ho ein modell av kjønnsorganet til ei kvinne. Då professoren tek til med forklaringar vert Fanny full av redsle. Frykta for det syndige som skal haldast skjult held ved ho, og ho fryktar kva både mora og Gud vil gjere når det vert klart kva ho har fått vite. Likevel vert ho verande til professoren er ferdig å snakke:

[...] no vilde ho gå. Men ho gjekk ikkje. Ho hørde det meste av det han sagde. [...] Hugvill og ør sette ho avstad. Ei sanselaus redsle elte henne og dreiv henne; ho flaug og ho sprang; [...]. Å fy, å fy, for ei simpel gjente ho var. Aldri meir torde ho å sjå folk i augo. Å; tenk um Grete visste ... og tenk um alle dei andre pene gjentune visste Og ho mor; og Lea ... og tenk han som visste allt; å, ho vart æveleg usæl. Å fy, so simpelt. Å fy, å fy ... Det var kje han, ho hadde vori rædd, det *var* ikkje han ...;¹⁷²

¹⁷⁰ Eksistensiell- og konkret fridom er Simone de Beauvoir sin tolking av fridomsomgrepet. Dette kjem eg meir inn på seinare i kapittelet.

¹⁷¹ Garborg, *Hjå ho mor*; 98

¹⁷² Garborg, *Hjå ho mor*; 99

Sitatet syner ein konflikt i Fanny. Ho er nysgjerrig og lærevillig, men oppsedinga til mora og frykta for straff gjer at ho ikkje evnar å utdanne seg. Ho er redd for kva veninnene vil seie, og redd for å verte stempla som simpel. Det er eit tydeleg døme på kva mora si manipulering, kyrkja, klasseskilje og sosiale normer har å seie for danninga av subjektet. Fanny tykkjer det verste er at ho likar det: «Tenk; stå å høyre på slikt ... og mest ... tykkje moro i det!»¹⁷³ Ein er vitne til ein indre strid i subjektet, der vitskap og utdanning kjem i strid med kyrkja og oppsedinga. Dei tidlegare erfaringane hennar er med på å påverke den vidare utviklinga av Fanny som vaksen kvinne. Mangelen på korrekt informasjon om sin eigen kropp og mangelfull utdanning er med på å stagnere Fanny si kjensle av fridom. Kva fridom har Fanny som individ dersom ho ikkje er i stand til å lære om dei mest naturlege fysiologiske evnene til kvinnekroppen, på grunn av frykt for mora og Gud. Ein seier at «kunnskap er makt», men hjå Fanny er kunnskap i dette tilfelle eit middel som lenkar ho fast i eit negativt mønster. Ein kan kanskje seie at kunnskap ikkje kan verte makt for Fanny, sidan ho ikkje er i stand til å skilje mellom kyrkja, mora og vitskap.

I dømet kan ein også peike på bruken av den ekstradiegetiske forteljaren. Forteljaren står utanfor handlinga og formidlar den til lesaren. Han er objektiv i si attgjeving, men attgjevinga vert brote opp av Fanny sine eigne tankar og indre monolog: «Å fy, å fy, for ei simpel gjente ho var».¹⁷⁴ Det er ikkje ofte at forteljaren tek eit skritt til side og let hovudpersonen sjølv vere den som driv historia. Eit slikt verkemiddel i forteljinga er lønsamt for lesaren og sjølve historia. Det let lesaren få eit innblikk i Fanny sine kjensler og er med på å skape større nærleik og sympati for subjektet vårt. Det gjev også eit innsyn i Fanny som kvinne. Samstundes er nett dette dømet med på å skape ein raud tråd mellom oppsedinga, samfunnet og subjektet sitt indre, og danninga av dette. Det tydeleggjer ein indre konflikt hjå Fanny. Bruken av narratologiske verkemiddel her gjer at lesaren kan sjå biletet i heilskap.

Etter konfirmasjonen og Fanny sitt avslag til Ryen sitt frieri, ser ho seg nøydd til å søkje post for å sørgje for seg sjølv og mora. Ho er dårleg rusta til å føre ein kamp for å vinne fridomen som ho lengtar etter. Det er rein vilje og den sterke trongen til å fortsette å leve som bergar ho. Draumen er å verte skodespelar og leve av kunsten. Meir enn nokon gong tidlegare er Fanny ivrig på å tene pengar for å verte økonomisk uavhengig. Ho er klar til å ta på seg alle

¹⁷³ Garborg, *Hjå ho mor*; 99

¹⁷⁴ Garborg, *Hjå ho mor*; 99

postane for å nå draumen sin: «Um eit år vilde ho eige fire og tjuge dalar. So gjekk ho til fru Gundersen; og so til teatret; og når ho kom dit vilde alt gamalt vera gløymt».¹⁷⁵

Med stillinga si som bakarjomfru hjå bakar Schulze i Karl-Johans gate, finn Fanny på nytt livsgnisten sin. Det harde arbeidet, og det sosiale kameratskapet mellom dei tilsette, har ein positiv effekt på Fanny. Ved å entre dei arbeidande sine rekker bryt subjektet med sine tidlegare hemningar. Fanny går meir og meir vekk frå kyrkja og makta den har over kvardagen hennar: «Med sitt gode hold fekk ho og att sitt gode huglag; dei siste restane av konfirmasjons-gudfrykti hennar vart burte som eim. Ho gløymde endå kveldsbøni si. Ho hadde ikkje det grand bruk for Vårherre».¹⁷⁶ Det syner igjen kor mykje miljøet og sosiale relasjonar har å seie for subjektet og utviklinga hennar. Det er ein naturalistisk tanke at menneskje er prisgjevne av arv og miljø. For Fanny sin del speler miljøet kring ho ei stor rolle i korleis ho utviklar seg. Ein kan sjå at Fanny som subjekt endrar seg ettersom kva miljø ho er i. Det kan få ein til å lure på kor stor del av Fanny som er forankra i det naturalistiske grunnprinsippet. Er subjektet endeleg skapa av miljøet ein veks opp i, eller er det miljøa som ein omgjev seg med i vaksen alder som har den avgjerande rolla?

Som butikkjomfru har Fanny no fått ein lågare sosial status enn tidlegare, og ho mislikar å servere gamle kjenningar i butikken. Då den fine veninna hennar, Grete, kjem innom, kjenner ho seg brydd over at ho kjenner bakarjomfrua som serverar kundane. Grete er rask med å finne noko å seie, og gjev uttrykk for at det er ingen skam å vere bakarjomfru. Jamvel skulle ho ha vore det sjølv så hadde ein fått «[...] høve til å sjå livet!»¹⁷⁷, og fått utbytte av erfaringa. Fanny finn fort ei unnskyldning ved å svare: «-Ja det er mykje for det, at eg er her, sagde Fanny; du kann skyna ... når ein skal bli kunstnar, so må ein ha set noko av kvart».¹⁷⁸ Å vere bakarjomfru er altså ikkje fint, noko som Fanny skjemst over. Seinare får Fanny attpåtil post hjå garnhandelen. Arbeidet her er så tungt at det går utover helsa hennar, samstundes som ho fortsett arbeidet sitt som bakarjomfru. Helsa hennar vert forverra av alt det strevsame arbeidet, og doktoren rådar Fanny til å ikkje arbeide som ekspeditrise meir. Med det er Fanny sitt forsøk i arbeidarverda enn så lenge kome til endes, og ein veg mot fridom og sjølvstende er dermed stengt.

¹⁷⁵ Garborg, *Hjå ho mor*, 123

¹⁷⁶ Garborg, *Hjå ho mor*, 123

¹⁷⁷ Garborg, *Hjå ho mor*, 126

¹⁷⁸ Garborg, *Hjå ho mor*, 126

Draumen om å verte skodespelar er framleis i live, det er tross alt difor Fanny tek på seg arbeid, for å tene pengar til å utdanne seg på teateret. Fanny får tilbod om lesetimar og mogelegheit til å prøvelese, men motet vert fort brote:

Når ein skal til teatret, so bør ein helst vera reint ung; dei fyrste vanskane er so mange, og teaterlivet er so mykje annarleis enn ein gjerne drøymmer seg det, at ein treng heile den fyrste ungdoms eldhug og tru, um ein skal halde ut. De kjem til teatret i ein heller mogin alder [...]. Fanny vart oskegrå. I grunnen hadde den fine mannen på sin høflege måte sagt henne det ho burde visst sjølv: at ho var for gamall.¹⁷⁹

Slik lyder slutten på Fanny si karriere i teateret. Gamal er ho ikkje, men etter samfunnet sine standardar er den unge frøkna allereie i den alder at ho helst skal vere gift, og klar til å produsere barn for framtidige generasjonar. Likevel kan ein påstå at dersom Fanny verkeleg ynskjer å verte skodespelar, kan ho ikkje la ein kommentar om alderen hennar stoppe ho. Eg trur ikkje det er alderen som er den ultimate årsaka til at ho ikkje lenger følgjer skodespelardraumen. Dersom det ikkje er alderen som hindrar Fanny i å finne fridom ved teateret, kva er det då? Som individ har ho ein trong til å følgje andre, og har særleg lett for å la seg leie av personar med betre sosial status enn ho sjølv. Dette gjeld særleg dei «finare» kjennskapene hennar. Her kan ein gjerne trekke inn klasseskiljet og behovet hennar for å vere ei fin dame.

Då Fanny sine fine veninner, Ebba og Grete, ikkje lenger skal verte skodespelarar skal ikkje Fanny det heller. Då Grete skal konfirmere seg og gå for presten vil ho «[...] ikkje vera med på heimekomedie dessmeir»,¹⁸⁰ og då ho seinare treff Fanny i bakeriet seier Grete at ho «[...] hev gjevi upp teatret, [...] men ein forfattar bør og kjenne til livet».¹⁸¹ Fanny er forskrekka over at Grete no vil verte forfattar, og det er tydeleg at det å vere forfattar er det som er nytt og flott. Det er kanskje det som er det aller «finaste». Grete som alltid skal vere så fin, er nok også sterkt pressa av sin velstående familie. I omtrent same tidsrom får Fanny vete av fru Kahrs at Ebba ikkje lenger får lov av familien sin å verte skodespelar. Både Grete og Ebba kjem frå fintfolk og er av god stand. Då Fanny får vete at familiane til dei velstående veninnene hennar ikkje lenger støtta skodespelaryrket, er det ikkje lenger akseptabelt for Fanny heller. Av denne informasjonen kan lesaren, og Fanny, konkludere med at det ikkje

¹⁷⁹ Garborg, *Hjå ho mor*, 177

¹⁸⁰ Garborg, *Hjå ho mor*, 102

¹⁸¹ Garborg, *Hjå ho mor*, 126

lenger er fint nok å vere skodespelar. Med det byrjar Fanny si glede og fridomskjensle ved teateret å ebbe vekk.

Fanny sitt forsøk på å oppnå den fridomen som ho opplever på teateret er ikkje lenger ein mogelegheit, og med det er enda ein veg til sjølvstende og fridom stengt. Dersom ein skal peike på ei konkret årsak til at denne fridomen er utelukka, vil eg nemne dei sosiale normene og klasseskiljet som ein avgjerande faktor. Mora, som sidan barndommen har innbilt Fanny at dei er velståande, er også med på å påverke den vaksne versjonen av subjektet. Fanny har sidan ung alder vore oppteken av å verte ei fin dame og passe inn saman med dei velståande veninnene sine. Mora lærer ho tidleg om klasseskilje, og kva rolle Fanny må spele i samfunnet dersom ho skal lukkast som fin frøken. Denne lærdommen viser seg å inneha så stor makt over subjektet at den fleire år seinare kan dytte subjektet vekk frå sine eigne draumar og lengsler. Samstundes må ein også nemne samfunnet generelt som ein avgjerande faktor, då det er samfunnet sine standardarar og normer fru Holmsen strevar etter å oppnå, som dermed er avgjerande for Fanny også.

Fanny si manglande evne til å følgje sin eigen veg, er ytterlegare understreka då Ebba utdannar seg som lærar. Fanny får pengebidrag frå svogeren sin, Thorseng, slik at ho kan byrje på lærarskulen. Læreryrket er då å betrakte som aktuelt for unge kvinner av gode familiar, og er eit ærleg og reieleg yrke. Stundom annonserer Ebba at ho er vorte fritenkjar, og kort tid etter finn Fanny ut at også ho skal vere fritenkjar. Sjølv om Fanny tidlegare har sett ned på fritenkjarar som noko «[...] fælsleg uhuglegt!»¹⁸² Derimot når den fine veninna går vegen, er det i orden å vere fritenkjar. Då Ebba mistar stillinga si som lærarinne, tek det ikkje lang tid før Fanny seier opp stillinga si. Med dette stenger Fanny enda ei mogelegheit for å verte sjølvforsynt. Ein legg absolutt merke til ein tendens hjå Fanny, som ikkje er i stand til å stå på eigne bein i vala sine.

Når ein talar om fridom i høve Fanny sine forsøk på å frigjere seg sjølv, kan ein trekke inn Simone de Beauvoir sine tankar om dette omgrepet. Ho skil mellom eksistensiell fridom og konkret fridom. Eksistensiell fridom er menneskje sin grunnleggande fridom, og er noko som alle har i like stor grad: «Vi har i prinsippet alle like stor kapasitet til å handle fritt ut fra vår egen situasjon, og til å ta ansvar for våre egne handlinger».¹⁸³ I dette synet ligg det altså ein fundamental respekt for den enkelte si forståing av sin eigen situasjon. Det er likevel ikkje

¹⁸² Garborg, *Hjå ho mor*, 154

¹⁸³ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 17

nok å respektere andre sin fridom. Alle menneskja er like eksistensielt frie, men ikkje alle menneskja har like stor fridom til å handle i verda. «Dersom frihet er vår politiske og etiske norm, må vi handle slik at vi «setter friheten fri» », skriv Beauvoir.¹⁸⁴ Ein må altså arbeide for å oppnå konkret fridom for alle menneskjer. Omgrepet konkret fridom inneberer «[...] frihet fra fattigdom, unødvendig sykdom, uvitenhet og utrygghet på den ene siden, og frihet fra politisk undertrykkelse på den andre siden».¹⁸⁵ Dette kan ein summere opp som «[...] frihet til å delta i samfunnets politiske og økonomiske liv».¹⁸⁶

Når Beauvoir i *Det annet kjønn* hevdar at kvinner ikkje er frie, er det altså meint på to nivå. I følgje ho er kvinner oppfordra til å gje avkall på sin eksistensielle fridom ved å akseptere seg sjølv som Den andre. Vidare skriv ho at kvinner ikkje har same tilgang til samfunnet sine kulturelle, politiske og økonomiske liv slik som mennene har.¹⁸⁷ Med dette meiner ho derimot ikkje at kvinner har mindre eksistensiell verdi enn menn.

Hittil har eg tala om Fanny sin fridom i høve det å velje sin eigen veg i livet, å vere økonomisk uavhengig og dermed ha fridom til å utforske livet utan å vere fanga av økonomisk frykt. For Fanny handlar fridom i stor grad om hennar indre kjensle, som særleg kjem til uttrykk gjennom opplevingane hennar på teateret. Denne fridomskjensla er den største forma for faktisk lukke som er framstilt hjå subjektet. Lukkekjensla hennar er driven fram frå hennar eige indre. Fridomen som Fanny oppnår her er diverre lenka fast i frykta hennar for å ikkje verte sett på som ei fin dame.

Det er Fanny sin eksistensielle fridom som kjem best til syne her. Ifølgje Beauvoir har Fanny i prinsippet like stor mogelegheit til å handle ut frå sin eigen situasjon. Det er ingen faktisk årsak til at Fanny ikkje kan følgje draumen sin, og ho har mogelegheit til å ta ansvar for si eiga handling. Diverre er ho som subjekt fastlåst i eit negativt og hemmande mønster, der ho gong på gong syner at ho ikkje er i stand til å frigjere seg frå barndommen sine lærdommar, og samfunnet sine krav om kva som er ei fin dame. Ein kan gjerne seie at dette går føre seg i hovudet til Fanny, og ikkje er ein bokstavleg faktor for Fanny sitt nederlag. Det syner igjen kor stor påverknadskraft mora har over Fanny, og dermed kor langt Fanny er villig til å gå for å passe inn i dei sosiale sirklane.

¹⁸⁴ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 17

¹⁸⁵ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 17

¹⁸⁶ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 17

¹⁸⁷ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 17. Denne påstanden var ved publisering gjeldande for kvinner i Frankrike i 1949. Ettersom Fanny sin historie går føre seg fleire tiår tidlegare, er teorien framleis og mogelegvis i enda større grad gjeldande.

Er Beauvoir sine tankar kring eksistensiell fridom foreinleg hjå eit subjekt i ein naturalistisk setting? Med atterhald vil eg i fyrste omgang seie at det naturalistiske grunnprinsippet strider imot denne teorien. På eit eksistensielt, grunnleggande nivå har alle dei same mogelegheitene. Derimot har ikkje alle like stor fridom til å handle, og her vil eg påstå at naturalismen kjem til syne gjennom kva subjektet har mogelegheit til, ut ifrå arv og miljø. Slik sett er Fanny, ut ifrå ein naturalistisk prosess, dømt til å mislukkast i sine forsøk på å frigjere seg sjølv.

For Fanny kjem konkret fridom til uttrykk gjennom behovet for materielle gode. Slik sett vil eg med atterhald seie at Fanny sine draumar og illusjonar, hennar eksistensielle fridom, ikkje kan oppfyllast utan den konkrete fridomen. Ho treng pengar og støtte for å oppfylle draumane sine, eller få utdanning. Alle menneskja treng hus og mat for å leve og ha mogelegheit til å utfolde seg sjølv. På eit vis fungerer Fanny sine draumar og illusjonar som ei erstatning for den vanskelege og nådelause realiteten som ho lever i. Me har sett at Fanny sine forsøk på å oppnå konkret fridom har mislukkast, og i stor grad er den mislukka nettopp fordi hennar forsøk på eksistensiell fridom er mislukka. Ho er fastlåst i eit negativt mønster, der den eine fridomen ikkje kan oppfyllast utan den andre, men ingen er fullt oppnåeleg på grunn av korleis subjektet er oppdratt og låst i samfunnet sine normer.

5.5 Fanny og kvinnesaka

Fanny har ikkje dei same mogelegheitene som dei fine overklasseveninnene sine, og har såleis ikkje tilgang på sesongen sine selskap der dei beste kandidatane for ekteskap er å finne. Som medlem av mellomklassen kan ho ikkje sitte heime og vente på potensielle friarar, slik som jentene i overklassen kan gjere. Fanny er ung, pen og sjarmerande, og tida ho bruker ute i arbeid opnar opp for nye kjennskapar. Fanny sine draumar og lengsler får ny gnist då ho møter medisinstudenten Aas. Tanken på denne mannen får Fanny sine gamle dagdraumar til å returnere, og ho drøymer seg vekk: «So kunde det råke ein sundag fyrmiddag, at Aas kum upp; då song han; og ho spela til og gløymde all heimsens møde. Ho var den unge gjenta i kunstsamlingi; det symjande langsyn i auga sagde, at ho bygde drøymande venleiks-rike [...]».¹⁸⁸ Selskapet med Aas gjev assosiasjonar til Fanny sin draumeverd og prins. Forholdet

¹⁸⁸ Garborg, *Hjå ho mor*, 152

hennar med studenten opna også ei anna verd for Fanny, då han er oppteken av selskapsliv og studentsamfunnet.

Han lærer Fanny om verda utanfor dei rammene som samfunnet har bestemt for kvinnene: «Han rødde; ho høyrde på. Han fortalde frå Studentersamfunnet og selskapslivet, frå læresalen og sjukehuset. [...] Ved sløglagde spursmål fekk ho han til å greide ut det ho ikkje forstod; han vart læraren hennar».¹⁸⁹ Plutseleg byrjar Fanny å lese Aftenposten kvar søndag, og diskuterer innhaldet som ho ikkje forstår med Aas. Fanny lærer at verda ikkje berre består av å streve etter å verte ei ordentleg frøken, å ha fine veninner, mora sine lærdommar og kyrkja sine altoppslukande reglar. Det er ei heil verd utanfor dei strenge rammene som Fanny har levd under heile livet. Ei verd som kvinnene i stor grad er skjerma mot, og bevisst utelatne frå. Her kjem Beauvoir sitt omgrep, konkret fridom, til syne gjennom kvinnene sin mangelfulle tilgang til samfunnet sine kulturelle, økonomiske og politiske liv. Dette er reservert for mennene. Nye tankar og meiningar opnar seg frå alle kantar, og ho er ivrig etter å lære. Gjennom Aas vert ho introdusert for blant anna Gabriel Gram, og nye veninner som engasjerer ho i kvinnesaka.

I Arbeidarsamfunnet vert ho kjend med eit heilt anna folkeslag enn ho er van med. Dei tek den politiske striden høgst alvorleg, og Fanny føler at ei heilt ny verd opnar seg for henne: «Som ei gås og ei jåle hadde ho livt; ho hadde ikkje havt vitring um nokon ting, ikkje sin eigin vyrdnad dessmeir. [...] Å, so sæl ho var, som endeleg hadde funni folk; ho fekk gå i skule hjå deim no [...]».¹⁹⁰ Sitatet syner oss kor skjerma og innestengd Fanny har vore heile livet under styring av mora si. Då Fanny treff ein gamal kjenning, student Ucherman, er han gild over å sjå at Fanny endeleg forsøker å verte sjølvstendig: «[...] den største voni me hadde no var, at kvinna kunde taka til å bli sjølvstendig. Enn all den gilde krafti som låg unytta der».¹⁹¹

Fanny føler ho har funne sin plass i den sosiale kretsen, og får med dette nytt syn på ekteskap. For Fanny har ekteskap i praktisk betydning handla om å kapre ein mann med rikdom og status, som kan forsørgje henne og gje ho eit rikt liv i sosiale krinsar. Med nye veninner og sosiale møter, lærer Fanny at ekteskap ikkje berre dreiar seg om status og rikdom. Kjensler, felles interesser og syn på samfunnet speler ei like stor rolle.

¹⁸⁹ Garborg, *Hjå ho mor*, 153

¹⁹⁰ Garborg, *Hjå ho mor*, 159

¹⁹¹ Garborg, *Hjå ho mor*, 159

Som resultat av alle dei nye inntrykka og sakene som Fanny engasjerer seg i, ser ho no på kjærleik og forholdet mellom mann og kvinne med nye auge: «[...] og trur det er noko fælt og ukvinnelegt å hava denne sunne, heite trongen etter ein manns fangtak ...». ¹⁹² Fanny får vite at alle dei vonde kjenslene som ho har kjent på når det gjeld sin eigen kropp og lyst, ikkje er unaturleg eller syndig, det er det mest naturlege som finst. Det er verken gale eller lite kvinneleg å ha desse kjenslene: «Dette fæle som hadde pint henne som ei løynleg skam, den vonde ånd som ho i gråt og rædsle hadde freista å drive frå seg, - det var ingi vond ånd, og det var ingi skam; det var naturlegt, menneskjelegt; det verste livsspursmålet hennar var løyst». ¹⁹³ Alle kjenslene som Fanny har vore redd for og undertrykt sidan barndommen og ungdomstida, kjem til overflata som noko ufarleg. Til tross for denne openbaringa for Fanny, er ho ikkje lenger interessert i nokon gong å gifte seg, for det mest gjevande er å vere ei fri kvinne.

Med ulike meiningar kring ekteskap og politikk, tek forholdet mellom Fanny og Aas slutt. Aas sine meiningar om giftarmål er forankra i samfunnet sine forventingar og normer: «Det fanst ikkje noko so vonlaust som ei gjente som ikkje hadde bruk for å gifte seg; og dessutan, kor som var, so *skulde* ein gifte seg; det var smaklaust å gå ugift!» ¹⁹⁴ Han meiner ein må vere strategisk i val av partner, og det nyttar ikkje å gifte seg på bakgrunn av forelsking og kjensler. Aas inngår seinare ekteskap med Fanny si veninne, Grete. Fanny føler eit svik frå Grete si side, og kastar seg ut i kvinnesak og arbeid. Ekteskapet mellom Aas og Grete er eit godt døme på eit fornufttekteskap i romanen. Begge er eit godt parti med god status til tross for manglande kjensler og felles interesser. Fru Holmsen er arg over Fanny som ikkje kapra Aas i ekteskap. For ho er ideen om ekteskap eit levebrød. Det er eit økonomisk prosjekt som skal vere lønsamt å investere i. Fru Holmsen meiner at Fanny sine tankar om draumeprinsen og fri kjærleik må vike for pliktkjensle og økonomisk sikkerheit.

Fanny kastar seg inn i politiske møter og Arbeidarsamfunnet. Her har ho noko å arbeide og leve for. Ho er særleg begeistra for kvinnesaka, og vil vere med å kjempe for kvinna sin posisjon i samfunnet. Kvinna si frigjering frå det mannsdominerte samfunnet er det som opptek ho mest: «Men mest vart ho oppglødd for kvinnesaki; det var og vart den største tanken i det nittande århundrad». ¹⁹⁵ Ho er ekstra gild då det vert skipa eit reint kvinnesaks-

¹⁹² Garborg, *Hjå ho mor*, 185

¹⁹³ Garborg, *Hjå ho mor*, 185

¹⁹⁴ Garborg, *Hjå ho mor*, 155

¹⁹⁵ Garborg, *Hjå ho mor*, 162

lag. Men deltakinga på dette kvinnesakslaget syner seg å vere vanskeleg. Samlaget har møta sine på dagtid, i arbeidstida til Fanny. Då det vert spurt om møtetida kan endrast, vert det sagt at klokkeslettet er sett for damene si skuld. Fine damer skal så klart ikkje vere ute seint på kveldane. Det er tydeleg at denne type kvinnesaks-lag er oppretta for dei prominente damene som ein «ettermiddagsaktivitet». I tillegg er dette laget retta mot damene i overklassen, og jenter som Fanny og veninnene hennar i Arbeidarsamfunnet, vil ikkje passe inn her. Fanny er arg og kjenner seg rådlaus over situasjonen: «Det skulde vera eit damesamlag, skyna ho, eit oppbyggjings – eller morolag for damur som ikkje hadde noko å gjera».¹⁹⁶ I staden for fortsett Fanny å gå på sine vanlege møter i Arbeidarsamfunnet og held fram med kampen for kvinnesaka der med sin nye venekrets.

Samstundes som Fanny kjempar for kvinnesaka, arbeider ho i Krambua som bakarjomfru, men her må ho teie om fritidsaktivitetane sine. Det høver seg ikkje å vere radikal venstrekvinne i eit velkjent handelsstrøk. Fanny vert åtvara mot å gå i Arbeidarsamfunnet, ho kunne miste arbeidet sitt dersom Gamle Houen oppdagar det. Sjølv var han ein respektert høgremann, og kunne ikkje late butikkjomfruene sine verte sett i selskap av «sluke damer»: «[...] det hadde spurst om ei Krambugjente til Houen hadde lag med dei radikale damune der nede [...]. Her er ei politisk øsing so det er stygtå vita um det; og Arbeidarsamfundet... Folk trur, at dei arbeider for republikk og fri kjærleik der nede... Ha, ha, ha».¹⁹⁷ Fanny irriterer seg over situasjonen og «ho vilde ikkje svike si yvitning for eit levebrød; borgar i eit fritt land vilde ho hava lov til å meine kva ho vilde...».¹⁹⁸ Fanny er klar til å seie opp stillinga si dersom den går på bekostning av hennar nyvunne interesse og fridom i Arbeidarsamfunnet. Som kvinne i si tid, er det ikkje ofte Fanny står opp for sine meiningar og det ho trur på. Det er ei positiv utvikling for subjektet, der ho er villig å ofre levebrødet sitt for å stå for sitt nyvunne engasjement. Kvinnesaka og den politiske kretsen gjev Fanny ein form for fridom og eit nytt perspektiv på det å vere kvinne. I høve Culler sine subjektssyn meiner eg her at Fanny viser framgang og potensiale til å bryte med dei tidlegare subjektssyna. Her kan ein sjå små teikn til det tredje subjektssynet, skapt og individuelt, der Fanny står opp for seg sjølv, sin identitet og det som driv ho i kvardagen.

¹⁹⁶ Garborg, *Hjå ho mor*, 178

¹⁹⁷ Garborg, *Hjå ho mor*, 167

¹⁹⁸ Garborg, *Hjå ho mor*, 168

Då Houen minner Fanny på at «De hev ei mor; um De ikkje bryr dykk um Dykk sjølv, so...». ¹⁹⁹ Alvoret går opp for Fanny, og ho bryt saman i gråt. Ho står fast i ein håplaus situasjon. Ho kan ikkje fortsette å arbeide og tene pengar dersom ho fortsett med det ho brenn for. Samstundes kan ho ikkje ofre levebrødet sitt, då ho har eit ansvar for å sørgje for mora si. Fanny føler ikkje at ho har noko anna val enn å trekkje seg frå Arbeidarsamfunnet, sjølv om det betyr å miste hennar nyvunne lukke og fridomskjensle. Det syner oss kor fastlåst og håplaus Fanny sin situasjon er. Det er vanskeleg å bryte seg ut av ein dårleg situasjon når alt ein møter er hindringar.

Fanny trekkjer seg unna den nye venekretsen sin og deltek ikkje lenger på nokon møter. Ho er frustrert over stoda som ho no er i og diskuterer fritt kvinnesak og venstrepolitikk under middagane hjå Lea og Thorseng: «[...] preika vinstrepolitikk og kvinnesak i villande sky; hugsprengde Thorseng og vitskremde ho mor; lika godt å vera vonløysa i huset. Men det var rådlaust å få tollaren vond; han var berre viktig og ulidande» ²⁰⁰.

Thorseng og mora er sjokkerte over Fanny sin radikalisme. Tollaren Ryen er den einaste som ikkje let seg sjokkerte eller påverke av Fanny sin prat om kvinnekamp og fridom for folket: «Lat kvinnfolki snakke, det er mitt ord; di meir di snakkar, di mindre vert der av det, smatta han yvi steiki si, - desse nymotens kvinnfolki meiner, mine damur!» ²⁰¹ Tollaren si utsegn gjev lesaren eit konkret inntrykk over korleis kvinnene vert behandla og forstått av det motsette kjønn. Mennene har ikkje noko problem med å la damene halde på med sin «ettermiddagsaktivitet», det er tross alt berre sladder og usaklege emne som vert diskutert over ein kopp kaffi.

I *Det annet kjønn* introduserer Beauvoir omgrepet «kvinna som Den andre». Kvinna som den Andre kan forståast som eit produsert produkt. Som produsert produkt er det viktig å legge til at førestillinga om eit suverent mannleg subjekt, og ei kvinneleg Anna er drive fram av begge kjønn. Det er ikkje berre dei velståande mennene i samfunnet som er pådrivarar, men også Fanny si mor og andre kvinner, blant anna dei fine overklassedamene, er faktorar som er med på halde statusen som Den andre ved like. Ein kan anta at dei fleste kvinner i Fanny sitt liv, og kvinner generelt, frå fødsel av er internalisert av sine eigne mødrer og andre kvinner, så vel som mennene.

¹⁹⁹ Garborg, *Hjå ho mor*, 168

²⁰⁰ Garborg, *Hjå ho mor*, 168

²⁰¹ Garborg, *Hjå ho mor*, 168

Fanny sitt prat om framgang og moglegheiter for kvinna vert ikkje teke på alvor, verken av mora eller av mennene. Heime hjå familien og kjende er kvinna som Den Andre å rekne som ein annanrangsborgar, utan vesentleg herredøme eller makt til å delta i samfunnet. Fru Holmsen som er skremt over dottera sitt radikale utbrot, held side med mennene om Fanny sine nye interesser. Det dannar seg rett og slett ikkje for Fanny å drive med slikt. Det syner oss kor fru Holmsen stiller seg i situasjonen, og hennar aksept over samfunnet sin struktur og kvinnesyn.

Det skipa kvinnesaks-laget for overklassedamene er med på å understreke kvinna si rolle, i å halde rolla som Den Andre ved like. Samstundes syner dette laget at ikkje alle kvinner i samtida står samla for å kjempe om kvinna sin rett. Enkelte har tross alt betre utgangspunkt og moglegheiter frå fødsel av, konkret fridom, enn andre. Fanny er ikkje vakse opp med nokon form for konkret fridom, men har som dei andre kvinnene i Arbeidarsamfunnet ein eksistensiell fridom som er mogleg å utnytte. Med atterhald kan ein seie at kvinnene sjølve må ta dels skuld i oppfatninga av deira eige kjønn. Beauvoir skriv at «[...] selv under undertrykkende forhold, har kvinner en viss grad frihet».²⁰² Det vil seie at ulike kvinner vil reagere forskjellig på ulike samfunn sine forsøk på å gjere dei til Den andre. Sjølv under patriarkalske forhold finst det meir enn ein måte å vere kvinne på.

Ved å sjå på splittinga mellom mor og dotter sine meiningar og syn på samfunnet, kan ein seie at det er to generasjonar i strid. Dersom ein ser på fru Holmsen som representant for den eldre generasjonen, vil eg trekke inn Beauvoir sine tankar kring det å rettferdiggjere rolla si som Den andre. Ho skriv i *Det annet kjønn* at «[...] undertrykte kvinners fortvilte forsøk på å rettferdiggjøre sin eksistens uten å bryte med ideologien som sier at de er Den andre. Disse kvinnene forsøker å «forvandle sitt fengsel til en strålende himmel»».²⁰³ Dette er gjeldande for store delar av samfunnet sine kvinner. Dei har som prosjekt å utføre det umoglege, nemleg å verte vesentlege og naudsynte ved å drive rolla si som Den andre til det ytste. Ein kan til dømes trekke fram dei typiske velstående damene i overklassen. Desse framstår som fornemme og viktige i samfunnet, sjølv om dei er karakteriserte som Den andre i forhold med ektemannen sin, det ultimate subjektet.

Fru Holmsen har ikkje dei same moglegheitene som overklassedamene, og behandlar «fengselet» sitt som om rolla hennar som Den andre er høgst viktig i hushaldet. Ho forsøker

²⁰² Beauvoir, *Det annet kjønn*, 15

²⁰³ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 15

ikkje å lausrive seg frå rolla si som Den andre, men prøver å vidareføre den til dottera si. Ein kan tolke både den eldre- og yngre generasjonen av kvinner som Den andre, med mor og dotter som representantar frå to generasjonar. Ulikskapen mellom dei er at der den eldre generasjonen held fast på gamle tradisjonar og samfunnssyn, representerer den yngre generasjonen ynskje om utvikling og større autonomi for kvinner. Med skiftande tider og pågåande samfunnsdebattar har den yngre generasjonen større mogelegheiter for å utfordre samfunnsstrukturar og dei eksisterande kvinneideala.

Kvinnekampen og det nye kvinnesynet som veks fram i Fanny sitt politiske miljø, er med på å syne til ei brytning i det eksisterande patriarkalske samfunnet. Samstundes meiner eg til ein viss grad at Fanny kan lesast som splitta mellom den eldre og yngre generasjonen. I utgangspunktet er ikkje Fanny reint moderne og nyansert i tankreprosessen og livsstilen sin. Ho har kjempa for å kome dit ho er no, både fysisk og psykisk, samstundes som ho store delar av livet sitt er forankra i gamle læresette og reglar. Mora sine lærdommar, kyrkja og redsla for straff, er ein stor pådrivar for Fanny som subjekt, og har ved fleire anledningar stagnert det som skulle ha vore ei naturleg utvikling for ho.

I *The Mother/Daughter Plot* skriv Marianne Hirsch: «The figure of the mother becomes an important object of exploration in relation to the birth of the feminist daughter».²⁰⁴ I litteraturen er altså mødrer ein naturleg og viktig del å ta i betraktning dersom dottera er feminist. I *Hjå ho mor* er det tydeleg at mora fungerer som eit motstykke til Fanny, og er ein konstant påminning om Fanny sitt eventuelle nederlag. Eg vil ikkje direkte kalle Fanny for feminist, men ho viser teikn til potensiale. I så tilfelle kan ein også sjå korleis mora, som det utfordrande motstykket, er med på å hindre Fanny i å utforske dette ytterlegare.

Eg har tala om Fanny sine oppsedarar tidlegare, og korleis desse er med på å påverke danninga hennar. Til ettertanke vil eg legge til at også kvinnesakskvinnene til ein viss grad kan reknast som ein slags oppsedar for Fanny. I den forståing at dei bestemmer kva saker kvinnene skal kjempe for og ikkje, og det legg lista for kven som kan verte ein del av overklassen sine kvinnesakskvinner. Sjølv om Fanny er begeistra for kvinnesaka, kan ein leggje merke til at forteljaren tek eit skritt til sides og kan opplevast som nokså kritisk og objektiv i skildringa si av denne saka.

²⁰⁴ Hirsch, *The Mother/Daughter Plot*, 11

5.6 Fanny sin skjebne

Då Fanny fjernar seg sjølv frå Arbeidarsamfunnet og kvinnekampen, går ho inn i ein mørk periode i livet. Å fjerne seg heilt frå gode venskap og samhald, gjer at Fanny føler på stor einsemd. Livet hennar er dystert og slitsamt utan støtte og kontakt med venene sine.

Forteljaren skildrar hausten som eit trist og einsamt tilvære for Fanny:

Drog seg kvar kveld heim same vegen, framum tukthuset, fatighuset, likhuset, daudtrøytt, utmødd, halvt i ørske, heim til det same vonlause loftet, til den same gamle kjeringi som tok imot henne med det same gnålet eller det same slarvesnakk [...] og så byrja frå nytt av i morgon att. [...].²⁰⁵

Fanny er deprimert, og ho føler ikkje at ho har noko å leve for. Det kjennest ut som om ho berre held ut på grunn av pliktkjensla for mora si. Ho er fortvila og er redd sine egne kjensler over alt ho har gjeve slepp på i livet. Ein kan sjå kontrastar i skildringa av Fanny sine dystre tankar, og den friske våren som er kring ho:

Og so kom våren. Det vart høg himil og frisk sol; det regnde; dâm av gras og blomar sprettande lauv kjendest langveges gjennom lufti; vårty og sumarhattar kom for ein dag [...] folk skulde på landet, ut i den luftblåe sjøglitrande friheimen; ho gret av lengt, vreid hendene av sut; her stod ho, og her skulde ho stå; og dette skulde vera liv; dette skulde gjelde for liv, menneskeliv...²⁰⁶

Sol og vårteikn vert ståande som kontrastar til Fanny sin psyke. Å fjerne seg frå sin nye venekrets og politikk, syner seg å ha store konsekvensar for Fanny. Til slutt vert ho sjuk og må opererast på grunn av plager i underlivet. Ho er svært fortvila over at sjølv kroppen hennar sviktar ho, og ho føler seg rådlaus over kva ho skal gjere. Hjartesaka hennar, kvinnesaka, måtte ho gje slepp på for mora si skuld. Ho er bunden fast av mora sjølv i vaksen alder. Fru Holmsen tek atter ein gong opp spørsmålet om tollaren sitt frieri, og Fanny kjenner seg enda meir makteslaus.

Fanny forsøkjer å komme seg ut av den einsame tilværelsen sin, og oppsøkjer gamle vener. Her treff ho igjen på ein ven av Aas, Gabriel Gram. Fanny har passa godt på hjartet sitt etter at forholdet med Aas tok slutt, då tankane hennar om kjærleik og ekteskap fekk nye ideal å vekse på. Likevel har ho ikkje heilt klart å gløyme Gabriel gjennom desse åra. Då ho treff han

²⁰⁵ Garborg, *Hjå ho mor*; 171

²⁰⁶ Garborg, *Hjå ho mor*; 171

igjen, er ho svært gripen av han og håpar at han kjenner ho igjen. Då kvelden sine samtalar kjem inn på kvinnene i samfunnet, slår Gabriel hardt ned på idealkvinnene som er framstilt i litteraturen. Det er ikkje eit realistisk bilete av ei kvinne meiner han: «Mynsterkvinnur? sagde Gram [...] Stakkars gjenteborn; dei gjeng der i si hjartens truskuld og skal vera Agnes og Aagot og Svanhild og Svava; men det klarar dei ikkje; tingen er at desse bokkvende er frie for mang ei mannsbragd som kvinna i røyndi ikkje er fri for...»²⁰⁷

Ein kan sjå at Gabriel referer til fleire av samtida sine litterære kvinneskikkelsar. Desse er framstilte som urealistiske samanlikna med den verkelege kvinna sitt liv, og gjev falske forventingar til samtida sine unge jenter. Det vert snakk om kor mykje betre naturalistisk diktning er, då dette heller kan gje jentene ein fordel i livet: «Ei gjente som hev litegrand vit måtte vel heller bli modig, når ho fekk bøker som sagde henne korleis kvinna verkeleg er, og kva kvinna i dei og dei høve verkeleg kann drive det til...»²⁰⁸ Fanny ler og seier seg av den grunn einig i Gabriel sine meiningar. Likevel meiner Fanny og veninna, Dagmar, at det nok finst fleire «Svanhild`ir og Nora`ir i det verkelege livet enn herr Gram tenkjer».²⁰⁹

Diskusjonen om kvinna i litteraturen er til dels splitta. På den eine sida er det ein positiv effekt å skildre kvinna i eit realistisk syn, samstundes som ein vil behalde illusjonen om «blomedåm og fuglesong og fine kjenningar».²¹⁰

Gabriel er også kritisk til kvinnesaka som opptek jentene. Han meiner at kvinnesaka er tilgjort og keisam, og at den er bygd på de fagre kvinnene i litteraturen sine liv. Han meiner at inga kvinne i det verkelege liv kan bry seg om å fremje litteraturen sine kvinneliv slik dei er framstilte. Ein kan moglegvis trekke linjer mellom Gabriel sine meiningar om kvinnesaka, og den kvinnekampen som er ført av overklassen sine kvinnesakskvinner. Sakene som er tekne opp på desse møta, er ofte valde for å passe dei allereie velståande damene sin agenda.

Då praten kjem inn på forholdet mellom mann og kvinne, er Fanny ergerleg over at ho er vorte tjuefire år gamal før ho forstår at det ikkje er syndig eller skamfullt å ha fysiske kjensler og reaksjonar for det motsette kjønn. Møtet med Gabriel gjer livet litt lysare for Fanny. Ved å gjenoppta kontakten med Gabriel opnar Fanny seg opp for venskap og kjærleik. Fanny er forelska, og den triste kvardagen er erstatta med tidlege morgonturar og blomsterplukking i

²⁰⁷ Garborg, *Hjå ho mor*, 184

²⁰⁸ Garborg, *Hjå ho mor*, 184

²⁰⁹ Garborg, *Hjå ho mor*, 184

²¹⁰ Garborg, *Hjå ho mor*, 184

skogen. Fanny kan til og med samanlikne seg sjølv med dei vakre kvinneskikkelsane i litteraturen, som «sanka blåveis og batt blomeduskar».²¹¹

Den nyvunne kjærleiken hennar til Gabriel får Fanny til å mimre til barndommen sine dagdraumar: «Og blomane nikka og nigja og svinga sine skålar i det glødande ljuset og bad um at nokon vilde taka deim...[...] Dei lokka og freista i alle litir, som blode blåe barneaugo [...] dei skulde få bløme på hans bord; og at hans gode brune augo skulde sjå på deim og like deim».²¹² Sitatet gjev assosiasjonar til den yngre Fanny sine illusjonar om ei draumeverd og draumeprins. Alt ser lysare ut for Fanny i denne perioden, og ho er full av energi og liv. Til og med forholdet hennar med mora er betre enn tidlegare: «[...] forstod Fanny henne so godt, at ho totte ho kunde tilgjeva henne alt. Fanny visste sjølv kva keidsemd var; og ho visste, at utan kjærleik var livet ikkje anna».²¹³ Fanny sitt nye syn på kjærleik og livet er ei interessant utvikling. Ho får også betre kontakt med systera si, Lea. Fanny tykkjer synd i henne. Dei har begge hatt ein vanskeleg barndom, men Fanny er overlukkeleg over sin nye situasjon, og tykkjer difor det er trist at Lea ikkje fekk velje sin eigen skjebne. Den vart bestemt av andre. Lea var berre glad nokon ville ekte ei fattig jente som ho. Fanny set pris på at ho sjølv har fått gå på skule og hatt arbeid og lært å tenkje fritt av venene sine i Arbeidarsamfunnet.

Fanny og Gabriel har ei god forståing mellom seg, og dei er samde i mange ting. I motsetnad til Fanny har Gabriel vore vågal og hatt mogelegheit til å utforske livet i mykje større grad enn Fanny. Han kan heller ikkje forstå korleis ho kan leve livet til det fulle på berre ei ekspeditriseløn. Det at Fanny ikkje har gjort seg større erfaringar i livet, er uhøyr. Han er delvis kritisk til om Fanny faktisk har *levd*, og ikkje berre eksistert. Beauvoir talar om levd erfaring i *Det annet kjønn*. Dette vil seie dei erfaringane som eit menneskje gjer seg i løpet av livet, altså dei konkrete omstenda som ein lever gjennom.²¹⁴ For personane i forteljinga er det forskjell på å erfare som mann og kvinne. I det patriarkalske samfunnet er kvinna si rolle i samfunnet allereie bestemt frå fødselen av, og erfaringane ho kan gjere seg er ikkje like tilstrekkelege som mannen sine. Gabriel reagerer på at Fanny ikkje har levd meir og har fått fleire erfaringar i livet. Ut ifrå det eksisterande samfunnet i forteljinga og føresetnadane for kvinna, er det ikkje mogeleg for Fanny å ha gjort seg like mykje levd erfaring som Gabriel.

²¹¹ Garborg, *Hjå ho mor*, 192

²¹² Garborg, *Hjå ho mor*, 193

²¹³ Garborg, *Hjå ho mor*, 187

²¹⁴ Beauvoir, *Det annet kjønn*, 77

Fanny og Gabriel fortsett å treffe kvarandre, og Fanny er hovudstups forelska. På eit vis føler ho at han forstår ho på eit nivå som ingen andre gjer, og saman med han kjenner ho på ein tryggleik som ho ikkje har hatt før: «Når det kom til stykket var han den einaste ho kjende i verdi. Det kom ein slik tryggleik yvi henne; ho vilde vera her. Ho vilde bli er. Det var stuslegt alle andre stadir; men her var ro. Ho vilde ingen stad av; det var ei underleg kjensle».²¹⁵

Ein kan seie at Fanny kjenner på ein indre og eksistensiell tryggleik når ho er saman med Gabriel. Økonomisk tryggleik har ho ikkje, men dei forstår kvarandre på eit indre nivå. Eit ekteskap mellom dei ville vore bygd på dei ideal som Gabriel lever etter, og som Fanny er einig i. Til tross for Fanny sine meiningar om å fortsette å vere ei singel kvinne, er det Gabriel ho vil gifte seg med. Fanny si lukkekjensle er aldri vorte påverka av noko anna enn hennar eigne kjensler, slik som kjenslene ho har når ho er på teateret. No fungerer derimot Gabriel som ein utanforståande pådrivar i Fanny si verdslege lukke. Ho håpar at han vil spørje henne om å ekte han.

I høve Jonathan Culler sine syn på subjektet viser Fanny potensiale då ho utforskar kva livet har å by på. Forteljaren gjev lesaren inntrykk og håp om at Fanny har moglegheit til å lausrive seg frå barndommen og ungdomstida sine lenker og påverknad. Samstundes ser det ut til at Fanny ser på seg sjølv som eit lukkeleg og fritt menneskje i denne perioden. Ho har framleis ikkje stor konkret fridom, men hennar eksistensielle fridom syner potensiale for utvikling og har ein positiv verknad på subjektet.

I denne perioden av livet vil eg seie at subjektet syner tendensar til det tredje subjektssynet, skapt og individuelt. Ho gjev uttrykk for det som ein reknar som byrjinga på eit sjølvstendig individ med framtidsdraumar. Vala som ho tek i dag er med på å forme framtida hennar. Likevel vil eg seie at subjektet har størst forankring i det andre synet, gitt og sosialt. Fanny sitt indre subjekt er danna av dei sosiale forholda og miljøet ho er vakse opp med, og dette kan ikkje forandrast. Men tendensar til eit meir sjølvstendig subjektssyn er likevel å rekne som ein liten siger for Fanny. For Fanny si utvikling er det til stor hjelp at ho har ein god samtalepartnar hjå Gabriel. Ho får tilbakemeldingar på meiningane og tankane sine, og det er ei letting for Fanny å føre samtalar utan nedlatande respons på hennar «kvinnesnakk». For Fanny er dette også ein måte å kome seg ut av den gitte isolasjonen i samfunnet sitt kvinneliv. Forholdet hennar med Gabriel har gjeve Fanny trua på fri kjærleik.

²¹⁵ Garborg, *Hjå ho mor*, 183

Til tross for gode samtalar og kjensler, klarar verken Fanny eller Gabriel å fullstendig fri seg frå dei miljøa dei har vekse opp i. Gabriel er svært bunden av fortida si, i større grad enn han sjølv er klar over. Han stiller krav til Fanny sin reinleik, og er kritisk til hennar tidlegare mannlege forhold. Denne sida av Gabriel skil seg frå den personlegdomen som Fanny fyrst vart kjend med. Han slit med episodar av depresjon, etterfulgt av stor livsglede. Han har vanskar med å ta avgjerande valg, og kan ikkje bestemme seg for om Fanny er den rette for han. Til slutt er han berre i stand til å tilby ho eit kameratskap, og Fanny er den som trekk seg endeleg unna: «[...] um De kunde vera modig og bli min! Kameraten min heilt ut! Halde i hop so lengi me kunde... vera i hop um alt! – Det var so ho drogst ned i ein sugande malstraum. Hovudet hennar seig bakyvi, augo letst att; so vakna ho av å kjenne hans munn famlande etter sin...»²¹⁶

Fanny sin kjærleik er brosten, og Gabriel som forsøker å kysse ho utan anna å tilby enn venskapet sitt er siste dråpa for Fanny. Eg meiner at denne hendinga kan sjåast på som det endeleg vendepunktet i Fanny si historie. Som lesar har me vore vitne til ein vanskeleg barndom og utfordrande ungdomsår for historia si heltinne. Som person og subjekt gjer ho stor framgang då ho som vaksen omgjev seg av likesinna og finn ei sak som verkeleg engasjerer ho, og driv ho fram i tenkinga si. Då Gabriel forsøker å kysse Fanny kjem all blygskap og vonde tankar frå barndommen og ungdomsåra tilbake. Fanny sitt nye utåtvende og frie vesen forsvinn på eit blunk, og Forteljaren skildrar det som ei «[...] veltande, skyljande som ei havsbylgje», som riv ho ut av armane til Gabriel og slenger ho tilbake i fanget hjå ho mor.²¹⁷

Mora er rasande på Fanny og kjeftar på ho: «[...] fljuge av seg klæde og gjera ende på pengar; fara um med altslags folk og lata mor si sitja heime langpinast åleine; kom det ein skikkeleg friar, so var det nei; men kunde ho finne ein lurv oppi Arbeidarsamfundet, so flaug ho etter han som ho skulde vera forlegi...»²¹⁸ Mora gjev eit siste stikk til Fanny sitt liv, og snakkar nedlatande om det livet som ho har skapt seg i Arbeidarsamfunnet og forholdet hennar med Gabriel. Etter mora sitt skjenn tenkjer Fanny: «Det var reint so det letta å høyre mor si skjelle no».²¹⁹ Denne tanken til Fanny kan tolkast som ein stagnasjon i subjektet si utvikling. Fanny har kjempa for å kome seg ut av mora sine strenge lærdommar og rammer, men til slutt er det

²¹⁶ Garborg, *Hjå ho mor*, 202

²¹⁷ Garborg, *Hjå ho mor*, 202

²¹⁸ Garborg, *Hjå ho mor*, 202, 203

²¹⁹ Garborg, *Hjå ho mor*, 203

likevel det kjende tilsnakket frå mora som lettar sinnet til Fanny då verda og kjærleiken er for overveldande. Det er lettare for Fanny å takle kjeft og tilsnakk frå mora, enn å hanskast med den brostne kjærleiken og dei drukna framtidsplanane hennar, sjølv om det er dette ho innerst inne lengtar etter.

Ho er fylt av fortvilning og raseri, og klandrar mora for å øydeleggje livet hennar. Mora er skuld i Fanny sin triste skjebne:

Hadde du vori eit anna menneskje, so hadde alt vori annarleis, alt!!! [...] Du hev gjort meg til ei jåle! [...] ingenting skynar du; aldri hev du forstadi meg; du er ei jåle sjølv; og so hev du gjort meg og til ei jåle! [...] Aldri hev du haldi av meg; for hadde du haldi av meg, so hadde du forstadi meg; du brydde deg um ingenting; du var likesæl um alt; du vilde berre ha meg til å kaupe deg ein rik verson for; og då eg var ven nok, kunde det vera det same med det andre...²²⁰

Fanny kjenner seg omgitt av eit mørke, der ingenting godt kan trenge gjennom. Nokre dagar seinare finn ho eit brev frå Gabriel. Han ber om tilgjeving for det tullete påfunnet sitt om kameratskap, og skulle ynskja at det enda annleis mellom dei to. Han unnskyldar seg med at han no er vorten for gamal til å tenkje på anna enn å inngå fornuftekteskap: «[...] De den gongen hadde meir vit enn eg; me tvo hadde aldri kunna klara eit samliv på den måten... Eg fær vel freiste med eit klokskapsgifte; det er det einaste som høver for aldrande folk... Farvel. Takk for alt».²²¹ Brevet frå Gabriel og gifteplanane hans, saman med mora sitt gnål om Fanny si framtid og den økonomiske stoda deira, er siste dråpa for Fanny.

Fanny har ingen krefter igjen til å kjempe vidare, eller for å finne gnisten til å leve. Ho har vore lenka fast i rammer og lærdommar frå mora og samfunnet heile livet sitt, og hennar livs kamp for å verte ei sjølvstendig kvinne, eit fritt menneskje, er no forgjeves. Fanny føler at det ikkje lenger finst noko framtid for ho som kvinne, ikkje den framtida som ho så inderleg ynskte seg. Den uoppnåelege kjærleiken synte seg til sist å berre vere ein fantasi og ein fjern draum. Fanny gjev opp alle sine nye lærdommar, og subjektet si utvikling kjem til ein brå slutt. Ho kapitulerer og klarar ikkje lenger å stå imot det uunngåelege. Til tross for hennar store innsats på å verte ei fri kvinne, stå på egne bein og sørgje for seg sjølv, føler ho at ho ikkje har anna val enn å selje seg sjølv for å verte forsørgja. Då hennar store mål syner seg å

²²⁰ Garborg, *Hjå ho mor*, 203, 204

²²¹ Garborg, *Hjå ho mor*, 205

vere ute av rekkevidde, snur ho seg mot hennar og mora sitt opphavlege mål i livet. Fanny har ein siste sjanse til å verte ein del av dei fine damene, og gifte seg til velstand.

Ho ber mora om å skrive til tollaren. «Dauden i Lybekk» kan få det vetle som er igjen av Fanny no. Ho har berre eit krav for å gifte seg med tollaren. Alle damene i byen snakkar om dei flotte turane sine til utlandet. For Fanny er ei utanlandsreise noko som alle dei fine damene må oppleve. Til slutt sel Fanny seg sjølv for ei reise til utlandet: «Skriv til tollaren, mor. Vil han hava den filla som er att av meg no, so skal han få ho; men ho kostar ei Italiaferd».²²²

Forteljninga er kome til endes, og Fanny sin kamp for å verte ei sjølvstendig kvinne er over. Fanny si historie endar med nederlag og tragedie. I høve subjektssyna som er presenterte av Culler kan ein ta eit siste blikk på Fanny sin endelege destinasjon som subjekt. Tidlegare i kapittelet har eg peika på at Fanny synte teikn og potensiale for det tredje subjektssynet. Som subjekt vil eg tru at det er dette subjektssynet som er mest ettertrakta, då det gjev størst fridom til å verte forma av individet sjølv. For Fanny sin del var dette ein positiv utvikling i hennar danning som subjekt. Ved å distansere seg frå mora sine krav og kyrkja sine strenge rammer, fekk ho moglegheita til å utforske nye miljø og skape nye venskap. Dei vala som vart gjort av Fanny, var med på å danne ho som person og subjekt.

Den sjølvstendige og positive utviklinga til Fanny skulle ikkje verte endeleg. Til tross for personleg utvikling var subjektet framleis sterkt påverka av barndommen og samfunnet sine strenge rammer. På eit tidspunkt snur utviklinga brått for Fanny, og ho forlet alle sine ambisjonar og draumar, og fell tilbake i gamle vanar heime hjå ho mor. På dette tidspunktet vil eg seie at Fanny har størst forankring i det andre subjektssynet, gitt og sosialt. Ho er fast og uforanderleg. Fanny si reise som subjekt og endeleg avslutning syner eit splitta subjekt. Til tross for ei indre og unik kjerne, er Fanny skapa av dei sosiale forholda og miljøet kring seg. Ved å la all si utvikling og unike indre gå til spille, overgir Fanny seg fullstendig til samfunnet sine forventingar og krav.

²²² Garborg, *Hjå ho mor*; 206

Kapittel 6. *Hjå ho mor* i lys av samtida

I kapittel fem har eg teke føre meg danninga av Fanny som subjekt, og hennar forsøk på å verte ei fri kvinne. I litteraturvitskapen er det fyrst og fremst det litterære verket som er i fokus, medan den historiske konteksten er sekundær. Ved å sjå på litteraturen utanfor den gitte samtida, kan ein analysere teksten i eit objektivt lys. Det kan likevel vere nyttig å kontekstualisera litteraturen ut ifrå historiske fakta om perioden som verket vart skriva i. Ved å ha ei forståing for samfunnet og kulturen i fortida kan ein som lesar oppnå ei djupare forståing av heilskapen bak verket.

Historie og fiksjon heng tett saman, og sjølv om det litterære verket står stødig på eiga hand, kan det vere fruktbart å sjå kor vidt ein kan kople element frå romanen opp til den historiske samtida. Med dette kapitlet vil eg forsøkje å gjere nokre refleksjonar kring *Hjå ho mor* og Fanny i lys av samtida. Særleg vil eg sjå kor vidt Fanny sin skjebne kan lesast som eit innlegg i samtida sin moraldebatt. Målet er at den samtidshistoriske konteksten er med på å styrke det heilskaplege inntrykket av romanen og Fanny.

6.1 Refleksjonar over samtida sin påverknad av Fanny og verket

I byrjinga av kapittel fem går eg nærare inn på Fanny sitt forhold med mora og barndommen hennar. Eg legg vekt på kva faktorar av oppsedinga og forholdet med mora som kan vere med på å ha ein avgjerande effekt på den endelege danninga av subjektet. Ein kan ikkje legge skjul på at store delar av Fanny si oppseding er langt frå ideell, og er i fleire høve tilnærma barnemishandling sett med moderne auge.

Som lesar vert ein påverka av romanen si handling, personane sine kampar og kjensler, og ikkje minst vår eiga evne til å føle empati. I vår tid er det nesten utenkeleg at eit barn kan vekse opp slik som Fanny under normale omstende. Som lesar er det difor lett å tolke fru Holmsen som ein form for antagonist eller tyrann, som nyttar fysisk avstraffing og religion for å utøve sin eigen vilje. Dersom ein ser stoda frå fru Holmsen si side kan ein tolke handlingane hennar som eit psykologisk trekk, der ho forsøker å kompensere for det som ho

ikkje har kontroll over i livet. Ein kan til dømes peike på Fanny sin mangel på ein mannleg autoritetsfigur, og mora si manglande evne til å forsørgje seg sjølv og familien sin.

Eg trur det er lov å seie at Garborg som bohem, påverkar korleis familiestrukturen er framstilt i romanen. Eg meiner ikkje her å trekke likskapsteikn mellom den biografiske forfattaren og romanen, men det er interessante trekk ved samtidsdebatten som er gjenkjennelege og kjem til uttrykk i forteljinga.

Som innlegg i moraldebatten kan ein seie at det er den uflidde og vanskelege sida av realiteten forfattaren ville sette i fokus. Frå eit historisk perspektiv er det i romanen lagt vekt på dei verste trekka ved det konservative borgarklassesamfunnet. Ein ser tydeleg forakt for lågare klassar, og bruk av religion som maktmiddel.

Dette spelar inn på det psykologiske. Fru Holmsen er redd for at Fanny skal leike med dei fattige barna, fordi ho då vil verte påverka av den dårlege moralen til arbeidarklassen. Dei som høyrde til i arbeidarklassen hadde andre sosiale normer og andre føresetnadar for å lukkast i livet. Dersom ein vaks opp med borgarskapet sine normer og språk ville dette vere ein fordel meir enn ei ulempe. Dette er fru Holmsen klar over. Frykta hennar for at Fanny skal leike med barn frå lågare klassar kan skuldast at ho ikkje ynskjer at Fanny skal tileigne seg sosiale normer som skil ho ut frå borgarskapet. Til dels kan det også tenkast at fru Holmsen beskyttar sin eigen sosiale status, der ho til tross for sin eigen økonomiske status, framleis oppfattar seg sjølv som ein del av overklassen.

I verst tenkelege tilfelle måtte fattigfolk ty til kriminalitet for å forsørgje seg sjølve, og unge kvinner ville kunne ty til umoral og verte prostituerte dersom nauda var stor. Arbeidande kvinner vart sett ned på av samfunnet, og den moralske kvaliteten deira vart ofte tekne med i same vurdering. Som det ultimate subjekt, tilbyr mannen liten økonomisk gevinst til kvinna for nokså tvilsame tilbod. Sladderet og folkesnakket som sirkulerte kring desse kvinnene og deira herrevener, var moralsk og sosialt øydeleggjande for kvinnene. Desse forholda kan ein kople til Fanny si redsle for å verte teken for å vere ei simpel jente, og ikkje vere god nok for dei fine sirklane. Dei moralske krava som vert stilte av mora og Fanny sjølv, er hemmande og usunne for ei kvinne sitt kjensleliv og utvikling.

Samleie utanfor ekteskap var eit stort tema under moraldebatten. Bjørnstjerne Bjørnson og dei konservative fremja hanskemoralen som løysinga på dette moralske dilemmaet, medan bohemen ynskta fri kjærleik med samleie før ekteskap. Uavhengig av kva side som enda opp med å få størst medhald, hadde samleie utanfor ekteskap eit meir potensielt øydeleggjande

utfall for kvinner enn for menn. Dette hadde stor negativ påverknad både frå eit samfunns- og kyrkjeleg perspektiv. Ein kan sjå likskapar mellom den historiske samtida og det samfunnet som er presentert i romanen.

Med eit objektivt syn og til tider kritisk distanse, skildrar forteljaren romanen sin religiøse- og kyrkjelege tematikk i tråd med samtida sine kritikkar ovanfor kyrkja. Kyrkja stilte seg blant anna kritisk til kvinnene sin kvinnekamp. I samtida nådde den religiøse motvekta til kvinnerørsla eit ytterpunkt i 1890. Då stemte kyrkja imot stemmerett for kvinner, og brukte bibelen sitt budskap som grunn.²²³ Ut ifrå eit kyrkjeleg perspektiv braut det med kvinna sin natur å ha offentlege rollar. Kva skulle skje med kvinna som husmor og kone, dersom ho skulle bry seg med mannsarbeid?

I romanen er presteskapet skildra og framstilt som ei av dei største motvektene til kvinna. Fanny si oppseding er ein stor årsak til kvifor skjebnen hennar endar slik den gjer. Under oppsedinga hennar nyttar fru Holmsen Gud og religion som eit maktmiddel. Dersom den norske kyrkja på 1800-talet hadde hatt eit anna syn på kvinna, ville også fru Holmsen sin bruk av religion som oppsedingstaktikk vore annleis i romanen. Då kunne kanskje skjebnen til Fanny ha enda i noko anna enn tragedie. Dersom ein ser framstillinga av romanen i lys av kyrkja sin lærdom, vil ein få eit betre forståing for Fanny som det lidande og uskuldige menneskje, som ofrar seg for mora si skuld. Ein såleis påstå at Fanny sitt endelege nederlag er delvis forankra i kyrkja sine strenge krav og påverknadskraft ovanfor kvinna.

Kvinnesaka var eit viktig tema både i samtidsdebatten, og i danninga av Fanny. Typisk for denne tidsperioden var at kvinnesaka vart driven av dei rike overklassedamene. Desse damene var ikkje sjølve i arbeid, og hadde mykje fritid til å drive med frivillige aktivitetar på dagtid. Tenestejentene tok seg av hushaldet. Garborg var sjølv kritisk til kvinnesakskvinnene under moraldebatten, då dei i stor grad tok side med Bjørnsson og hanskemorale hans. I romanen er kvinnekampen eit viktig element i utviklinga til Fanny. Gjennom romanen får lesaren ei realistisk skildring, samt oppnår forståing for kor vanskeleg det var å vere aktiv deltakar i kvinnekampen for dei arbeidande kvinnene.

I romanen diskuterer Gabriel kvinnesak og litteratur saman med Fanny og Dagmar. Her kritiserer han dei litterære kvinneskikkelsane som er framstilte i den norske litteraturen. Forfattaren Garborg ynskja å skildre eit så reelt bilete av kvinna som mogeleg. I forteljinga

²²³ Kvinnehistorie.no, «Kvinnens stemmerett til debatt i Stortinget i 1890». <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-1629> Henta 01.05.24

held Gabriel fram med å kritisere forfattarane som ikkje skriv verkelege kvinneskildringar: «Hadde Poetane dykk sanningi, som er den, at kvinna so vel som mannen treng ikkje berre forsyrgjing, men kjærleik, og det er ikkje berre den fine kjærleiken som dei hev lov til å skrive um... Men det er ei av deu mannsbragdine som poeatane tegjer med!»²²⁴

Det er interessant å sjå korleis den fiktive karakteren er kritisk til litterære kvinneskikkelsar som ein kan trekke linjer til i den historiske samtida. Blant anna vert Svava, frå Bjørnsson sitt skodespel *En Hanske*, nemnd. Eg vil med atterhald seie at det er eit bevisst val frå forfattaren si side å trekke Svava inn i denne fiktive diskusjonen, og han kan gjennom dei litterære personane kritisere Bjørnsson sin hanskemoral under moraldebatten. At hovudpersonen i stykket vert kritisert som ei urealistisk kvinne kan lesast som eit stikk frå forfattaren si side. Som motsvar til litterære bidrag og samfunnsproblem på slutten av attenhundretalet skapar han *Hjå ho mor*. Om romanen uttalte han:

Jeg fortæller en fattig ung piges Udvikling gennem vanskelige Vilkaar opad til et forholdsvis høit sædeligt og intellectuel Standpunkt og viser, hvorledes det alligevel – i bedste Fald – ikke kan ende anderledes end med Fortvilelse og sædelig Undergang (i et Konveniensægteskab), saaledes som Samfundsstillingen nu er.²²⁵

I analysen min av subjektet har eg gjort greie for danninga av Fanny som subjekt. I dette kapitlet ynskjer eg kort å gjere greie for koplingar mellom den historiske samtida og den fiktive forteljinga. Eg ville sjå kor vidt Fanny sin skjebne kunne lesast som eit innlegg i moraldebatten, samt skape ei djupare forståing av heilskapen kring romanen. Som naturalist kan ein forstå Garborg sitt syn på subjektet med utgangspunkt i denne litterære retninga. Med naturalismen i bakgrunn kan ein forstå Garborg sitt litterære subjekt ut ifrå biologiske, sosiale og økonomiske faktorar. Desse faktorane er med på å forme subjektet sitt liv og skjebne. I *Hjå ho mor* vert dette reflektert gjennom skildringa av Fanny og samfunnet ho lever i.

Ein kan tolke delar av romanen si framstilling som implisitt kritikk mot det urettferdige samfunnet, og all urett som råkar menneskja. Fanny si tragiske ending er eit bestemt val frå forfattaren si side. Fanny sin skjebne kan lesast som eit innlegg i moraldebatten, då den var meint til å opprøra lesarane og oppfordre til handling og refleksjonar kring samfunnet sine problemområde.

²²⁴ Garborg, *Hjå ho mor*, 185

²²⁵ Garborg, *Mogning og manndom: brev 1*, 224

Kapittel 7. Avslutning

7.1 Avsluttande drøftingar

I oppgåva mi har målet vore å forstå korleis Fanny vert danna som subjekt. For å gjere greie for dette har eg nytta relevant teori og metode for å utføre ei analyse av subjektet si danning. Denne oppgåva har i stor grad dreia seg om ei ung jente si reise frå barn til vaksen, gjennom ein vanskeleg oppvekst og utfordrande ungdomsår. Som avslutning på arbeidet vil eg forsøkje å trekke ein endeleg konklusjon av oppgåva si problemstilling. For å svare på dette vil det vere nyttig å summere opp hovudpunkta som er drøfta i analysen min.

I kapittel fem tek eg til med å utdjupe Fanny si oppseding og forholdet hennar med mora i denne perioden. Frå ung alder er Fanny underlagt mora sin autoritet og kontroll. Dette er i stor grad med på å avgrense fridomen og utviklinga hennar. Eg meiner at mora si strenge oppseding, prega av fysisk straff og religiøs frykt, skapar ei kjensle av underkasting hjå Fanny. Samstundes ser me at den unge Fanny er bevisst på den sosiale klassen sin og dei ulike maktstrukturane i samfunnet. Sjølv om ho vert ven med dei velstående jentene i skuleklassen sin, er ho alltid klar over posisjonen sin som mindre privilegert. Dette er med på å skape ei indre konflikt i subjektet, og ei kjensle av å ikkje strekke til.

I Marianne Hirsch si bok, *The Mother/Daughter Plot*, gjer ho greie for korleis forholdet mellom mødrer og døtrer påverkar kvarandre i litteraturen. Ho argumenterer for at litterære plot ofte inneber ein konflikt hjå heltinna, der mora kan fungere som hindring eller støtte for ho. I *Hjå ho mor* kan me sjå korleis mora hennar fungerer som ein konstant motstandar for Fanny, og hindrar ho i å finne sin eigen veg i livet, og minner ho om farane ved å gå vekk ifrå samfunnet sine normer.

Vidare drøftar eg kva kyrkja og religionen har å seie for Fanny si utvikling. I romanen kan me finne fleire tema og hendingar som påverkar subjektet og oppfatninga hennar av verda kring seg. Eg vil seie at kyrkja og religionen fungerer som ei kjelde til moralsk rettleiing og autoritet hjå Fanny. Gjennom oppveksten sin er ho lært opp i religiøse prinsipp og nyttar dei som retningslinjer i livet sitt. Ofte er religiøs tru presentert som ein grunnleggande del av eit menneskje sin identitet og moral.

Framstillinga av kyrkja og religionen i romanen er med på å skape ei kjensle av skam og skuld knytt til visse tankar eller handlingar, som Fanny opplev som syndige. Denne kjensla av

skam er med på å påverke danninga av subjektet, i form av hennar identitet og sjølvopfatning. Vidare kan religionen tolkast som eit verktøy for sosial kontroll i samfunnet, og særleg ovanfor Fanny. I romanen er religionen eit verkemiddel som er med til å legitimere samfunnsmessige normer og familiestrukturar, som avgrensar Fanny sine mogelegheiter til fridom og sjølvstende. Samla sett vil eg seie at kyrkja og religionen spelar ei kompleks rolle i danninga av subjektet, ved å påverke verdiane og oppfatninga hennar av seg sjølv som kvinne.

I romanen er skulen og kyrkja presenterte som institusjonar som er med på å styre samfunnet. Som eit motstykke til dette finn me teateret. Her kan Fanny kjenne på ei kjensle av fridom og lukke som ho ikkje kan oppnå i samfunnet elles. Kjensla av fridom og lukke står i kontrast til kjenslene ho kjenner på i heimen og i kyrkja, der ho føler seg utilstrekkeleg og fanga av strenge rammer. Teateret fungerer som ein fristad for Fanny. På teateret opplever ho ein form for kameratskap og likeverd, som ho ikkje finn nokon stad elles. Dette gjev ho ei kjensle av aksept og verdi. Slik sett påverkar teateret Fanny si danning ved å gje ho eit alternativt syn på livet, og mogelegheit til å drøyme om ei anna verkelegheit enn den ho er dømd til å leve i. I tillegg gjev opplevingane hennar på teateret ho mot til å utfordre autoritetane i livet sitt, og opnar auga hennar for hennar eige potensiale som individ.

Fanny ynskjer å tileigne seg kunnskap, men er stadig hindra av samfunnet sine forventingar og frykt for å verte dømt som ei simpel jente. I forsøk på å forsørgje seg sjølv og verte ei sjølvstendig kvinne tek ho på seg ulike jobbar, men møter stadig på hindringar. Fanny opplever ein indre konflikt mellom ynsket sitt om å følgje sine eigne draumar, og behovet for å tilpasse seg samfunnet sine forventingar for ei ung kvinne. I analysen min har eg gjort greie for korleis Fanny strevar med å oppnå både indre eksistensiell fridom og ytre, konkret fridom. Opplevingar og utfordringar som Fanny kjenner på kan knytast til Simone de Beauvoir sin teori om eksistensiell og konkret fridom.

Hjå Fanny kan me sjå korleis hennar ynskje om fridom og sjølvstende stadig vert motarbeidd av sosiale og økonomiske utfordringar. Fanny har vanskar med å oppnå konkret fridom på grunn av hennar økonomiske situasjon, og avgrensa mogelegheiter på grunn av hennar sosiale status og kjønn. Til tross for fleire forsøk i å oppnå fridom og sjølvstende ser me til slutt korleis Fanny tilpassar seg dei eksisterande patriarkalske strukturane, og dermed aksepterer skjebnen sin som er bunden av hennar sosiale status og kvinnelege kjønn. I samsvar med Beauvoir sin teori kan ein på eit vis seie at Fanny er eit døme på korleis eit individ kan verte forma av både indre ynskjer og pågangsmot, og dei ytre hindringane i samfunnet.

Ved å fjerne seg frå oppsedinga sine strenge rammer opnar det seg ei ny verd for Fanny. Ho engasjerer seg i kvinnesaka og politiske aktivitetar, og oppnår ei kjensle av fridom og formål med livet. Ho må balansere engasjementet sitt for kvinnesaka med arbeidet sitt som bakarjomfru og ansvaret ovanfor mora. Mora og familien tek ikkje Fanny sine radikale tankar, snakk om fridom og sjølvstende på alvor. Dette er med på å skape ein indre konflikt mellom ynsket hennar om fridom og samfunnet sine forventingar til ho som kvinne.

Beauvoir sitt omgrep, kvinna som Den andre, er relevant i samband med Fanny si forankring i det patriarkalske samfunnet og føresetnadane hennar som kvinne. I analysen syner eg korleis mora kan fungere som ein pådrivar for denne teorien, i staden for å bidra til frigjering. Fanny er fanga i ei verd der samfunnet sine forventingar og normer bestemmer kva moglegheiter ho har som kvinne og korleis ho skal definerast. Teorien om kvinna som Den andre tydeleggjer dei ulike måtane som kvinner opplever undertrykking og frigjering i samfunnet. Fanny kjemper sin livs kamp for å finne sin eigen identitet og fridom innanfor strenge rammer som samfunnet har sett for ho som kvinne.

Romanen syner oss viktigheita av kvinnesaka både i historisk kontekst, men også i den fiktive verda. Fanny har endeleg funne eit formål med livet, og kvinnesaka har ein positiv påverknad på danninga hennar som subjekt. I denne perioden går ho gjennom ein prosess der ho utfordrar sine eigne og samfunnet sitt syn på kjønn og fridom. Til slutt bestemmer Fanny at fridomen hennar som individ er viktigare enn materiell- og økonomisk tryggleik. Diverre har Fanny mor si å tenkje på, og ho vert sett tilbake i danninga si som ei fri kvinne.

Gjennom forholdet sitt med Gabriel Gram opplever ho ei rekke eksistensielle og kjenslemessige utfordringar som bidreg til å forme skjebnen hennar. Ho kjenner på lukke og personleg vekst i forholdet sitt med Gabriel. Ho føler at han forstår ho på ein anna måte enn familien gjer, og føler seg verdsett. Dette gjev Fanny ei kjensle av tryggleik og lukke.

Samstundes møter ho på konfliktar og skuffelsar i forholdet. Gabriel vil ikkje forplikte seg til eit varig kjærleiksforhold, som fører til kjærleikssorg for Fanny. Brotet med Gabriel fører til ei identitetskrise og tilbakefall hjå Fanny. Ho føler at draumane hennar om kjærleik og lukke er knust, og dette resulterer i at Fanny vender tilbake til gamle mønster av passivitet og underkasting. Fanny sine opplevingar ved kjærleik bidreg til å forme identiteten hennar og vegen vidare i livet.

Fanny sin endelege skjebne er ei kompleks forteljing om kampen mellom subjektet sine ynskjer og draumar, og samfunnet sine forventingar. Ho strevar med å realisere ynskje sitt om

fridom og sjølvstende i ei verd som er sterkt prega av sosiale hierarki og kjønnsnormer. Gjennom opplevingane hennar er me vitne til korleis samfunnet sine strukturar hindrar ho i å forme sitt eige liv. Til tross for at Fanny viser mot og styrke i forsøka på å frigjere seg sjølv frå den rolla som er sett for ho, vert ho møtt av motstand. Ho er stadig minna på sin underordna posisjon i samfunnet og mora sine forventingar til ho som dotter og omsorgsperson.

I høve subjektssyna som er presenterte av Jonathan Culler har eg i analysen drøfta Fanny som subjekt i ulike livsfasar. Som barn plasserte eg Fanny under det fjerde subjektssynet, skapt og sosialt. Ho er ei ung jente i fattige kår, og er forma og danna ut ifrå menneskja og miljøet som ho er omgitt av. Som barn meiner eg at Fanny framleis har mogelegheit til å bryte med dette subjektssynet då ho ikkje er fast og uforanderleg. Ho kan difor bli forma av framtidige sosiale forhold og skifte i miljø. Som ungdom og konfirmant konkluderte eg med at Fanny høyrer til under det andre subjektssynet, gitt og sosialt. Dette synet er fast og uforanderleg, men er gitt av sosiale forhold. Eg-et er unikt, men det er skapa av sosiale forhold. Det er dette synet som Fanny er mest forankra i gjennom forteljinga.

Som ung vaksen syner ho tendensar til det tredje subjektssynet, skapt og individuelt. Gjennom nye sosiale kretsar og politisk engasjement oppnår Fanny ein form for fridom og utvikling som ikkje tidlegare har vore oppnådd. Til tross for dette har subjektet størst forankring i det andre subjektssynet, gitt og sosialt. Romanen gjev eit bilete av eit subjekt som er danna av omgjevnadane sine, i form av familien og samfunnet. Desse rammene er så sterke at det til slutt ikkje er mogeleg å bryte med subjektssynet. Det er også denne forankringa i samfunnet som er med på å påverke den endelege skjebnen hennar. Fanny si forteljing endar med at ho sel seg sjølv for å forsørgje seg og mora. Eg vil seie at skjebnen hennar illustrerer dei komplekse kreftene som påverkar subjektet i samfunnet, og den skjøre balansen mellom subjektet sin fridom og samfunnet sine forventingar. Til tross for Fanny si personlege utvikling og styrke, endar ho opp med å kue seg for det patriarkalske samfunnet i staden for å bryte med det fullstendig, og verte ei fri kvinne.

I høve bruken av narratologiske verkemiddel i romanen har eg valt å fokusere på forteljarrøysta og fokaliseringa. Ved å nytte variabel fokalisering og ekstradiegetisk forteljar skapar forfattaren eit narrativt miljø der lesaren får tilgang til ulike perspektiv og oppfatningar. Den ekstradiegetiske forteljaren fungerer som ein overordna observatør som står utanfor handlinga, men likevel formidlar den gjennom språket. Denne forteljarrøysta har

ein viss grad av distanse og objektivitet, samstundes som han kan gje uttrykk for egne meiningar. Ved å nytte denne type forteljarrøyst kan lesaren få rom for objektive refleksjonar.

Ved å nytte variabel fokalisering får lesaren eit større innblikk i ulike personar sine tankar, kjensler og perspektiv. Ved å skifte fokalisering mellom fru Holmsen og Fanny kan lesaren blant anna oppnå større empati for mora og hennar situasjon. Dette kan bidra til å skape ei rikare forståing av personane sine motivasjonar og dynamikken deira i forteljinga. Ved å la forteljinga byrje med mora som sansingssenter får lesaren eit innblikk i kor krevjande kvardagen er for ei skild åleinemor, samstundes som me får innblikk i korleis Fanny vert oppfatta av andre personar i romanen. Dette kan bidra til å forme oppfatninga av Fanny som ei belastning og hinder for mora, og understrekar den vanskelege situasjonen dei er i.

Bruken av ekstradiegetisk forteljarrøyst og variabel fokalisering bidreg til å gje lesaren ulike perspektiv og ei meir utfyllande framstilling av fru Holmsen og Fanny som individ. Dette gjer at me ikkje berre ser dei som figurar i ei historie, men som menneskjer med djupne og kjensler som er forma av erfaringane deira og ein samfunnsmessig kontekst i forteljinga.

For å danne eit heilskapleg bilete av romanen og Fanny sin skjebne har eg i oppgåva mi valt å gjere kort greie for den historiske konteksten bak skapinga av *Hjå ho mor*. Til tross for at hovudtyngda av arbeidet mitt er ei analyse av Fanny som subjekt, meiner eg at det kan vere fruktbart å sjå på romanen i lys av samtida. Dette ynskjer eg å gjere for å gje eit breiare perspektiv på romanen og den samtidsaktuelle tematikken som er å finne i forteljinga. I høve Fanny sin skjebne i den fiktive forteljinga, ynskja eg å sjå på kor vidt denne kan lesast som eit innlegg i moraldebatten.

I korte trekk vil eg difor seie at Fanny sin skjebne reflekterer 1880-åra sin moralske debatt og samfunnsnormer. Fanny sin kamp for fridom og verdigheit kan illustrere samtida sine kvinner sin kamp for likestilling og rettigheter. Samla sett fungerer Fanny si forteljing som eit innlegg i samtidsdebatten og rettar lyset mot samtida sine samfunnsproblem. Fanny sin skjebne kan tolkast som eit bevisst val frå forfattaren si side, for å utfordre lesaren til å reflektere over samfunnet sine problem og kvinna sin plass i det.

I problemstillinga mi spør eg korleis vert Fanny danna som subjekt? Gjennom arbeidet mitt med Fanny og *Hjå ho mor* vil eg seie at subjektet vert danna gjennom eit komplekst samspel mellom ulike faktorar i livet hennar. Her vil eg syne til oppsedinga frå mora, som er prega av religiøs frykt, splitta mentalitet kring klasseskilje og fysisk straff. Vidare vil eg peike på kyrkja og det religiøse som moralske rettleiarar, men også som verktøy for sosial kontroll.

Kyrkja og skulen representerer institusjonar som hindrar Fanny i å oppnå total fridom, samstundes som teateret representerer ein fristad for utforsking av identitet og draumar. Forholdet hennar med Gabriel spelar også ei sentral rolle, der både lukke og sorg bidreg til utvikling. Ut ifrå informasjonen som har kome fram i oppgåva mi, vil eg til slutt seie at Fanny vert danna som subjekt gjennom komplekse interaksjonar mellom individuelle og sosiale faktorar.

7.2 Litteraturliste og kjelder

Litteraturliste

- Aaslestad, Petter. *Narratologi, En innføring i anvendt fortelle teori*. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag AS, 1999
- Bell, Timenes Åslog. *Er Mama og Mor den same? Ein tekstkritisk analyse av Arne Garborgs Hjaa ho Mor i tre utgåver*. Masteroppgåve i nordisk språk og litteratur, Universitet i Oslo, 2015
- Beyer, Edvard. *Norges litterathistorie. Bind 3, Fra Ibsen til Garborg*. Oslo: Cappelen Forlag AS, 1991
- Bjørnson, Bjørnstjerne. *Bjørnstjerne Bjørnsons: Breve til Alexander L. Kielland*. Utgitt av Francis Bull. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1930
- Culler, Jonathan. *Literary theory. A Very Short Introduction*. New York: Oxford University Press, 2011, 2. utgåve
- Dale, A. Johs. *Studiar i Arne Garborgs språk og stil*. H. Aschehoug & Co, Oslo, 1950
- De Beauvoir, Simone. *Det annet kjønn*. Oslo: Pax Forlag AS, 2000
- Elster, Kristian. *Illustrert norsk litteraturhistorie. II. Fra Wergelandstiden til vore dage*. Kristiania: Gyldendalske Bokhandel, 1924
- Elster, Kristian. *Illustrert norsk litteraturhistorie. Femte bind. Åtti- og nittiårene*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 2. utgåve, 1934
- Garborg, Arne. *Bondestudentar*. Aschoug & Co, Oslo: [1883] 1974 og 2001
- Garborg, Arne. *Fri Skilsmisse. Indlæg i diskussionen om kjærlighed*. J. W. Eides Bogtrykkeri, Bergen, 1888.
- Garborg, Arne. *Hemn*. 1887.
- Garborg, Arne. *Hjå ho mor*. H. Aschoug & Co, Oslo: [1890] 1980 og 2001
- Garborg, Arne. *Mannfolk*. H. Aschoug & Co, Oslo: [1886] 1979
- Garborg, Arne. *Mogning og manndom. Brev II*. Oslo: H. Aschehoug & Co, 1954

- Garborg, Arne. *Trætte mænd*. H. Aschoug & Co, Oslo: [1891] 1980
- Genette, Gérard. *Narrative discourse. An Essay in Method*. New York: Cornell University Press, 1980
- Glad, Pål. *Arne Garborg: «Hjaa ho mor»*. Hovudoppgåve, Oslo, 1971
- Gran, Gerhard. «Arne Garborgs: «Hjaa ho mor»». *Samtiden* 1890, nr.1: 276-279
- Hagemann, Gro, Melby, Kari, Sandvik, Hilde, Øye, Ingvild, Blom, Ida (red.) og Sogner, Sølvi(red.). *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet*. Oslo: Cappelens Forlag AS, 2014
- Hirsch, Marianne. *The mother/daughter plot. Narrative, Psychoanalysis, Feminism*. Indiana University Press, Indianapolis, 1989
- Jæger, Henrik. *Illustrert norsk litteraturhistorie Bind II. Femte tidsrum 1869-1890 - Den realistiske problemdigting*. Kristiania: Hjalmar Biglers Forlag, 1896
- Mortensen, Ellen, Egeland, Cathrine, Randi Gressgård, Cathrine Holst, Kari Jegerstedt, Sissel Rosland og Kristin Sampson (red.) *Kjønnsteori*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS, 2008
- Oppegaard, Berit. *En drøfting av kvinneproblemer i Arne Garborgs: «Hjaa ho mor»*. Hovudoppgåve, Oslo, 1973
- Seljeskog, Reidun. *Arne Garborgs Hjaa ho mor. Ein roman om en kvinnes oppdragelse*. Hovudoppgåve, Bergen, 1976
- Solheim, Egil. *Arne Garborg: Hjaa ho mor. Ein litterær analyse*. Hovudoppgåve, Bergen, 1972
- Thesen, Rolv. *Ein diktar og hans strid. Arne Garborgs liv og skrifter*. Oslo: H. Aschehoug, 1945

Avismeldingar og bokmeldingar

Nasjonalbiblioteket. Avismelding frå Bergens Tidende, 28.03.1890.

<https://www.nb.no/items/03ff42d3d5a35ca97b2fe32e61f22810?page=1> Henta

28.05.2023

Nasjonalbiblioteket. Avismelding frå Dagbladet, 21.03.1890.

<https://www.nb.no/items/66ee7d49eb3867723f00e3285e18d4b4?page=1&searchText=garbor>

g Henta 28.05.2023

Nasjonalbiblioteket. Avismelding frå Dagbladet, 13.14.1890.

<https://www.nb.no/items/66ee7d49eb3867723f00e3285e18d4b4?page=1> Henta

15.06.2023

Nasjonalbiblioteket. Bokmelding i Tunsbergaren, datert 18.04.1890.

<https://www.nb.no/items/34af756f1f3ecaa00bd17cd6cf7c6309?page=1&searchText=Garborg>

Henta 02.02.2024

Nasjonalbiblioteket. Bokmelding i Nordmannen, datert 08.05.1890. Signert Kr. O. Norlid.

<https://www.nb.no/items/85d9e86687d15cec4d416a5f14fa15a3?page=0&searchText=Garbor>

g Henta 02.02.2024

Nasjonalbiblioteket. Bokmelding i Nordmannen, datert 22.05.1890. Signert Rasmus

Steinsvik.

<https://www.nb.no/items/51e6cfd77661d9053b9c022e7c013518?page=1&searchText=Garbor>

g Henta 02.02.2024

Andre internettkjelder

Kvinnehistorie.no «Kvinnens stemmerett til debatt i Stortinget i 1890».

<https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-1629> Henta 01.05.2024

Høysang, Sangenes sang av Salamo. <https://bibel.no/nettbibelen/les/nb-2011?book=SNG>

Henta 01.11.2023

Store Norske Leksikon. <https://snl.no/bohembevegelsen> Henta 19.11.2023

Store Norske Leksikon. https://snl.no/Camilla_Collett Henta 17.11.2023